

FRAMSTEGSRØRSLA: FOR FAGORGANISERTE FLEST?

Framstegspartiet sitt syn på LO og arbeidslivspolitikk
1973 – 2007



Erling André Flote

Masteroppgåve i historie

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

Universitetet i Bergen

Våren 2008

Innhaldsliste

FORORD.....	3
KAPITTEL 1. INNLEIING	4
UTGANGSPUNKT FOR TEMA, OG PROBLEMSTILLING.....	4
AVGRENSING OG DISPOSISJON	5
METODISKE UTFORDRINGAR	7
HISTORIOGRAFISK OVERSYN	9
KJELDER.....	11
KAPITTEL 2. FRÅ PROTEST I SAGA KINO TIL LIBERALISME PÅ LØVEBAKKEN (1973-1989)	14
ALP: PROTESTPARTIET	15
FRAMSTEGSPARTIET OG ARBEIDSLIVSPOLITIKKEN	16
FRP: EIT LIBERALISTISK PARTI?.....	22
VALKAMPEN I 1989: FRP-OFFENSIV MOT LO	25
OPPSUMMERING	29
KAPITTEL 3. EIT FOLKEPARTI I EMNING? (1990-1998)	32
PROFILENDRING, VALNEDERLAG OG INDRE STRID	32
SOLIDARITETSALTERNATIVET	38
OPPGJERET	42
FREDSTID?.....	47
OPPSUMMERING	49
KAPITTEL 4. NYE STRATEGIAR (1999 – 2004).....	51
SAMARBEIDSSTRATEGIEN	51
DET FAGLEG-POLITISKE SAMARBEIDET OG VALET 2001	56
SJUKELØNSORDNINGA	61
”VI ER DET NYE ARBEIDARPARTIET!”	66
EROBRINGSSTRATEGIEN	68
KAPITTEL 5. TIL KAMP MOT PAMPEVELDET (2005-2007).....	71
VALKAMPEN 2005.....	71
ARBEIDSLIVSPOLITIKKEN	79
EIT OPPRØR NEDANFRÅ	85
FAGPOLITISK UTVAL – EROBRINGSSTRATEGIEN I PRAKSIS	89
”VI ER I RUTE”	95
KAPITTEL 6. KONKLUSJON	98
LITTERATUR OG KJELDER	103

Forord

I skrivande stund leggast siste hand på verket på det toårige arbeidet med denne masteroppgåva. Det har vore ein utfordrande og intens, men til gjengjeld svært lærerik og kjekk prosess. Når denne prosessen no er ved vegs ende er det mange eg skuldar ei stor takk.

Den første eg vil takke er min rettleiar Øyvind Bjørnson som gjekk bort så alt for tidleg i desember 2007. Øyvind var ein inspirerande og fagleg svært dyktig rettleiar, som samstundes som han sette krav var han òg oppteken av og flink til å gje ros. Hans gode humør og vinnande vesen gjorde samarbeidet enkelt og godt. Det er trist at Øyvind ikkje fekk sjå det ferdige resultatet av oppgåva. Valet av temaet for oppgåva mi kan på mange måtar tilskrivast han.

Jan Heiret og Sissel Rosland som rettleia meg gjennom siste etappe fortener begge stor takk. Det er ei utfordring å ta over rettleiaransvaret for ei masteroppgåve i siste semester. Eg synes dette trepartssamarbeidet har fungert godt, og det ført til mange interessante diskusjonar, og konstruktive og hyggelege rettleiingsmøte.

Mine medstudentar ved historie master skal også takkast. Verdien av eit godt sosialt miljø på faget skal ikkje undervurderast. Eg vil også takke gode vener for oppmuntringar undervegs, og familien min som alltid har støtta meg.

Til slutt vil eg rette ei stor takk til mi kjære Henriette som har vore mi viktigaste støtte både på og utanfor lesesalen, og har hjelpt meg å handtere presset og stresset ein så intens arbeidsprosess har ført med seg.

Bergen, mai 2008

Erling Andrè Flote

Kapittel 1. Innleiing

Utgangspunkt for tema, og problemstilling

Det er med takknemlighet og stolthet at jeg vet at Fremskrittspartiet er liv laga. Og at vi har bygget en organisasjon som er solid, en organisasjon som uansett resultatet i kveld (...) [har lagt] grunnlaget for en annen drøm, nemlig at Fremskrittspartiet skal bli i dette århundret det Arbeiderpartiet var i det foregående århundret.¹

Med desse orda takka partiformann Carl I. Hagen sine partikollegar for innsatsen under Framstegspartiet (FrP) si valvake ved Stortingsvalet i 2005. Valresultatet vart tidenes beste for partiet. FrP fekk 22,1 prosent av røystene til folket, og vart med det landets nest største parti. Partiet fekk også sterke økningar i oppslutnaden mellom veljarar som var medlemmar av Landsorganisasjonen i Noreg (LO), Noregs største lønstakarorganisasjon. 17 prosent av LO-medlemmane røysta på partiet, og dette til trass for at leiinga i LO hadde åtvara medlemmane mot å røyste på FrP, som dei hevda ville gjennomføre ein fagforenings- og arbeidarfiendtleg politikk. FrP hadde også gjennom heile valkampen angripe LO-leiinga, og særskilt for det nære fagleg-politiske samarbeidet med Ap. Leiinga i FrP oppmoda LO-medlemmane til å røyste på FrP, som dei hevda no var det nye arbeidarpartiet.

I oppgåva skal eg studere FrP sitt syn på LO i frå opprettinga av Anders Langes Parti i 1973 og til 2007. Den overordna hovudproblemstillinga for oppgåva er:

Korleis har FrP sitt syn på LO og arbeidslivspolitikk utvikla seg frå 1973 til 2007?

Eg vil undersøke korleis synet på LO og arbeidslivspolitikk har utvikla seg i denne perioden gjennom tre nivå:

- Korleis har synet på LO og arbeidslivspolitikken til partiet vore formulert i partiprogramma til FrP?
- Kva standpunkt har partiet teke i sentrale arbeidslivssaker i Stortinget og offentlege utval? Korleis har synet på LO vorte formidla her?
- Korleis har FrP omtala LO og arbeidslivspolitikken i aviser, talar o.l.

¹ Hagen, Carl I. 2005: *Drømmen i oppfyllelse*. 19. september. (Tale).

I følgje handlingsprogrammet til LO er organisasjonens hovedoppgåver å arbeide for arbeid for alle og å sikre gode løns- og arbeidsvilkår for medlemmane.² For å kunne undersøke FrP sitt syn på LO må ein studere FrP sine haldningar i politiske saker som er viktige for LO. Strategisk utvalte saker i oppgåva er synet på løns- og inntektpolitikk, synet på arbeidsmiljølova og synet på sjukelønsordninga. Eit sentralt spørsmål i oppgåva vil også vere om det har vore kontinuitet eller endring i FrP sitt syn på LO og arbeidslivspolitikk i perioden. Også dette spørsmålet vil operasjonaliserast gjennom dei tre nemnte nivåa. Det er også interessant å undersøke om indre endringar i FrP har endra synet på LO og synspunkta i arbeidslivspolitikken?

FrP sitt syn på LO kjem i første rekke til synet gjennom partileiinga og i alle fall sentrale politikarar i partiet, men det kan også visast gjennom diskusjonar i partiet og andre aktørar i partiorganisasjonen. I forhold til det tilgjengelege kjedematerialet er det i størst grad partileiinga og stortingsgruppa som uttalar seg om LO. Mot slutten av perioden er det likevel ei auke i det ein kan kalle vanlege FrP-medlemmar som uttalar seg om sitt syn på LO i partiavisa *Fremskritt*. Det vil vere naturleg også å undersøke kva desse røystene legg vekt på i sine innlegg. Det vil også vere interessant å undersøke korleis FrP har freista å tilnærme seg LO og LO-medlemmane gjennomperioden, og om det har vore endring i tilnærningsmetodane.

Avgrensing og disposisjon

Oppgåva skal altså ta for seg tida fra Anders Langes Parti såg dagens lys i 1973, og fram til 2007. Oppgåva er bygd opp av seks kapittel, inkludert innleiing og konklusjon, og vil ha ein overordna kronologisk struktur. Her fylgjer ein kort gjennomgang av kapittelstrukturen:

Kapittel 2 tek for seg perioden frå 1973-1989. Var det endring eller kontinuitet i synet på LO og arbeidslivspolitikk som vart formidla i partiprogramma i perioden? I 1982 la finanskomiteen på Stortinget fram ei innstilling om inntektpolitikken, her la FrP-formann Carl I. Hagen fram eit forslag som tydlegjorde FrPs syn på organiseringa av arbeidslivet, eg vil sjå på dette forslaget. I 1983 erklærte Hagen at FrP skulle bygge på ein liberalistisk ideologi, kva hadde dette å seie for synet på LO og for arbeidslivspolitikken? Valkampen i 1989 vil verte spesielt veklagt i kapitlet, då FrP og LO i denne valkampen sette spesielt fokus på kvarandre.

² Handlingsprogram for LO, 2005-09: 6.

Kapittel 3 skal omhandle perioden 1990-98. Synet på LO og arbeidslivet vil her verte undersøkt parallelt med endringane som føregjekk i partiet. Det var stor uro og indre strid i partiet i byrjinga av denne perioden. Dette kulminerte i eit oppgjer på FrP-landsmøtet i 1994. Påverka dei indre endringane i partiet synet på LO og arbeidslivspolitikk? Arbeidsløysa var stor i landet ved byrjinga av 1990-åra, og Carl I. Hagen var i 1992 ein av deltagarane i sysselsettingsutvalet som skulle finne ein strategi for å redusere dette problemet. Hagen la fram ei mindretalsinnstilling, og var med det den einaste som skilde seg frå det klare fleirtalet i utvalet. Eg skal i dette kapitlet sjå nærmare på denne innstillinga, der Hagen la fram ein handlingsplan for korleis mellom anna arbeidslivet burde organiserast. Oppgjeret i 1994 førte til at den liberalistiske fløya forlét partiet. Det vil difor vere interessant å undersøke om dette gjorde utslag i form av endringar i arbeidslivspolitikken og omtalen av LO. Var det kontinuitet eller endring i synet på LO og arbeidslivspolitikk i perioden?

Kapittel 4 skil seg noko frå dei to føregåande fordi FrP no går inn i ei ny fase; karakterisert av tankar om regjeringsmakt. Kapitlet tek for seg perioden 1999-2004, og skal ha hovudfokus på strategiar FrP hadde for å oppnå regjeringsmakt. Tidsperioden startar ved startpunktet til det eg har kalla *samarbeidsstrategien* frå 1999 og sluttar ved overgangen det eg har kalla *erobringsstrategien* i 2004. Desse to strategiane la til grunn ulike tilnærmingar overfor LO i partiets jakt på regjeringsmakt. Også LO endra strategi i perioden. Etter stortingsvalet i 2001 vart mellom anna banda til Ap styrka. Var dette grunnen til at FrP måtte endre strategi? Påverka dei styrka banda mellom LO og Ap synet på LO? Sjukelønsordninga skulle vise seg å verte ei viktig sak ved valet i 2001, og FrPs haldningar til denne er eit interessant inntak til å kaste lys over arbeidslivspolitikken til partiet.

Kapittel 5 tek for seg tida like før, og etter Stortingsvalet i 2005. Kapitlet vil ha tre hovudfokus. Det første er valkampen i 2005: Korleis omtalte FrP LO under valkampen? Det andre er arbeidslivspolitikken til partiet: Var det endring eller kontinuitet i arbeidslivspolitikken til FrP i forhold til Stortingsvalet i 2001? Ei viktig sak rundt dette Stortingsvalet var debatten om endringar i arbeidsmiljølova. Arbeidsmiljølova er i så måte eit anna inntak til å undersøke arbeidslivspolitikken til partiet. Korleis stilte FrP seg i denne saka? Korleis argumenterte partiet i saka, og kva seier denne saka om synet på LO? Det tredje hovudfokuset i kapitlet er korleis FrP arbeidde med fagforeningspolitikk, og for å nå dei målsettingane som vart lagt i strategiane oppgåva tok for seg i kapittel 4. Partiet nedsette

mellan anna eit fagpolitisk utval i 2006. Kva ønskte FrP å oppnå med sitt fagleg-politiske engasjement. Endra dette synet på LO?

Metodiske utfordringar

Denne oppgåva tek for seg ein relativt lang tidsperiode på nærmare 35 år, og går heilt inn i vår samtid. Å arbeide med historie nær si eiga samtid kan i seg sjølv vere ei utfordring. Jan Heiret skildrar denne utfordringa: ”Jo nærmere vi kommer vår egen tid, jo vanskeligere er det å trekke historiske linker. Mangel på analytisk distanse kan gjøre det vanskelig å skille vesentlig fra uvesentlig.”³ Å skrive historia til si eiga samtid set krav til historikaren. Framstillingsforma historikaren veljer kan også styre lesaren si forståing, det er derfor viktig å vere bevisst på forma ein vel.

Framstillingsforma i denne oppgåva er narrativ, det vil seie forteljande. Denne forma har fleire kjenneteikn. Den har kronologisk struktur, og det er gjerne eit bestemt tidsforhold mellom elementa i forteljinga. Forteljinga er tidsavgrensa og inneheld gjerne ei byrjing, ein midtdel og ein slutt, og faseinndelinga markerar ofte overgangen frå ein tilstand til ein annan. Forteljinga må også ha eit samlande tema, som gir dei indre delane einskap og ytre avgrensing.⁴ Den narrative historieforma er langt i frå ei ny formidlingsmetode. Gjennom alle tider har historier vorte fortalt, og denne forma stod sterkt i eldre historieskriving. Den forteljande forma har i følgje Knut Kjeldstadli klare fordelar i at den eignar seg for å skape spenning, innleving og underhaldning i historieteksten. Narrasjonen opnar for eit meir levande og flytande språk.⁵ Den kan altså gjøre det enklare for historikaren å skape ei drivande og fengjande forteljing. Det er likevel viktig å vere klar over dei problema og fellene som narrasjonen kan leie ein ut i.

Det er viktig å tydleg signalisere at det er ein forteljar i historia. Gjer ein ikkje det, hevdar Kjeldstadli, kan ein gi framstillinga eit skinn av å vere den einast tenkjelege.⁶ I denne oppgåva har eg i stor grad teke i bruk direkte sitat. Ofte talar desse for seg sjølv, og ein skal gje desse sjansen til å gjere nettopp dette. Det er likevel viktig å tydleg markere når det er historikaren som snakkar og når det er aktørane i historia som har ordet. Historikaren må ikkje gløyme at ho eller han konstruerar framstillinga, og mellom anna set sitata inn i samanhengen. Lesaren

³ Heiret 2003: 179.

⁴ J.f. Dahl 2004: 82, Kjeldstadli 1999: 298.

⁵ Kjeldstadli 1999: 298.

⁶ Kjeldstadli 1999: 298.

skal heller ikkje kunne gløyme dette. Det levande narrative språket må ikkje verke slik at det tileignar aktørane i historia meiningar og synspunkt dei ikkje har, eller som er historikaren sine eigne. Den narrative forma rommar i følgje Kjeldstadli minst to plan. Det består av ein ”story” som fortel om dei enkelte hendingane som ligg opent for dagen.⁷ I tillegg til storyen har også den narrative forma det vi kan kalle eit ”plot”, den djupare grunnstrukturen i handlinga. Kjeldstadli skriv: ”Når historikere ikke er seg bevisst dette, kan fortellingen komme til å bety noe helt annet enn det som direkte *sies* i teksten.”⁸ Ein må unngå å verte fanga av sitt eige plot.

Den amerikanske historikaren Hayden White er ein av vår tids mest markante og kontroversielle historieteoretikarar. Grunnen til dette var at han samanstilte og samanlikna den historiske teksten med den skjønnlitterære.⁹ White utforska forholdet mellom historie og forteljing, og hevda at alt for mange historikarar ikkje hadde eit medvite forhold til dei ulike fortolkande operasjonane som føregår i ein skriveprosess. Dermed skapar ein ei framstilling ut i frå ei førestilling om at sanninga kjem fram i forteljinga ein finn i kjeldematerialet. I følgje White er historieskrivinga alltid narrativ, medan den fortidige røyndomen aldri er det. Den narrative framstillinga vert difor først eit problem når vi ønskjer å gi verkelege hendingar form av ei forteljing, hevda han.¹⁰ ”Vi lever ikke fortellinger, selv om vi gir livet vårt mening ved at vi i tilbakeblikk former det til fortellinger,” hevda White.¹¹

Paul Knutsen viser til seks kjenneteikn for det han har karakterisert som analytisk narrasjon. Desse kjenneteikna er fylgjande: Forteljinga må handle om menneske som kan identifiserast, den må utspele seg over ei tidsakse, og ha eit kommunikativt forhold til andre historiske arbeid. Forteljinga må ha ein narrativ forklaringsmodell, med det meinar Knutsen at forteljinga skal sigre over rein kronologi ved at det medvite vert etablert eit plott. Forteljinga skal ha ein ambisjon om at det som vert fortalt er sanning, og det historiske grunnsørsmålet om kontinuitet eller brot skal stillast.¹² Elementa i Knutsens kjenneteikn har vore ein del av ein refleksjonsprosess i arbeidet med framstillinga av denne oppgåva.

⁷ Kjeldstadli 1999: 300.

⁸ Kjeldstadli 1999: 300.

⁹ Nordland 2003: 8.

¹⁰ White 2003: 58.

¹¹ White 2003: 29.

¹² Knutsen 2002: 42.

Historiografisk oversyn

Det er skrive nokså lite faglitteratur om FrP. Denne oppgåva er unik når det kjem til å undersøke FrP sitt syn på LO og arbeidslivspolitikk over lengre tid. Det er mi oppfatning at ein stor del av den litteraturen som er skrive om FrP stort sett har hatt som formål å forklare veljaroppslutnad, eller karakterisere partiet som eit høgrepulistisk parti. Det fins oppsiktsvekkjande lite saksbasert forsking på området. Nokre bøker er likevel innom moment som kan vere interessant å diskutere og undersøke i høve problemstillinga til denne oppgåva. Den seinare tids trend har vore å freiste å knekke den såkalla FrP-koda. Magnus Marsdal skildrar dette i boka *Frp-koden. Hemmeligheten bak Fremskrittspartiets suksess*: ”Jeg tror begrepet FrP-koden har festet seg fordi det er noe ubegripelig, tilslørt og uforståelig i det som foregår, for mange av oss som har hjertet på venstresiden.”¹³ Marsdal har ein klar politisk agenda med boka. Slik skil hans formål seg frå mitt. I boka freistar Marsdal å forstå kvifor arbeidarar flokkar seg om FrP. Han ser samstundes på arbeidslivspolitikken til FrP, basert i stor grad på partiprogrammet i 2005.

Marsdal hevdar at FrP sjeldan framhevar, og til og med held tilbake informasjon om arbeidslivspolitikken partiet står for. ”Hvorfor er det sånn at mange av arbeidervelgerne til Frp virker så lite oppmerksomme på kva partiet faktisk står for når det gjelder arbeidsliv, fordeling og rettigheter? Jeg tror svaret er at Carl I. Hagen og hans parti helt bevisst har holdt dette unna oppmerksamheten til folk flest.”¹⁴ Marsdal hevdar Hagen målretta har innsmigra seg hjå vanlege folk for å få dei til å tru at partiet er noko anna enn det det er. Desse påstandane er relevante for denne oppgåva. På bakgrunn av studien av utviklinga av synet på LO, og utviklinga av arbeidslivspolitikken, vil det vere mogleg å vurdere Marsdal sine påstandar nærare.

Eg vil hevde at alt for lite av den litteraturen som finst gir eit heilskapleg bilet av politikken til partiet. FrP vert, som eg har vore inne på, ofte karakterisert eit populistisk protestparti ytterst ute på høgresida i politikken. Oversynshistorieverka til mellom anna Edgeir Benum og Berge Furre verkar å støtte seg til denne karakteristikken. I høve stortingsvalet i 1997, då FrP fekk 15,3 prosent av røystene og vart støttegrunnlag i stortinget for sentrumsregjeringa til KrF, Venstre og Sp, skriv Furre: ”Protestpartiet, som tidlegare var isolert i dei fleste spørsmål,

¹³ Marsdal 2007a: 14.

¹⁴ Marsdal 2007a: 274.

vart no ”teke inn i varmen” i eit storting med mange parti og skiftande alliansar i saker.”¹⁵ Frå dette vart skrive har mykje endra seg. Partiet har gått frå å vere ei protestrørsle mot skattar og offentleg formynderi, til å verte det nest største partiet på Stortinget. Harald Berntsen skildrar partiutviklinga: ”Partiet er heller ikke lenger ei løs samling med bygdetullinger som er avhengig av Carl I. Hagens popularitet til enhver tid, men landets trolig best organiserte og skolerte parti.”¹⁶ Skal ein seie noko om fenomenet FrP må ein studere politikken over tid.

I si bok har Marsdal intervjuet fleire arbeidarar som har byrja å røyste FrP framfor Ap og spurt dei om årsakene til dette. Han hevdar at mykje av løysninga på FrP-koda kan finnast i arbeidarsjela. FrP appellerar det kulturelten synes er ”harry”, det vil seie det som i stor grad appellerar til mange i arbeidarklassen. Marsdal hevdar: ”Det er derfor Siv Jensen gladelig gir journalistene sitater som dette: ”Jeg kan leve godt med å være litt harry.” FrPs kulturkode er enkel: Ta avstand fra dem som tar avstand fra folk flest.”¹⁷ Også i boka *Folkepartiet?* med redaktørane Håvard Nilsen og Chr. Anton Smedshaug freistar personar med bakgrunn i den politiske venstresida å forstå og forklare framgangen til FrP ut i frå ulike tema. Håvard Nilsen ser mellom anna på partiutviklinga og han peikar på at partiet utover 1990-talet gjennomførte eit hamskifte ”fra en kamp for lavere offentlige utgifter var satsing på bedre velferd nå blitt en kampsak.”¹⁸ Han hevdar at partiet i denne perioden bevisst freista å bygge eit folkeparti, etter mønster av Ap. Også Nilsen peikar på ein politisk symbolkamp mot Ap. Eit interessant kapittel i boka er ”FrP-skolen” av Marte Nilsen. Ho ser på korleis partiet har bygd organisasjonen ved hjelp av skulering og kursverksemd, etter mønster av det gamle Ap. I denne oppgåva har eg undersøkt korleis FrP har drive slik verksemd overfor sine veljarar i LO.

Det er også skrive enkelte biografiar om Carl I. Hagen, både av Hagen sjølv, men også uautoriserte biografiar som til dømes den som er skrive av Jan Ove Ekeberg og Jan Arild Snoen. Det er fleire problem som kan oppstå når ein brukar biografiske verk som støttelitteratur. Ein kan ikkje rekne med ei objektiv skildring av enkeltsaker i ein biografi skrive av aktøren sjølv. Hagen sin biografi har eg nytta som eit verkty for å formidle hans meningar i enkeltsaker. I så måte ser eg på biografien som ei primærkjelde. Ved bruk av uautoriserte biografiar må ein ha bakrunnen og formålet til forfattarane i tankane. Jan Arild

¹⁵ Furre 2001: 497.

¹⁶ Berntsen 2007: 245.

¹⁷ Marsdal 2007a: 178.

¹⁸ Nilsen, Håvard 2007: 19.

Snoen har vore aktiv tillitsmann i FrP, og var ein av dei ivrigaste liberalistane som etter konfliktar med Carl I. Hagen meldte seg ut av partiet under landsmøtet på Bolkesjø Hotell i 1994.¹⁹ Ein må ta omsyn til at Snoen sine subjektive oppfatingar av ulike saker kan farge det som skrivast i boka. Sidan Snoen trekte seg ut av partiet etter oppgjeret med Hagen, er det nærliggjande å tru at dei to ikkje deler same mening i mange saker. Når eg har brukt boka til Ekeberg og Snoen har den kjeldekritiske vurderinga vore svært viktig.

Mi analyse vil dekke eit hol i forskingslitteraturen om FrP. I så måte er den også eit bidrag til forståinga av norsk politikk dei siste 35-åra. Formålet er, i motsetnad til mykje av den føreliggande litteraturen, ikkje å freiste å knekke FrP-koda eller å forklare kvifor LO-medlemmar røystar FrP, men å gje eit bidrag til ei meir heilskapleg forståing av partiet sitt syn på LO og arbeidslivspolitikken. Oppgåva kan slik også vere med å seie noko om FrP som parti.

Kjelder

Eg har i denne oppgåva vore igjennom eit stor og omfattande kjeldemateriale. Den relativt lange tidsperioden denne oppgåva dekkar er ei årsak til dette. I startfasen av denne oppgåva søkte eg om tilgang til arkivet til FrP. Det fekk eg ikkje. Eg har likevel vore igjennom eit omfangsrikt kjeldesøk, og eg meiner eg til skrivinga av oppgåva har funne mange relevante og gode kjelder. Bruken av mange ulike kjelder har også vore eit heilt medvite val. I denne oppgåva har det vore viktig å vise mange sider ved FrP sitt syn på LO, og det er då viktig og naudsynt å ha eit variert og godt kjeldemateriale i ryggen som kan vise desse sidene frå ulike vinklar. Kjeldemateriale kastar lys over dei tre nivåa frå operasjonaliseringa av problemstillinga.

Den offisielle politikken til eit parti står nedskrive i partiprogrammet. Desse vert vanlegvis vedtekne ved landsmøtet kvart fjerde år, det vil seie til kvar nye stortingsperiode. Eg har gjennom Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD), fått til gang til alle partiprogramma til FrP i perioden 1973-2001 på CD. Programmet for perioden 2005-2009 fekk eg tilgang til gjennom FrP si heimeside på internett. Eg har studert desse programma for å undersøke korleis synet på LO og arbeidslivspolitikk har vore formulert i desse i gjennom tidsperioden til oppgåva.

¹⁹ Ekeberg og Snoen 2001: 7-8.

Også referat frå stortingsforhandlingar, og innstillingar frå utval og stortingskomitear og Noregs offentlege utgreiingar (NOU), viser den politiske ståstaden til eit parti. Å sjå på korleis partia røyster og uttalar seg i stortinget er ein god måte å finne ut om det er samsvar mellom liv og lære, altså om politikken partiet vedtek i partiprogramma vert fylgt. Desse kjeldene er direkte uttalte eller nedskrivne av representantar frå partiet, utan at nokon har hatt høve til å vri og vende på dei. Kjeldene har vore viktige når eg har drøfta om det er endringar eller kontinuitet i arbeidslivspolitikken til FrP i perioden.

Partiavisa til FrP, *Fremskritt*, har også vore ei sentral kjelde. I denne har eg funne referat frå landsmøte, leiarartiklar frå partileiinga og diskusjonar i partiet. Partiavisa har sjølvsagt utvikla seg gjennom tidsperioden i oppgåva. Tidleg på 1990-talet verka avisa som eit opent forum, der fløyene i partiet fekk høve til å ytre ulike meininger. Avisa vart difor ei svært god kjelde for å studere uroa i partiet og det påfylgjande oppgjeret i 1994, jf. kapittel 3. Her kom begge sider av saka fram, både dei som var kritiske til partileiinga og dei som var kritiske til desse kritikarane. Det er mi oppfatting at denne forma for diskusjon og meiningsbryting er dempa utover 1990-talet og i alle fall etter tusenårsskiftet. Dette kan bety at leiinga i partiet i større grad har teke over kontrollen over partiavisa. Dette hevdar i alle fall Jan Ove Ekeberg og Jan Arild Snoen i sin uautoriserte biografi om Carl I. Hagen:

Tidligere hadde partiavisen hatt åpne spalter. Under oppgjøret foran Bolkesjø tok avisens aldri stilling for noen av partene. Fra årsskiftet 1999-2000 var *Fremskritt* blitt medlemsavis, slik at partiledelsen garatert kan nå alle medlemmer med sin tolkning av indre stridigheter. Dette var et ledd i Hagens arbeid for å styrke sin egen og partiledelsens kontroll. Etter omleggingen til medlemsavis blir *Fremskritt* et redskap for partiledelsen mot opposisjonen.²⁰

Men endringa kan også vere eit resultat av at partiet faktisk var meir samla i åra etter Bolkesjø-oppgjeret. For meg har *Fremskritt* vore ei viktig kjelde for å studere FrP sitt syn på LO. I *Fremskritt* verkar både leiinga og grasrota i partiet nokså samkøyrd i dette synet. Mot slutten av perioden byrja fleire og fleire LO-medlemmar å stå fram med sitt FrP-standpunkt i avisa. Partiavisa gir i ein del tilfelle eit klarare innsyn i FrP sine haldningar i ulike saker enn det riksavisene kan gi.

Riks- og dagsaviser har også vore viktige kjelder, mellom anna til å studere korleis FrP har omtala LO og arbeidslivspolitikken i perioden. Ved å bruke den gode søkemotoren til Atekst,

²⁰ Ekeberg og Snoen 2001: 333.

som er eit internettarkiv som lagrar avisartiklar frå dei store norske riksavisene, samt ein del av dei større regionalavisene, har eg fått tilgang til artiklar frå heile det aktuelle tidsrommet for oppgåva. Aviser som kjelde, gir tilgang til direkte sitat og situasjonar. Avisartiklane eg har vore ute etter er først og fremst artiklar som skildrar hendingar, og som vektlegg direkte sitat frå talar, intervju og liknande. I mange tilfelle har innhaldet vore det same i fleire ulike aviser. I nokre tilfelle har avisartiklane opna for spesielle kjeldekritiske vurderingar, det har då vore viktig å kommentere desse undervegs i teksten. Direkte sitering frå aviser kan i utgangspunktet vere kjeldekritisk problematisk, men eg tek likevel for gitt at norske aviser er tru mot dei personane dei siterar. Eg reknar også med at FrP ville ha reagert dersom det gjekk føre seg systematisk feilsitering. Artiklar som leiarartiklar, kronikkar eller liknande har eg markert med namnet på forfattaren.

På internettsidene til LO har eg funne ein del nyttig informasjon som eg har brukt som kjelder. Mellom anna brev som LO har sendt til dei politiske partia og omvendt. Eit nøkkeldokument eg har funne her er FrPs *Fagpolitiske hefte* som det fagpolitiske utvalet til partiet laga i høve valkampen i 2007. Dette heftet var ikkje tilgjengeleg på FrP sine internettsider. Eg har teke kontakt med FrPs partikontor, og fekk der beskjed om at heftet verken var medvitent gjort offentleg eller forsøkt haldt hemmeleg.

Kapittel 2. Frå protest i Saga Kino til liberalisme på løvebakken (1973-1989)

”Valget i 1973 representerte et tidsskifte i etterkrigshistorien. Dette var valget da stabiliteten ble brutt.”²¹ Slik skildrar Francis Sejersted situasjonen i norsk politikk i 1973. Året før hadde den norske befolkninga røysta nei til medlemsskap i EF. Dette hadde ført til indre strid i fleire av partia, og vore eit sterkt bidrag til å bryte den stabiliteten som heile etterkrigstida hadde dominert veljarmönsteret. Perioden som fylgde etter 1973 og utover 1980-talet, vert gjerne karakterisert ved omgrepene *høgrebølgja*. Dette var ei periode partia på høgresida i politikken hadde sterk framgang. Veljarane vandra over tradisjonelle politiske skiljelinjer som tidlegare var rekna som nærmest umoglege. Det var ved inngangen til denne høgrebølgja partiet vi i dag kjenner som Framstegspartiet (FrP), vart danna, då med namnet Anders Langes Parti til sterk nedsettelse av skatter, avgifter og offentlige inngrep (ALP). Partiet såg dagens lys i 1973, og nådde berre få månadar etter grunnlegginga fem prosent av oppslutnaden frå veljarane ved stortingsvalet. I 1981 tok ei rein Høgre-regjering, under leiing av statsminister Kåre Willoch, regjeringsmakta for første gong sidan 1928. Høgrebølgja vart mot slutten av 1980-åra forsterka av at FrP kom frå ytre høgre og byrja å sanke røyster frå det som tradisjonelt hadde vore medlemmar av arbeidarklassen.²² I 1989 røysta ni prosent av medlemmane til LO på partiet. Desse medlemmane hadde tradisjonelt vore godt forankra i Arbeidarpartiet (Ap).

Dette kapitlet skal ta for seg FrP sitt syn på LO i mellom 1973-1989. Korleis såg partiet på LO som organisasjon og LO si rolle i arbeidslivet og i samfunnet generelt? Eg vil undersøke korleis dette synet utvikla seg parallelt med utviklinga av partiet. Hadde utviklinga av partiet noko påverknad for synet på LO? Det vil vere sentralt å sjå på FrP sin arbeidslivspolitikk, og korleis denne forma synet på LO. For å finne svaret på desse spørsmåla har eg studert partiprogramma til partiet, og utviklinga av desse. Analysen bygger også på talar, debattar og avisartiklar i både riksavisar og partiavisa *Fremskritt*.

²¹ Sejersted 2003: 495.

²² Heiret 2003: 182.

ALP: Protestpartiet

Det vil bli mange arbeidere på våre lister. (...) Særlig fra sjøfolk har interessen vært stor. Men fagforeningspress hindrer at mange arbeidere tør stå fram. Vi vil ta oss av de svake arbeiderne, de ingen vil høre på. De mange som er tause nå vil nok si fra i stemmeurnen.²³

Det var ein ung Carl I. Hagen som uttalte dette i ein artikkel i *Dagbladet* kort tid etter dannninga av *Anders Langes Parti til sterk nedsettelse av skatter, avgifter og offentlige inngrep* (ALP). ALP sitt mål var likevel ikkje fyrst og fremst å verte eit arbeidarparti. Partiet sitt formål kom klart fram i partinamnet. Det var eit protestparti mot det grunnleggjaren såg på som staten sitt tyranni mot enkeltindividet. Grunnleggjaren, den fargerike folketalaren Anders Lange, hadde gjennom heile etterkrigstida protestert mot reguleringar og skattar.²⁴ 8. april 1973, under eit folkemøte på Saga Kino i Oslo danna han eit parti som få månadar seinare fekk fem prosent oppslutnad ved stortingsvalet. Lange fekk, saman med tre andre representantar frå partiet, plass på Stortinget. I byrjinga var det partigrunnleggjaren sitt ord som var lov i ALP. Partiprogram var unødvendig, ein heldt seg til ein plakat med 16 punkt med ”vi er lei av”, som til dømes skattepolitikk, offentlege reguleringar, trygder, stivbeint alkoholpolitikk, inngrep i privat eigedomsrett, politisk pampevelde og uhjelp.²⁵ Plakaten vart nedskriven i høve opprettinga av partiet. I tillegg til ”vi er lei av”-punktene vart det laga eit tilsvarande ”vi vil at”- manifest til valet i 1973.²⁶ ALP skulle vere ein protest mot det offentlege formynderi, og ikkje ein partiorganisasjon på linje med dei andre. Slik var også partiet til Anders Lange sin død i 1974.

I talen til dei frammøtte i Saga Kino gjekk Lange til åtak på det meste som rørte seg i det politiske liv: Ap for mellom anna å ha ansvaret for skattepolitikken, og Høgre for å ha svikta i kampen for lågare skattar. Også LO fekk gjennomgå:

Det samme er det med lønningene når nu han kjempelure, maktsyke - hva heter han for noe? Han tjukke De veit i LO, jeg husker ikke hva han heter. Hva heter han? Hva? Aspengren. Ja, det er Asp det! Aspengren. Ja, ja - han sitter så visst på en råtten gren, det er helt sikkert. Men, hva gjør han så sammen med disse arbeidsgiverne som jo ikke kan tenke seg å leve uten LO? Hvis LO døde i dag, hele greia, så måtte arbeidsgiverforeningen dø de også! For da hadde de ikke noen motspillere. Hva gjør de over hodet på oss som sitter her? Jo, nu skal dere og jeg betale for det lønnsoppkjøret i form av subsidierte priser. For så spiser vi smøret med den hånden, og så betaler vi ut skatt og avgifter på den for å spise det smøret, til fordel for at arbeiderne ikke skal miste noe lønn, men få høyere lønn! Men det er vanskelig med høyere lønn siden det er vanskelige tider, så lar vi den almindelige forbruker, også han, også

²³ *Dagbladet* 1973: *Hundeguttene som skal arve riket: - Vi skal ta oss av de svake arbeiderne.* 18. juni.

²⁴ Furre 1999: 371.

²⁵ Ekeberg og Snoen 2001: 12.

²⁶ Hagen 2007: 50.

arbeideren, betale for maten med statssubsidier. Det er jo ham som betaler det inn, og her sitter vi. Det er derfor jeg tenkte på sauer og måtte gå ned i sauefjøset før jeg gikk hit.²⁷

Talen viser tydleg at Lange ikkje hadde tillit til LO. Den nedlatande karakteristikken av LO-leiaren talar ikkje for begeistring. Det verkar som Lange meinte at lønsoppgjeret berre var eit skalkeskjur i staten sin plan for å samle inn stadig meir pengar i skattar. LO og Arbeidsgjevarforeininga (NAF) var i så måte nyttige verkty som over hovudet på arbeidarane framforhandla avtalar som ikkje gav noko tilbake etter at skatten var betalt.

I ”vi er lei av”- og ”vi vil at”-plakatane, som var valkampmanifestet til ALP i 1973, står det ingenting direkte om kva rolle LO burde ha. I eit punkt er ein likevel innom temaet: ”Vi er lei av stortingsmenn som lar oss beholde så lite av lønnen at vi må kreve mer gjennom våre organisasjoner.”²⁸ Vidare heitte det: ”vi vil at stortingsmennene skal la oss beholde så mye av vår egen lønn at vi ikke behøver å tvinge gjennom inflasjonsskapende lønnskrav via våre organisasjoner.”²⁹ Det ser altså ut som det først og fremst var staten og dei høge skattane som var hovudproblemet for ALP, og ikkje fagorganisasjonane, sjølv om Lange også hadde lite til overs for desse. Lågare skattar ville ta bort behovet for LO som representant for arbeidarane, sidan ein då ville behalde meir av den reelle inntekta, og sleppe å krevje inn høgare lønningar.

Framstegspartiet og arbeidslivspolitikken

Då Anders Lange døydde i 1974 vart han erstatta på stortinget av sin varamann, Carl I. Hagen. Etter Lange sin død byrja ein kamp i partiet om korleis partiutviklinga skulle gå føre seg vidare. Skulle partiet halde fram som ei laus protestrørsle, slik grunnleggjaren hadde ynskt, eller skulle ein stramme inn organisasjonen og drive politisk verksemد på linje med dei andre partia, og samstundes streve etter makt og posisjonar? Ein sterk førekjempar for det siste var Carl I. Hagen. Etter dragkampar og partikløyvingar fekk Hagen og dei som var samde med han gjennomslag for si linje. Ved landsmøtet i 1976 vart det vedteke eit eige partiprogram, og partiet skifte namn til Framstegspartiet (FrP).³⁰ Namnet var det same som Mogens Glistrup hadde kalla sitt parti i Danmark; som også fekk stor suksess ved første val, og hadde kjempa for mange av dei same sakene. I 1977 vart Hagen formann i partiet.

²⁷ Lange, Anders 1973: *Samfunnet er en stor frase!* 8.april. (tale).

²⁸ Valmanifest for ALP, 1973-77.

²⁹ Valmanifest for ALP, 1973-77.

³⁰ Furre 1999: 371.

Det første partiprogrammet til FrP vart laga i høve stortingsvalet i 1977. Programmet la framleis sterke vekt på hovudmålet om nedsetting av skattar, avgifter og offentlege inngrep, og på at protest framleis var viktig fordi ”vi ser i Norge en stat vokse frem, kjennetegnet av omseggripende sosialisering og målbevisst innføring av statskapitalisme.”³¹ Programmet tok også for seg arbeidslivet. Full organisasjonsfridom både for arbeidstakrar- og gjevarar var viktig, og ein skulle ha like stor rett til å vere uorganisert som organisert. Programmet uttrykte også bekymring for dei store arbeidslivsorganisasjonane si politiske makt:

Norges Arbeidsgiverforening og Landsorganisasjonen i Norge er viktige organisasjoner med stor innflytelse på utviklingen i landet. Disse og andre store organisasjoner må ikke få så stor og sentralisert makt at folket selv mister innflytelsen fordi hovedorganisasjonene og regjeringen i realiteten avgjør de store samfunnsspørsmål ”på kamerset”. Faglige organisasjoner, innbefattet LO, bør ikke være tilknyttet noe bestemt politisk parti.³²

Dette punktet vart endra i det neste partiprogrammet i 1981, som var ytterlegare oppgradert. Her står det ingenting direkte om LO, og andre organisasjonar sitt forhold til politiske parti, men under *punkt 8. Sysselsetting*, vart meiningane om arbeidslivet utvikla vidare.

Innleiingsvis i punktet markerte programmet kor viktig det var at arbeidstakarane si løn sto til innsats og bedrifta si lønsevne, for å bevare grunnlaget for bedrifta. Partiet ville halde dei offentlege inngrepa i arbeidsmarknaden på eit minimum, og det offentlege skulle ikkje vere eit hinder for dei som ynskte å arbeide. Reglar som hindra folk i å arbeide så mykje ein ynskte, burde opphevast hevda partiet. Ei slik lov var Arbeidsmiljølova, som vart vedteken i 1977. Trond Erlien hevdar at eit ”karakteristisk aspekt ved debattene om arbeidsmiljøloven i april 1976 og mai 1977 er at det tilsynelatende ikke var noen stor uenighet om måten den var utformet.”³³ ALP sine representantar i debatten i april 1976, Carl I. Hagen og Erik Gjems-Onstad, var av dei som hadde dei mest kritiske innspela, spesielt retta mot forslaga til forkorting av arbeidstida. ”For meg synes dette nesten som et klart opplegg for neste valgkamp, for det man i realiteten gjør her, er å tilby folk nye goder i form av kortere arbeidstid mens de skal beholde den samme lønnen.”³⁴ Representantane frå ALP var svært opptekne av dei økonomiske konsekvensane dette ville få. Dei ville heller auke realløna gjennom skattelettingar framfor å korte ned arbeidstida. I følgje Hagen var det ikkje sikkert at folk ville føretrekke kortare arbeidstid framfor høgare løn dersom dei fekk velje.³⁵

Arbeidsmiljølova vart likevel samråystes vedteken. I si første memoarbok *Ærlighet varer*

³¹ Valprogram for Framstegspartiet, 1977-81: 1.

³² Valprogram for Framstegspartiet, 1977-81: 15.

³³ Erlien 2007: 32.

³⁴ Odelstings Tidende 1975-76: 287.

³⁵ Odelstings Tidende 1975-76: 281. Sjå også Erlien 2007: 32 og 33.

lengst frå 1984 skriv Carl I. Hagen: ”Fra Stortinget 1976-77 husker jeg ellers noen av våre store fadeser. Vi var dumme nok til å stemme for arbeidsmiljøloven etter å ha fremmet flere endringsforslag og utsettelse av iverksettelsen inntil de økonomiske konsekvensene var klarlagt.”³⁶ Partiet hadde altså røysta for denne lova dei i programmet for 1981 ville oppheve.

I staden for å blande seg inn på arbeidsmarknaden burde det vere ei offentleg oppgåve å hindre monopoldanning i arbeidsmarknaden, hevda partiet i programmet for 1981. Dette vart klarare understreka under avsnittet *organisasjonsforhold*: ”FrP mener at det frie arbeidsmarked ikke kan fungere hvis det oppstår trustlignende avtaler og monopolorganisasjoner for arbeidskraften og arbeidsgivere. Slike organisasjoner hindrer arbeidsmarkedet fra å fungere på en naturlig og tilfredsstillende måte.”³⁷ FrP ville endre lovverket slik at maktmisbruk frå monopol innafor arbeidslivet på arbeidstakar- og arbeidsgjevarsida vart hindra. Det var altså ikkje organisering i seg sjølv FrP var negative til:

Grupper av ansatte i bedriftene som har felles interesser når det gjelder den interne fordeling av resultater og byrder kan organisere seg og samarbeide innen de enkelte bedrifter og konserner. Det er den bransjemessige monopolisering og tverrbransjemonopolisering FrP anser for uheldig og skadelig. Dette medfører nemlig at tiltak og ordninger som kan være egnet i enkelte bedrifter også blir gjort gjeldende i bedrifter hvor de ikke er egnet for det.³⁸

Programma utvikla seg i retning av eit klarare og meir kritisk syn på LO, og dei andre organisasjonane i arbeidslivet utover i perioden. LO, som heilt sidan opprettinga i 1899 hadde hatt eit nært samarbeid med Ap, burde vere politisk nøytralt meinte FrP i 1977. I 1981 såg partiet på LO som eit hinder for noko FrP såg som eit mål, nemleg ein fri arbeidsmarknad. Mange formuleringar peikar på dette: Den frie arbeidsmarknaden kunne ikkje fungere dersom monopolorganisasjonar inngjekk avtalar med tiltak og ordningar som skulle gjelde for alle bedrifter. Kanskje var det difor programmet var endra i 1981 i forhold til LO sin politiske nøytralitet. Dersom LO si makt vart fjerna ville dette vere eit viktig problem.

FrP stilte seg også kritisk til ei av dei mest sentrale ordningane i norsk arbeidsliv, tariffavtalen. Noreg har lange tradisjonar for tariffavtalesystemet. Tariffavtalane utgjer i arbeidslivet det samanbindande elementet mellom arbeidstakar- og arbeidsgjevarorganisasjonane. Desse etablerar rettar og plikter for organisasjonane og deira medlemmar.³⁹ Den fyrste landsomfattande tariffavtalen i Noreg var jernavtalen i 1907. Denne

³⁶ Hagen 1984: 195.

³⁷ Valprogram for Framstegspartiet, 1981-85: 15.

³⁸ Valprogram for Framstegspartiet, 1981-85: 15.

³⁹ Stokke m.fl. 2003: 48.

innførte grunnleggande prinsipp for LO sin tariffpolitikk. Desse prinsippa har vorte ståande heilt til i dag. Eit slikt prinsipp var prinsippet om minsteløn, som sette ein lågaste sats for kva ein arbeidar kunne tene. Ingen kunne tilsetjast med løn under denne minsteløna.⁴⁰ Løn er eit viktig tema under tariffoppgjeret, som i dag oftast vert kalla lønsoppgjeret eller inntektsoppgjeret. Tariffavtalane vert inngått på forskjellige nivå i arbeidslivet. *Hovudavtalen* mellom LO, med alle forbund og avdelingar, og NHO (NAF før 1986), med alle landsforeiningar, lokale foreiningar og enkeltbedrifter, dannar gjerne utgangspunktet for tariffavtalane. Den første hovudavtalen vart inngått i 1935, etter dette har den vanlegvis vore revidert kvart fjerde år.⁴¹ Hovudavtalen har gjerne bestemmingar av meir varig karakter enn tariffavtalane.⁴² Ein tariffavtale vert inngått av to partar, arbeidstakarsida og arbeidsgjevarsida, til dømes LO og eit enkelt forbund på den eine sida, og NHO og ein eller fleire landsforeiningar på den andre. Det kan deretter på grunnlag av tariffavtalen verte inngått lokale tariffavtalar eller særskilte avtalar ved den enkelte bedrift.⁴³ I høve lønsoppgjera og forhandlingane om tariffavtalane føregår det ei form for trepartsforhandlingar mellom regjeringa, LO og NHO. Dette vert gjerne kalla *inntektpolitisk samarbeid*. Målet for regjeringa er at partane frivillig skal forhandle fram moderate lønsoppgjær, for å hindre mellom anna høg inflasjon og svekka konkurranseskytene overfor utlandet. Dette kan regjeringa oppnå gjennom dialog, løfter og ved å tilby partane ulike gode. Ein kan altså difor sjå på det inntektpolitiske samarbeidet som ein byttehandel mellom partane i arbeidslivet og regjeringa.⁴⁴

FrP ville hindre at hovudavtalen og tariffavtalane skulle framforhandlast sentralt frå organisasjonar som LO. Alt burde i staden etter partiets mening forhandlast fram mellom arbeidstakar og arbeidsgjevar ved den einskilde bedifta. Hovudavtalen ville då miste si mening. Det same gjaldt LO sin påverknad over tariffoppgjera, og det ville bety slutten på det inntektpolitiske samarbeidet. I den grad organisering skulle finne stad skulle det skje på arbeidsplassen meinte FrP. I ei innstilling frå finanskomiteen om inntektpolitikken i Noreg i 1982, kom FrP sine synspunkt på dette spørsmålet tydeleg fram.

⁴⁰ Bjørnhaug m.fl. 2000: 19.

⁴¹ Stokke m.fl. 2003: 26.

⁴² Stokke m.fl. 2003: 51.

⁴³ Stokke m.fl. 2003: 48-49.

⁴⁴ Stokke m.fl. 2003: 214.

I innstillinga frå 1982 utdjupa Carl I. Hagen, som var FrPs medlem i komiteen, partiet sin politikk grundigare. Over sju av dei 16 sidene i innstillinga, tok Hagen til orde for omfattande endringar av systemet for fastsetting av inntekt. Hagen såg på spørsmålet om lønsavtalar skulle fastsettast desentralisert eller sentralisert som svært viktig. Han hevda at det eksisterande systemet var ein mellomting mellom to ytterpunkt, heilt individuelle lønsavtalar mellom arbeidstakar og arbeidsgjevar på den eine sida, og full statleg fastsetting av alle lønningar på den andre. Det eksisterande systemet var i fylgje Hagen bygd på ein føresetnad om diskusjon eller forhandling om fordeling av eit overskot: ”Når så dette overskudd ikke lenger eksisterer, og inndekingen for forhandlingsresultatet kommer i form av økte priser, mener dette medlem at tiden er inne for å vurdere det organisatoriske mønster for lønnsforhandlingene i Norge.”⁴⁵ Han meinte også at dei siste erfaringane med sentraliserte samordna lønsoppgjer hadde vist at desse var ueigna til å gjennomføre prinsippet om at verdiar måtte verte skapte før dei kunne verte fordelt. Hagen la sterkt vekt på konsekvensane sentraliserte lønsoppgjer kunne ha for bedrifter med dårlige økonomiske føresetnadar. Dersom det frå sentralt hold vart framforhandla ytterlegare lønsauke for arbeidstakarar i bedrifter som allereie sleit med å få endane til å møtast, ville dette svekke bedrifta ytterlegare, og arbeidsplassane ville vere truga:

Kun ved bedriftsvise lønnsavtaler vil man kunne ta hensyn til de lokale forhold og bedriftens interne fordeling av omkostningene ved å la arbeidstakere få komponenter som lønn, bonus, velferdstiltak, arbeidstempo, internt arbeidsmiljø, o.l. forhold. Ved bedriftsvise lønnsavtaler vil det også bli mulig å få frem det prinsipp om at de som treffer en avgjørelse også måtte på seg ansvaret for resultatet. Det vil da være mulig å få en bedre motivering i den enkelte bedrift fordi lønningane da vil bli fastsatt basert på bedriftens økonomiske resultat, og ikke sentrale forhandlingar langt unna.⁴⁶

Under konfliktar og sterkt usemje i lønnsforhandlingane ville bedriftsvise lønnsoppgjer gi eit betre grunnlag for bruk av kampmidlar. Dersom arbeidstakarane i ei bedrift på randen av konkurs gjekk til streik, var det då med risikoen for at arbeidsplassane kunne verte tapte. Dette ville dempe lysta på streik i bedrifter med dårlig økonomi, hevda Hagen. Likeeins ville det for arbeidsgjevarar i ei bedrift som gjekk med eit godt rekneskapsmessig overskot vere svært risikabelt å gå til lock-out, fordi dette kunne medføre at overskotet vart fjerna på grunn av arbeidsstansen. ”Ved bedriftsvise lønnsavtaler og forhandlinger får man et mer avbalansert forhold mellom risikoen ved kamp og mulighetene for seier,” hevda FrP-formannen, og viste til at meiningsmålingar hadde slått fast at arbeidstakarar som regel var meir interessert i å behalde jobben og godta lågare løn, enn å miste den ved å krevje meir løn enn det var dekning

⁴⁵ Innst. S. nr. 47 – 1982 – 83: 9.

⁴⁶ Innst. S. nr. 47 – 1982 – 83: 10.

for.⁴⁷ Hagen slo fast at sentrale forhandlingar mellom store organisasjonar, utført av profesjonelle organisasjonsmenneske, ikkje kunne ta omsyn til lokale forhold, og situasjonen ved enkeltbedrifter. Konklusjonen til Hagen vart difor at ein burde ”finne frem til et system med full desentralisering av lønnsavtaler med overføring til forhandlinger i den enkelte bedrift mellom fagforeningsklubben og andre tillitsvalgte på den ene side og ledelsen på den annen side.”⁴⁸ Dette innebar med andre ord ei radikal endring av lønsforhandlingssystemet som ville føre til at LO sin påverknad på lønsfastsettinga ville verte særskilt avgrensa.

Hagen la i innstillinga fram fleire moment ved FrP sin arbeidslivs- og fagforeningspolitikk. At alle borgarar skulle ha rett til arbeid basert på kvalifikasjonar, tok Hagen avstand frå. ”Når det ikke er noen som har plikt til å skaffe dette arbeid kan heller ingen ha retten.”⁴⁹ Det skulle vere den enkelte borgar sitt eige ansvar å sørge for å ta ei utdanning som sikra vedkomande framtidig arbeid. Enda mindre kunne nokon krevje at dei skulle få seg slikt arbeid i det geografiske område ein sjølv ynskte. Hagen ynskte full næringsfridom: ”Dette medlem mener derfor at begrepet om rett til arbeid bør snus frå å være unrealistisk rett borgerne har overfor en tåkeaktig stat til en rett borgerne har til å søke å starte og drive næringsvirksomhet uhindret av organisasjonene og offentlige myndigheter.”⁵⁰ Sidan bedriftsvise lønsforhandlingar ikkje var gjennomført måtte også streike- og lock-out-retten, som ikkje fungerte optimalt under det sentraliserte systemet, takast opp til vurdering. Her ynskte Hagen ei drøfting om kva innstrammingar i regelverket som var på sin plass.⁵¹ Hagen såg det også som naudsynt å understreke at han såg mange teikn på at fagforeiningane blanda seg opp i fleire forhold dei ikkje hadde noko med:

Dette medlem er av den mening at fagforeningsmedlemmer i første rekke har meldt seg inn i sin fagforening for at denne skal hjelpe til å ordne opp i forholdene på arbeidsplassen, og da er det å gå ut over mandatet når fagforeninger og fag forbund også deltar aktivt i spørsmål om f.eks. utenrikspolitikk, forsvars politikk, miljøvern, utdanningspolitikk o.l.⁵²

Innstillinga viser at Hagen, i tillegg til å ta frå LO så godt som all makt og påverknad i lønsoppgjeret, ville fjerne mange av dei faglege rettane som LO opp gjennom åra hadde vore med å forhandle fram. Ein fri arbeidsmarknad var, slik Hagen såg det, ein marknad der ingen

⁴⁷ Innst. S. nr. 47 – 1982 – 83: 10.

⁴⁸ Innst. S. nr. 47 – 1982 – 83: 10.

⁴⁹ Innst. S. nr. 47 – 1982 – 83: 11.

⁵⁰ Innst. S. nr. 47 – 1982 – 83: 12.

⁵¹ Innst. S. nr. 47 – 1982 – 83: 12.

⁵² Innst. S. nr. 47 – 1982 – 83: 11.

hadde plikt, ingen hadde rett, men alle i prinsippet hadde like sjansar for å skaffe seg arbeid. LO var eit hinder for denne frie arbeidsmarknaden.

FrP: eit liberalistisk parti?

I overgangen frå 1970 til 80-talet fann det stad eit ideologisk skifte i store delar av den vestlege verda. Marknadsliberalismen til Milton Friedman, såg ut til å erstatte den keynesianske trua på statleg styre og kollektive løysingar.⁵³ Den einaste legitime rolla til staten skulle vere å sikre enkeltmenneske sin fridom, særskilt økonomisk, med sterkt vekt på den private eideomsretten.⁵⁴ Politikarane skulle berre legge til rette for den usynlege handa til marknaden, som liberalistane meinte var betre eigna til å sikre økonomisk vekst og velstand.⁵⁵ Både i Storbritannia og USA hadde representantar for marknadsliberalistisk tankegang kome til makta, og markert seg sterkt. I Storbritannia vart Margaret Thatcher statsminister i 1979 og Thatcher sitt program stod for meir konkurranse i marknaden, for mellom anna produksjon, forbruk, helse og skule. Kvart enkeltindivid skulle ha rett til å kjøpe dei tenestene han eller ho ynskte og hadde råd til, ettersom dei lykkast på arbeidsmarknaden.⁵⁶ Thatcher liberaliserte økonomien og skattane vart senka kraftig. Statlege bedrifter vart privatisert, fagrørla mista makt og arbeidsmarknaden vart friare.⁵⁷ Arbeidsmarknaden vart likevel ikkje fri i den forstand at den vart fullstendig fri for statleg innblanding. Fagrørla fekk i særskilt grad merke dette. Det vart innført ei rekke lover som svekka fagrørla. Det vart lagt restriksjonar på bruken av arbeidskamp, og tradisjonen som gjorde at fagforeningsmedlemskap var ein føresetnad for tilsetting i delar av arbeidslivet (kalla ”closed shop”), vart fjerna. Den interne styringa av fagforeiningane vart regulert, statleg stønad til kollektive forhandlingar vart fjerna og dei individuelle arbeidstakarrettane vart bygde ned.⁵⁸ Fastsettinga av løn vart desentralisert. Fagforeiningane vart svekka, og opplevde svikt i medlemstala. Frå 1979 til 1987 minka delen av arbeidsstyrken som var organisert frå 55,8 % til 46,3.⁵⁹ Også talet på arbeidarar med kollektivt framforhandla arbeidsavtale sank kraftig. Jan Heiret skriv: ”Ved hjelp av en meget aktiv stat var med andre ord systemet av

⁵³ Heiret 2003: 181.

⁵⁴ Thorsen og Lie 2007: 45.

⁵⁵ Heiret 2003: 181.

⁵⁶ Furre 1999: 518.

⁵⁷ Ekeberg og Snoen 2001: 115.

⁵⁸ Heiret 2003: 192.

⁵⁹ Heiret 2003: 192.

arbeidslivsrelasjoner desentralisert og kollektive strukturer svekket til fordel for individuelle.”⁶⁰

Under landsmøtet til FrP i 1983 erklærte Carl I. Hagen at partiet skulle bygge på ein liberalistisk ideologi.⁶¹ I partiprogrammet for perioden 1985-89 var også denne ideologiske bakgrunnen skriven inn: ”Fremskrittspartiet er et liberalistisk parti som bygger på Norges grunnlov og norsk kulturarv, utviklet gjennom århunder med gjensidig påvirkning mellom norsk tradisjon og de bærende hovedelementer i vestlig kulturarv med basis i det kristne livssyn.”⁶² Den liberalistiske ideologiske tanken om fridom for enkeltindividet og mindre makt til staten, stod godt til FrP sine synspunkt. Liberalismen gav då også FrP ei ideologisk grunngjeving i mange saker. Til dømes motstanden mot offentlege inngrep i enkeltmenneska sine liv:

Fremskrittspartiets politikk bygger på den liberalistiske ide om at alle mennesker har rett til å leve som frie og selvstendige individer så lenge de ikke med makt griper inn i andres rett til fri og selvstendig livsutfoldelse. (...) Fremskrittspartiet anser den stadig omseggripende stat som den største trussel mot enkeltmenneskets utfoldelsesmulighet.⁶³

Ordet *liberalisere* vart også, truleg konsekvent, gjentekne gongar skrive inn i programmet. Det er ikkje tvil om at programmet inneheldt ei rekke typisk liberalistiske saker, og mange av sakene som m.a. Thatcher hadde innført i Storbritannia. Betydelege skattelettingar, mellom anna fjerning av all skatt på inntekt, eide dom og formue var ein målsetnad, medan ein annan var å ”overlate flest mulig oppgaver til private”.⁶⁴ På fleire område var likevel programmet til FrP på kant med den reine liberalistiske ideologien. Innvandring er kanskje det beste dømet på dette. I programmet heiter det:

Fremskrittspartiet mener på prinsipielt grunnlag at ideelt sett burde det være en friest mulig bevegelse over landegrensene av varer, tjenester, kapital og arbeidskraft. Dette forutsetter imidlertid at eventuelle sosiale ordninger og annet, som forutsetter langvarig opparbeidelse av rettigheter ved innbetaling eller ved statsborgerskap, ikke gis til innflyttere. Da innvandrere til Norge automatisk får fulle rettigheter under sosiallovgivningen og folketrygden uten forhåndsinnbetaling, kan en slik ordning ikke gjøres gjeldende i praksis. Fremskrittspartiet er således imot fri innvandring, og vil begrense denne til å gi adgang til landet for kortvarige arbeidskontrakter, når det er godt gjort at det ikke er nødvendig kvalifisert personell på den norske arbeidsmarked.⁶⁵

⁶⁰ Heiret 2003: 192.

⁶¹ Nilsen 2007: 17.

⁶² Valprogram for Framstegspartiet, 1985-89: 1.

⁶³ Valprogram for Framstegspartiet, 1985-89: 4.

⁶⁴ Valprogram for Framstegspartiet, 1985-89: 6.

⁶⁵ Valprogram for Framstegspartiet, 1985-89: 37.

FrP markerte seg på gjennom 1980-åra som det klart mest innvandringskritiske av dei større partia. Deira standpunkt i innvandringssaker skaffa dei mange veljarar, men også mange kritikarar. Det er altså problematisk å utelukkande feste FrP til ein rein liberalistisk ideologi i 1980-åra.

Eit saksfelt der FrP såg ut til å fylgje opp den liberalistiske linja, som mellom anna Thatcher hadde ført i Storbritannia, var i arbeidslivspolitikken. "Fremskrittspartiet mener det først og fremst er den enkeltes egen oppgave å skaffe seg arbeid, basert på den enkeltes forutsetninger, utdannelse og markedets behov for arbeidsinnsats."⁶⁶ Den enkelte skulle altså ha like sjansar til å lukkast i arbeidsmarknaden, men også ansvar for eigen suksess. Staten skulle ikkje ha ansvar for å skaffe folk arbeid. Synet på lønsdanning kom også klart til syne:

Et fritt arbeidsmarked kan ikke fungere så lenge monopollignende organisasjoner inngår avtaler sentralt for arbeidstakerne og arbeidsgiverne. (...) Arbeidsavtaler og lønns- og ansettelsesavtaler fungerer best dersom disse oppnås ved enighet mellom arbeidstagerne og arbeidsgiverne i den enkelte bedrift.⁶⁷

Ordlyden er noko endra, og bodskapen har kome klarare fram i forhold til dei to første programma, men innhaldet og meininga er den same. Partiet såg på ein fri arbeidsmarknad som ein arbeidsmarknad der alle framforhandla sine eigne avtalar. I valprogrammet før valet i 1989 kom dette enda tydelegare fram. "Fremskrittspartiet mener at lønnsnivået er en sak som frivillig skal avgjøres mellom arbeidsgiveren og arbeidstakeren, uten innblanding fra andre."⁶⁸ I dette programmet gjekk partiet også inn for å oppheve alle lover og reglar som regulerte arbeidsmarknaden, utanom dei som av medisinske eller tryggleiksmessige årsaker burde behaldast. Overtid skulle vere frivillig, restriksjonar på dette skulle fjernast. Skattelettingar skulle gjere det enklare for bedrifter å drive lønsamt. Programmet opna også for større grad av privatisering i arbeidsmarknaden. Den liberalistiske fridomstanken gav altså FrP ei form for ideologisk grunngjeving mot LO.

I ein tale i Stavanger i 1985 fekk dei frammøtte ei skikkeleg innføring i FrP sin liberalistiske fridomstanke av formann Carl I. Hagen. Hagen raljerte med politiske konkurrentar som hadde stempla partiet som eit farleg parti. "Er vi egentlig så farlige? Ja, det skal jeg si vi er! Vi er farlige for alle de som fratar enkeltindividet dets frihet, fratar enkeltindividet dets selvrespekt, fratar enkeltindividet dets uavhengighet, og fratar enkeltindividet dets rett til å leve sitt liv for

⁶⁶ Valprogram for Framstegspartiet, 1985-89: 13.

⁶⁷ Valprogram for Framstegspartiet, 1985-89: 13.

⁶⁸ Framstegspartiet sitt partiprogram 1989-93: 14.

sin egen skyld.”⁶⁹ Hovudbodskapen til partiet skulle vere klinkande klart. FrP ville ha fridom for kvart eit enkeltmenneske, i eit fritt land styrt av liberalistiske og marknadsøkonomiske prinsipp. Hagen hevda at den norske grunnlova var tufta på dei same ideologiske ideane om fridom som FrP stod og kjempa for. LO, og andre arbeidslivsorganisasjonar var døme på fridomsrøvarar Hagen ville ta eit kraftig oppgjer med:

Hvis en arbeidsgiver tilbyr en ungdom jobb til 15 kroner timen og ungdommen vil ha jobben til den prisen, kommer organisasjonstyrannene og hyler: Nei, det er under tariffen! Og dermed blir ungdommen uten jobb, for til høyere pris har ikke arbeidsgiveren råd til å ansette ham. Bort med organisasjonstyrannet! I denne sammenheng vil jeg hevde at deler av vår arbeidsmiljølov og myndighetenes aksept av arbeidslivets organisasjonsmakt klart strider mot grunnlovens § 109 som lyder: "Det påligger statens myndigheter å legge forholdene til rette for at ethvert arbeidsdyktig menneske kan skaffe seg utkomme ved sitt arbeid." Hva med ungdommen som hindres i å ta jobb til 15 kroner timen av tariffavtalers bestemmelse om minstelønn? Hva med en pensjonist over 70 år som gjerne vil fortsette å jobbe? Hva med en vanlig arbeider som vil jobbe mer enn 300 overtidstimer i året eller med kortere sovepauser enn det arbeidsmiljøloven gir adgang for?⁷⁰

Faglege rettar for arbeidstakrarar, som til dømes minstelønsprinsippet og arbeidsmiljølova, var altså grunnlovsstridige meinte Hagen.

Valkampen i 1989: FrP-offensiv mot LO

Før 1989 var FrP framleis eit lite parti. Ved valet i 1977 fall partiet ut av Stortinget, og ved dei to påfølgjande vala i 1981 og 1985 fekk partiet rundt fire prosent oppslutnad. Få tok partiet seriøst i arbeidslivspolitikken. Eit uttrykk for dette er at det er svært få avisartiklar som tek for seg dette temaet, sjølv om Hagen og partiet sin tale, som vi har sett, var temmeleg klar. Mot slutten av 1980-åra vart dette endra. Dei siste par åra før stortingsvalet i 1989 fekk partiet høge galluptal. Ved nokre meiningsmålingar nærma partiet seg 20 prosent. I 1988 vart FrP-formann Carl I. Hagen intervjuet av journalist i *Klassekampen* Finn Sjue om sitt syn på fagrørsle.⁷¹ Avisa hadde fått med seg Hagen sine synspunkt i instillinga om inntektpolitikken frå 1982. I 1982 hadde Hagen sine meininger fått ligge nærmast urørt og ukomentert, men no var situasjonen ein annan. Det nærma seg val og FrP nærma seg ein betydeleg oppslutnad. Avisa ynskte difor å finne ut om Hagen framleis stod for dei same haldningane til lønnsforhandlingar og fagrørsle generelt. Journalisten spurde Hagen om han framleis var motstandar av ei landsomfattande fagrørsle i Noreg, og om han heldt fast på synet om at han

⁶⁹ Hagen, Carl I. 1985: *Vi er farlige!* 12.april. (Tale).

⁷⁰ Hagen, Carl I. 1985: *Vi er farlige!* 12.april. (Tale).

⁷¹ Denne artikkelen er gjengjeven i *Heismontøren* nr. 3/4 1988, eg har ikkje funne den opphavlege artikkelen så eg refererar til denne utgåva av *Heismontøren* her. *Heismontøren* er medlemsbladet til Heismontørenes fagforening.

berre aksepterte klubbar på bedrifts- og konsernbasis, og verken landsomdekkande forbund eller landsorganisasjonar. Hagen svara:

Ja, det gjør jeg. Jeg er i prinsippet mot en fagbevegelse som er landsomfattende, av den typen som for eksempel LO representerer. (...) Jeg er for så vidt ikke imot at det fortsatt skal eksistere en landsomfattende organisasjon. Men i så fall skal den ikke – slik som for eksempel LO og andre landsomfattende organisasjoner gjør – befatte seg med lønnsspørsmål overhodet. Dette tar knekken på den enkelte bedrift som ikke har økonomiske bæreevne til å tåle generelle krav. Derfor er det den enkeltebedrift som må bestemme i lønnsspørsmålet – i samarbeid med den lokale klubben.⁷²

Vidare la FrP-formannen fram si meining om kva fagrørsla *skulle* vere:

Jeg mener at en slik organisasjon utelukkende skal beskjefte seg med spørsmål som angår medlemmenes forhold til staten. Det kan dreie seg om spørsmål som mediapolitikk, utdanning, lovgivning, om arbeidsmiljøspørsmål, sosialpolitikk, ol. I slike spørsmål må gjerne en slik organisasjon uttale seg rådgivende, og opptre som en pressgruppe i forhold til staten. Men den skal overhodet ikke blande seg inn i lønnsspørsmål eller andre spørsmål som ville bety en belastning for arbeidsgiverne.⁷³

Organisasjonar som LO skulle etter Hagen si meining altså ikkje ta hand om lønsdanningsspørsmål. Dei skulle heller ikkje uttale seg politisk, det skulle overlatast til dei politiske partia. ”De er jo dannet for å ta seg av slike spørsmål,” meinte FrP-formannen.⁷⁴ For første gong finn vi altså verkelege spor av kva Carl I. Hagen meinte LO skulle vere. Den største arbeidstakarorganisasjonen i landet skulle utelukkande drive lobbyverksemder overfor staten, og fungere som eit rådgjevande organ. Den skulle ikkje i det heile blande seg i spørsmål som kunne vere belastande for arbeidsgjevarane.

1989 var stortingsvalår, og utover vårparten vaks oppslutnaden om FrP på meiningsmålingane. FrP var på offensiven inn mot valkampen. 1. mai planla FrP si eiga markering. Den internasjonale arbeidardagen hadde tradisjonelt vore LO og Ap sin store merkedag, men dette var før FrP såg dagens lys, hevda Carl I. Hagen i si spalte i partiavisa *Fremskritt*.

Tradisjonelt hører vanlige arbeidsfolk hjemme i Arbeiderpartiet og andre sosialistiske partiet, mens direktører, disponenter, advokater, leger, arkitekter, ingeniører, embedsmenn etc. hører hjemme i det borgerlige partiskikt – særlig Høyre. Slik var det før Fremskrittspartiet så dagens lys. Borgerlige partier, og da særlig Høyre, har avfunnet seg med denne situasjonen, og derved i utgangspunktet akseptert at partiet aldri kunne bli spesielt stort. Uten stemmer fra vanlige arbeidsfolk blir et parti aldri stort.⁷⁵

⁷² Heismontøren 1988: *Carl I. Hagen mot politikk i fagbevegelsen*. nr. 3/4.

⁷³ Heismontøren 1988: *Carl I. Hagen mot politikk i fagbevegelsen*. nr. 3/4.

⁷⁴ Heismontøren 1988: *Carl I. Hagen mot politikk i fagbevegelsen*. nr. 3/4.

⁷⁵ Fremskritt 1989: *Ap- og LO-monopolet på 1. mai må brytes!* 3.mai. Leiarartikkel av Carl I. Hagen.

FrP si markering av dagen skulle vere eit ledd i å bryte LO og Ap sitt monopol på dagen, meinte FrP-formannen og bevegde seg inn mot noko av arbeidarrørsla sitt aller heilagaste:

Hvem er det som har mer rett enn oss til å synge denne strofen fra Internasjonalen: ”Imot oss statens lover bøies, av skatter blir vi tyngst ned!”? Det er jo nesten som vårt opprinnelige navn om ”sterk nedsettelse av skatter, avgifter og offentlige inngrep”! Våre møter den 1. mai er viktige i et langt perspektiv hvor vi klargjør at det nå er FrP som er i opposisjon til makthaverne, og at vi står på arbeidsfolks side i fremtidens klassekamp. Den foregår som kjent mellom den nye overklassen, bestående av politikere og byråkrater, på den ene side – og den vanlige produktive og skapende arbeidsmann på den andre siden. Derfor er vår markering av 1. mai viktig!⁷⁶

Carl I. Hagen snakka altså om klassekamp, den framtidige klassekampen der FrP skulle forsvare den vanlege arbeidar mot politikarar og byråkrati. Hagen avslørte i det første sitatet sitt formål med dette engasjementet: Utan røyster frå vanlege arbeidsfolk vert aldri eit parti stort. Hagen hevda at Høgre hadde akseptert at dette var ei umogleg oppgåve for partiet og dermed også akseptert at partiet aldri ville verte stort. Denne kommentaren frå Hagen kan i aller høgste grad diskuterast, i alle fall tidspunktet teke i betrakting. Francis Sejersted hevdar at noko av det mest oppsiktvekkjande ved høgrebølgja var den auka oppslutnaden til Høgre blant arbeidrarar.⁷⁷ Tor Bjørklund og Bernt Hagtvæt kallar dette eit karakteristisk trekk ved høgrebølgja.⁷⁸ Desse kallar arbeidrarar som kryssa grensa frå Ap til Høgre i perioden for ”konservative arbeidrarar”. Ved stortingsvalet i 1981 hadde Høgre fått 18 prosent av røystene til LO sine medlemmar.⁷⁹ Det verkar altså lite truleg at Høgre medvite hadde gjeve opp å sikre seg røyster frå arbeidrarar. At det for eit parti som ynskjer å verte stort er viktig med røyster frå arbeidrarar kan Hagen ha hatt rett i. I ein annan artikkel argumenterte formannen vidare for kvifor LO og Ap ikkje lenger burde ha monopol på denne dagen: LO og Ap hadde teke frå bedriftsklubbane retten til å forhandle lokalt, medan Frp forsvarte denne retten. LO og Ap hadde gjennom høge skattar og avgifter gjort det vanskeleg for ein lønsmottakar å leve av løna si, medan FrP ville kjempe for lågare skattar og avgifter. LO og Ap hadde gjennomført ein lovjungel av byråkrati, FrP kjempa for den vesle manns fridom, og mot det offentlege formynderiet.⁸⁰ I arbeidarrørsla hadde ”saman er vi sterke” alltid vore eit viktig grunnprinsipp. Var det kampen for retten til å stå aleine som no var den nye arbeidarkampen? Hagen la seg tett opp mot det som var fagrørsla sin opphavlege retorikk, men med ein bodskap som var nokså motstridande til det fagrørsla stod for.

⁷⁶ *Fremskritt* 1989: *Ap- og LO-monopolet på 1.mai må brytes!* 3.mai. Leiartikkel av Carl I. Hagen.

⁷⁷ Sejersted 2003: 502.

⁷⁸ Bjørklund og Hagtvæt 1981: 50.

⁷⁹ Aardal 2003: 267.

⁸⁰ *Fremskritt* 1989: *Vellykket FrP-markering*. 3.mai.

I valkampen fram mot stortingsvalet i 1989 heldt Hagen fram med å angripe LO. Under partileiardebatten til NRK få dagar før valet var temaet i ein av bokane økonomi og arbeidsløyse. Her hadde Hagen ein klar ide om kva som var årsaka til den høge arbeidsløyse:

Og hva er det egentlig som har skjedd? Jo, man har glemt at vi skal leve, i hele dette land, så skal vi leve av vår industri, håndverkere, transport, skipsfart, bygg og anlegg, varehandel, servicenæringer, men nå har vi veltet så mye byrder på disse i form av skatter, avgifter, arbeidsmiljølov, sysselsettingslov, konsesjonslov, tilsynsorganer, inspektører, at det er litt for mye. De greier ikke å makte disse kostnadene, og i våres så foreslo Fremskrittspartiet: la oss gi skattelettelser, i stedet for bruttolønnsøkninger. Da senkes kostnadene, folk får mer penger mellom hendene slik at de kan kjøpe varer og derved sikre andre sysselsetting.⁸¹

Hagen hadde også ei klar oppfatning av kven som hadde skulda for at dette ikkje var gjennomført:

LO var de som stoppet at vi kunne fått skattelettelser i stedet for kostnadsdrivende bruttolønnsøkninger. LO undergravet da altså sine egne medlemmers arbeidsplasser, i tillegg til at de tar seg betalt for å gjøre det. For det som er situasjonen er jo at nå er det for vanlige folk blitt umulig omtrent å forsørge både familien og samtidig forsørge regjeringen. Og dermed må vi sette ned skatter og avgifter og byråkrati og lover og få flere mennesker ut i det produktive skapende arbeidsliv i dette land.⁸²

I LO hadde ein i utgangspunktet ikkje teke Hagen sine mange åtak særskilt alvorleg. LO-leiar Leif Haraldseth hadde, lik mange politiske ekspertar, rekna med at FrP var ei rørsle, eller ei vekkingsbølgje som det også vart sagt, som raskt ville leggje seg.⁸³ I tida fram mot valdagen vart det tydelegare og tydelegare at dette ikkje var tilfelle. På fleire meiningsmålingar før valet nærma partiet seg 20 prosent av oppslutnaden. Skulevala før valet gav inntrykk av at partiet ville tiltrekke seg arbeidarveljarar. Særskilt ved yrkesfaglege skular var oppslutnaden overraskande, og for mange sjokkerande høg, og langt høgare enn ved dei allmennfaglege skulane.⁸⁴ Då meiningsmålingane slo fast at Hagen sitt parti låg an til å få høg oppslutnad både blant LO-medlemmane og resten av det norske folk, innsåg Haraldseth at LO måtte slå tilbake.

Aldri tidligere er fagbevegelsen i Norge blitt angrepet på en så meningsløs måte. Begeret rant over da Hagen sto på torget i Tromsø og påsto at "Leif Haraldseth og LO har tatt knekken på arbeidsgiverne i Norge". Det er jo en ren løgn! Vi har ikke råd til å la en mann og et parti som dette få prøve seg! Hagen og FrP må bekjempes.⁸⁵

LO sette i gang ei kampanje for å tydeleggjere konsekvensane det ville ha for deira medlemmar å røyste på Hagen sitt parti. Valet vart likevel ein stor opptur for FrP.

⁸¹ NRK-TV: Partileiardebatten 1989.

⁸² NRK-TV: Partileiardebatten 1989.

⁸³ Nordlys Morgen 1989: *LO-Leif mot Hagen*. 1. september.

⁸⁴ Olstad 1991: 168.

⁸⁵ Nordlys Morgen 1989: *LO-Leif mot Hagen*. 1. september.

Valoppslutnaden på 13 prosent var ein framgang på nesten ti prosent, og gjorde partiet til landets tredje største. Ni prosent av LO sine medlemmar hadde røysta på partiet.⁸⁶ Dette trass i alle åtaka frå Hagen mot organisasjonen, og LO-leiinga sine åtvaringar. Etter valet kom Hagen med ei oppfordring til fagforeiningsmedlemmar gjennom *Fremskritt*:

Alle fagorganiserte bør derfor kjempe for å begrense fagbevegelsens interesser til de områder som gjelder for den enkeltes interesser i egenskap av ansatt i en bedrift og til interesser som knytter seg til yrkesfaglige spørsmål. LO virker nå som et underordnet organ for Arbeiderpartiet og som et aktivt redskap i utbredelsen av partiets politikk. Tiden er nå inne for fagorganiserte som ikke tilhører Ap til å ta opp kampen og ikke lenger la seg innordne et politisk parti de ikke stemmer på, tilhører eller støtter.⁸⁷

Partiformannen oppfordra sine veljarar i LO til å ta opp kampen, og freiste å gjere LO til ein partinøytral organisasjon. FrP ville ikkje tillegge LO noko form for påverknad før organisasjonen var partipolitisk nøytral, og utelukkande kunne sjåast som eit talerør for medlemmane sine generelle synspunkt i eigenskap av å vere arbeidstakar eller utøvar av eit fag.⁸⁸ Like etter stortingsvalet skifta FrP hovudkvarter. Og det var ikkje kvar som helst partiet flytta. FrP flytta inn i nye lokalar på Youngstorget, og plasserte seg dermed midt i mellom LO og Ap sine bygningar. ”Jeg forstår at enkelte i arbeiderbevegelsen blir provosert av dette, men det må de bare akseptere,” sa Carl I. Hagen i følgje *Norsk Telegrambyrå*.⁸⁹ Han hevda det var to grunnar til flyttinga: Partiet trengte større lokalar for å huse eit utvida sekretariat, og ikkje minst, flyttinga var eit symbol på at FrP no var det einaste som tala arbeidsfolket si sak.⁹⁰

Oppsummering

Det er ingen tvil om at FrP, og dei første par åra ALP, i 1970- og 80-åra forfekta eit svært negativt syn på LO. Som protestparti var det skattespørsmålet som opptok partiet mest. Lågare skattar ville føre til at eit medlem av LO ville sleppe å vere avhengig av inntektsvekst etter lønsoppgjera, i følgje partiet. Etter at partiet tok til seg den liberalistiske ideologien, fekk FrP dessutan ideologisk forankra grunngjevingar for sine åtak på LO. Korleis skal vi oppsummere FrP sitt syn på LO på 1970-80-talet? FrP sitt hovudankepunktet mot LO ser ut til å vere rolla LO spelte i lønsfastsettinga. FrP ville ha desentraliserte, bedriftsvise lønsoppgjer, der kvar enkelt arbeidar forhandla si eiga løn, og sine eigne vilkår med arbeidsgjевaren sin. Dette ville vere ein fri arbeidsmarknad meinte partiet. Alle lover og det LO kalla faglege

⁸⁶ Aardal 2003: 267.

⁸⁷ *Fremskritt* 1989: *Formannen har ordet: FrP-støtte til fagorganiserte – men mot LO-pampene!* 25. oktober. Leiartikkel av Carl I. Hagen.

⁸⁸ *Fremskritt* 1989: *Formannen har ordet: FrP-støtte til fagorganiserte – men mot LO-pampene!* 25. oktober. Leiartikkel av Carl I. Hagen.

⁸⁹ NTBtekst 1989: *FrP flytter inn på Youngstorget.* 6. juli.

⁹⁰ NTBtekst 1989: *FrP flytter inn på Youngstorget.* 6. juli.

rettar, som minstelønsprinsippet, reglar for arbeidstid og liknande der arbeidsmiljølova sette grenser burde opphevast, fordi det hindra nettopp denne frie marknaden. I staden for å krevje høge løner i kostbare, sentrale lønsoppgjer, burde arbeidstakarane få lågare skattar på inntekta si, meinte partiet. Lønskrava til LO var skadeleg for bedriftene, og dermed også ei årsak til den aukande arbeidsløysa. Lågare skattar ville også gje arbeidstakarane meir igjen av realløna, slik at ein slapp å krevje høgare løner. Dette var synspunkt som partiet hadde halde på sidan Anders Lange tala i Saga Kino i 1973. Frp ville med sin politikk endre tariffsystemet totalt, og dermed ta bort store delar av den makta og påverknaden LO hadde i arbeidslivet.

Det er også klart at det nære samarbeidet med Ap var eit grunnlag for kritikken frå FrP. LO burde ikkje bruke medlemmane sine pengar på å støtte Ap, meinte FrP. Denne haldninga var klar i partiet sitt program allereie i 1977, då var det lagt vekt på at viktige avgjersler ikkje burde takast ”på kammerset” i LO og Ap. I 1989 ser det ut som partiet i aukande grad appellerte til dei LO-medlemmane som var misnøgde med politikken til Ap og det fagleg-politiske samarbeidet mellom LO og Ap. Ni prosent av LO-medlemmane røysta FrP, og sidan LO hadde veljarar frå ulike parti, burde også organisasjonen vere nøytral, hevda FrP. Kanskje var det allereie ein strategi frå Carl I. Hagen å oppfordre LO-medlemmar som røysta FrP til å ta opp kampen i LO? FrP ville i alle fall ikkje anerkjenne LO som arbeidstakarorganisasjon, utan at organisasjonen vart politisk nøytral og heldt seg unna lønsspørsmål og spørsmål som kunne belaste arbeidsgjevaren. FrP ynskte å vingeklippe LO og fjerne organisasjonen frå den sentrale posisjonen i norsk samfunnsliv. Det er i denne samanheng også interessant at FrP allereie mot slutten av 1980-åra freista å framstå som eit parti for arbeidarar. Symbolikken i at partiet flytta inn på Youngstorget, markerte 1. mai og siterte frå Internasjonalen viste at arbeidarar var ei gruppe FrP no ville rette søkelyset mot. Desse grepene kunne også vere eit forsøk på å skape tilhøyre hjå denne gruppa. Ved å karakterisere LO som eit organ for Ap kunne partiet trekke til seg veljarar som var misnøgde med dette. Målet med engasjementet overfor LO og arbeidarklassa avslørte Hagen sjølv: Utan røyster frå arbeidsfolk vert eit parti aldri stort.

Dei som åtvara om at FrP var eit fagforeningsfiendtleg parti, hadde på mange måtar rett. I talen i 1985 som vi har sett tidlegare, sa Hagen at partiet var farlig for alle som tok fridomen frå individet. FrP såg på LO som ein fridomsfrårøvande organisasjon. Retorikkbruken i talar og utspel i media var langt kraftigare enn ordbruken i partiprogramma. Hagen sin

karakteristikk av LO som eit organisasjonstyranni, oppsummerar eigentlig godt synet han og FrP hadde på LO i 1970- og 1980-åra.

Kapittel 3. Eit folkeparti i emning? (1990-1998)

Dette kapitlet skal belyse FrP sitt syn på LO og arbeidslivspolitikk i åra 1990-98. Åra mellom 1990-94 var på mange måtar turbulente for FrP. Partiet var prega av både indre motsetnadar og strid, og därlege valresultat. I 1994 kulminerte dette i eit oppgjer på partiet sitt landsmøte. Dette førte mellom anna til at fire stortingsrepresentantar, og mange av deira meiningssvorne, meldte seg ut av partiet. I dette kapitlet skal eg studere uroa og det påfølgjande oppgjeret i partiet, og undersøke om dette og endringane som skjedde i partiet fekk noko å seie for synet på LO og arbeidslivspolitikken til partiet.

Kapitlet skal også ta for seg Carl I. Hagen si rolle i sysselsettingsutvalet frå 1992, som skulle legge ein strategi for å få bukt med den store arbeidsløysa i landet. Strategien fleirtalet i utvalet la fram fekk tilnamnet *Solidaritetsalternativet*. Hagen la som mindretal fram ei innstilling der han i klartekst viste arbeidslivspolitikken til FrP, og synet på LO. Dei første åra av 1990-talet fokuserte FrP mykje på LO, kjeldematerialet tyder på at perioden etter oppgjeret i 1994 var langt fredelegare mellom FrP og LO. Det fins færre kjelder frå 1995-98, i den forstand at det finns færre avisartiklar og liknande som omtalar utspel frå FrP mot LO. Tyder dette på at perioden var ei fredstid mellom dei to? Korleis tilnærma FrP seg LO i desse åra? Stortingsvalet i 1997 var ein stor opptur for partiet. Det vil vere interessant i dette kapitlet å sjå om det var endring eller kontinuitet i arbeidslivspolitikken til FrP, som fylgje av endringane i partiet, særskilt etter oppgjeret i 1994 og fram mot valet i 1997.

Profilendring, valnederlag og indre strid

På FrP sitt landsmøte i 1990 proklamerte formann Carl I. Hagen nye ambisjonar for FrP. Partiet var klart for regjeringsmakt, og i følgje *Dagens Næringsliv* ønskte Hagen at FrP fram mot stortingsvalet i 1993 skulle arbeide for deltaking i ein ikkje-sosialistisk regjeringskoalisjon saman med Høgre og KrF.⁹¹ For å få til dette måtte partiet no profilere seg som eit ansvarleg samarbeidsparti overfor dei ønskelege samarbeidspartnerane. ”Vi skal gradvis fjerne de skranker som er satt opp mot vår deltagelse i regjeringen.”⁹² Vi skal føre en konstruktiv og samarbeidsvillig opposisjonspolitikk, men ikke være noe haleheng til

⁹¹ *Dagens Næringsliv Morgen* 1990: *FrP skal bli et samarbeidsparti*. 31. mars.

⁹² Etter Stortingsvalet i 1989 hadde Høgre, KrF og Senterpartiet danna ein regjeringskoalisjon, under leiing av Jan P. Syse (H). Regjeringa heldt berre litt over eit år og vart oppløyst i november 1990 på grunn av EU-saka (jf. mellom anna Benum 1998: 135-36.) Senterpartiet sin EU-motstand gjorde det umogleg å samarbeide med Høgre.

regjeringen,” sa Hagen.⁹³ Formannen sette nye og strengare ansvarskrav til sine medlemmar, både offentleg og privat. Lovovertredingar kunne ikkje godtakast. Medlemmane måtte lære seg å fylgje dei vedtak som landsmøtet gjorde, uansett om dei stod på fleirtals- eller mindretalssida. Partiorganisasjonen skulle også styrkast og utvidast. Medlemstalet skulle doblast på to år, og desse skulle verte skulerte gjennom *Framstegsskulen*.⁹⁴ I følgje Jan Ove Ekeberg og Jan Arild Snoen skulle partiet bruke Ap som modell til å bygge ein regjeringsdyktig partiorganisasjon og organisasjonskultur.⁹⁵

Hagen nekta likevel for at ansvars- og samarbeidsvilja markerte slutten på tida som protestparti, og hevda desse kunne gå hand i hand. ”Vi skal være det vi er, men vi skal være noe i tillegg,” sa Hagen⁹⁶. Ein av dei fremste representantane for den populistiske fløya i partiet, Jan Simonsen, avviste frå talarstolen at det var ein motsetnad mellom protest og ansvar. Han karakteriserte eit slikt utsegn som ”pissspreik” .⁹⁷ Det var tilsynelatande få som protesterte på profilendringa. Det var likevel nokre skeptiske røyster, blant desse var sentralstyremedlem Sturla Slappgård. Han åtvara mot å gjennomføre for store endringar for fort. ”Nå har vi fått stor oppslutning. La oss ikke legge om politikken vår så mye og så fort at oppslutningen blir borte,” bad Slappgård.⁹⁸

Mot slutten av 1980-åra hadde den liberalistiske ideologien tiltrekt seg mange nye medlemmar til partiet. Det var i stor grad ungdommen i partiet som var dei sterkeste liberalistiske ideologane. Dette kom mellom anna til syne i spørsmålet om EF-medlemskap. Ungdomspartiet var blant dei fremste tilhengjarane i partiet. At ungdomspartiet i nokre saker fylgte den liberalistiske ideologien i sterkegrad enn moderpartiet, førte fleire gongar til konfliktar i partiet. I februar 1990 provoserte FpU mange i partiet ved å gå inn for fri innvandring og homofilt partnarskap.⁹⁹ Dei to som mange rekna som Hagen sine kronprinsar i partiet, Pål Atle Skjervengen og Tor Mikkel Wara, var glødande liberalistar. Under landsmøtet i 1990 tok Skjervengen eit oppgjer med populismen i partiet, og meinte at utspela til mellom andre Jan Simonsen gav partiet eit bajaspreg.¹⁰⁰ Carl I. Hagen skriv i sin sjølvbiografi ”Ærlig talt” at det etter lokalvalet i 1991 vart klart at partiet var delt i tre fløyar,

⁹³ NTBtekst 1990: *Hagen: FrP inn i regjering*. 30. mars.

⁹⁴ NTBtekst 1990: *FrP med regjeringsdeltakelse som rettesnor*. 1. april.

⁹⁵ Ekeberg og Snoen 2001: 179.

⁹⁶ NTBtekst 1990: *FrP med regjeringsdeltakelse som rettesnor*. 1. april.

⁹⁷ NTBtekst 1990: *FrP med regjeringsdeltakelse som rettesnor*. 1. april.

⁹⁸ NTBtekst 1990: *FrP med regjeringsdeltakelse som rettesnor*. 1. april.

⁹⁹ Ekeberg og Snoen 2001: 191.

¹⁰⁰ Ekeberg og Snoen 2001: 190.

den kristenkonsernative, den populistiske og den liberalistiske. Hagen si rolle var i følgje han sjølv å forsøke å halde gruppa så samla som mogleg.¹⁰¹

Eit utrykk for at partiet var delt i tre fløyar kom til syne allereie under landsmøtet til FrP i 1990. Nestformannvalet i partiet vart eit val mellom tre representantar frå dei tre fløyane, liberalisten Wara, den sjølverklærte rå-populisten Jan Simonsen¹⁰² og den tidlegare KrFaren John Alvheim. Resultatet vart at Wara vart første nestformann, medan Simonsen vann kampen mot Alvheim om vervet som andre-nestformann. Med den nye partileiinga hadde partiet verkeleg sjansen til å vise at fløyene kunne arbeide godt saman. På Atle Skjervengen fekk hovudansvaret for å leie valkamputvalet som skulle legge strategien for kommune- og fylkestingsvalet i 1991. Han hadde også leia dette utvalet ved suksessvala i 1987 og 1989. Strategien til valkamputvalet la vekt på at partiet måtte framstillast som mest mogleg seriøst, fremje økonomisk liberalisme og sidan det var lokalvalkamp styrke sin lokale profil ved å fokusere på lokale saker. Innvandring, som hadde vore ei av dei viktigaste suksessakene ved tidlegare val, men som var ei av sakene som i størst grad splitta partiet, skulle vere ei ikkje-sak. Valkamputvalet hadde konkludert med at dette ikkje lenger var ei vinnarsak for partiet. Dette skal det ha vore usemje om i partiet.¹⁰³

Hadde den nye ansvarlege linja endra FrP sitt syn på LO før valet i 1991? Ei av dei store politiske utfordringane i Noreg ved inngangen til 1990-åra, var den høge arbeidsløysa. Frå 1989 stod landet overfor massearbeidsløyse, og denne heldt fram med å stige ved byrjinga av det nye tiåret. I 1991 var over 145.000 personar, om lag 6,8 prosent av arbeidsstyrken ledig.¹⁰⁴ I 1991 var det kommune- og fylkestingsval, og gjennom valkampen heldt Hagen fram med å skulde LO og Ap for arbeidsløysa, som han også hadde gjort før stortingsvalet i 1989. ”Arbeiderpartiet sier ”arbeid for alle er jobb nummer en”. Når de mislykkes så totalt med jobb nummer en, hvordan går det da med jobb nummer to og nummer tre?”¹⁰⁵ Han angreip LO for å ha fleire milliardar ståande i fond, milliardar dei i følgje Hagen burde bruke på å investere i arbeidsplassar. I marknadsliberalistisk ånd karakteriserte han veljarane som kundar, og skulda

¹⁰¹ Hagen 2007: 187.

¹⁰² Det er Dagens Næringsliv som hevdar at Simonsen hadde erklært seg dette: ”Det er Fremskriftspartiets kulturpolitiske talsmann Jan Simonsen som har gitt seg selv betegnelsen ”råpopulist”. *Dagens Næringsliv Morgen* 1990: *FrP inn i varmen?* 30. mars.

¹⁰³ Ekeberg og Snoen 2001: 193.

¹⁰⁴ Bjørnhaug m.fl. 2000: 111.

¹⁰⁵ NTBtekst 1991: *Fredelig da FrP trakk i gang valgkampen.* 10. august.

dei sosialistiske partia for å leve for dårlege varer til kundane, til altfor høge prisar. Kundane burde ha valfridom.¹⁰⁶

Under LO sin sysselsettingskonferanse i august 1991 var Carl I. Hagen invitert til å vere ein av innleiarane. Han nyttar då nok ein gong høvet til å gå til frontalåtak på LO. Inspirert av Emile Zola sin kjente avisartikkel, om justismordet på den franske kaptein Albert Dreyfus, opna Hagen alle sine 15 åtakspunkt med ”Jeg anklager”. Han gav LO skulda for arbeidsløysa i landet fordi organisasjonen hadde auka bedriftskostnadane ved å presse opp lønene, og for å ha pressa regjeringa til å påføre bedriftene lover og reformer som fjerna deira rørslefridom. Han gjekk til åtak på LO for å ha kjempa fram sjukelønsordninga og pensjonsreglar, for misforstått snillisme gjennom mellom anna tariffavtalar med minsteløn. Han gjekk også til åtak på det han såg på som LO sitt stivbeinte lønsforhandlingssystem og på LO sitt ynskje om reduksjon av arbeidstida. FrP-formannen samanlikna LO si arbeidslivsorganisering med ei hinderløype, der hindra var så store og uoverstigelege at færre stilte til start, og stadig færre kom til mål.¹⁰⁷ Til slutt retta Hagen sine åtak direkte mot LO-leiar Yngve Hågensen¹⁰⁸: ”Yngve Hågensen. Du har satt prisen på dine medlemmers arbeidskraft så høyt at kjøperne blir borte. (...) Dette er så enkelt at det bare er LO-lederen som ikke forstår det.”¹⁰⁹ Mange politiske ekspertar, og motstandarar, karakteriserte åtaka som urimelege. KrF sin stortingsrepresentant Jon Lilletun var ein av dei som reagerte. Han kalla angrepa for skammelege, fordi han såg på LO som den mest ansvarlege fagrørsla i Europa.¹¹⁰

Om lag ein månad etter sysselsettingskonferansen var det altså kommune- og fylkestingsval. Resultatet vart eit nederlag for FrP. 6,5 prosent oppslutnad, var ein klar tilbakegang frå stortingsvalet i 1989, men også i høve førre lokalval i 1987.¹¹¹ Partiet mista 321 kommune- og fylkesstyrepllassar. Til *Dagens Næringsliv* innrømte Carl I. Hagen at partiet hadde gjort fleire feilgrep. Han hevda at partiet hadde mista mykje av sitt sær preg ved å forsøke å fjerne proteststemelet, og partiet hadde vorte for feigt fordi oppteke av å kompromisse. ”Vi må ha noen saker der vi kjemper helt kompromissløst, ellers blir vår politikk utvannet,” sa Hagen.¹¹² Under landsmøtet til FrP i 1990 hadde Hagen hevda at det ikkje var noko motsetnad mellom

¹⁰⁶ NTBtekst 1991: *Fredelig da FrP trakk i gang valgkampen*. 10. august.

¹⁰⁷ NTBtekst 1991: *Arbeidsledigheten: Hagen anklaget LO for alt*. 21. august.

¹⁰⁸ Yngve Hågensen var leiar for LO i perioden 1989-2001.

¹⁰⁹ NTBtekst 1991: *Arbeidsledigheten: Hagen anklaget LO for alt*. 21. august.

¹¹⁰ NTBtekst 1991: *Arbeidsledigheten: Hagen anklaget LO for alt*. 21. august.

¹¹¹ Aardal, valgstatistikkk. (nettside).

¹¹² Dagens Næringsliv Morgen 1991: *Carl I. Hagen truer med å gå*. 14. september.

ansvar og protest, og at proteststempelet ikkje skulle fjernast. Hagen sin kommentar var difor nokså sjølvmotseiande. Kanskje meinte han at forsøket på å framstå som eit ansvarleg og samarbeidsvillig parti hadde gått ut over proteststempelet. Hadde balansen mellom ansvar og protest vorte for ujamn? Hagen var no lei av ukloke soloutspel frå enkeltrepresentantar, og kravde full lojalitet. ”Følg partiprogrammet slavisk eller forsvinn. (...) Nå forlanger jeg at partiet blir krassere i kantene, og jeg krever lojalitet bak mine utspill – selv når de er ukloke,” sa Hagen til *Dagens Næringsliv*.¹¹³ I følgje avisas ville Hagen trekke seg som formann dersom han ikkje fekk tilnærma diktatorisk makt.

Motsetnadane mellom fløyene i partiet hadde vorte klarare under valkampen. Mange i partiet, spesielt den populistiske fløya, hadde vore sterkt usamme med strategien som valkamputvalet hadde lagt. Spesielt strategien om å gjere innvandring til ei ikkje-sak vekte harme hjå mange. Dette hadde ført til at mange hadde gått ut i media med sine eigne meningar og utspel. I følgje Hagen hadde han sjølv vore ueinig med liberalisten Skjervengen sin strategi, men valte å vere lojal mot valkamputvalet. Hagen skriv i sin sjølvbiografi ”Ærlig talt”:

Det var en stor feil fram min side som jeg skulle gremmes over i mange år fremover. Jeg skulle ikke tatt hensyn til at en del av de unge ikke hadde oppfattet – eller hadde fortrengt – at innvandringspolitikken hadde vært en betydelig årskak til at vi gjorde det godt ved valgene i 1987 og 1989. Og jeg skulle ikke tatt hensyn til at de var flaue over den delen av FrPs politikk.¹¹⁴

FrP hadde lagt lokk på ei av sakene som tidlegare hadde både gjeve dei mange veljarar, men også svært mange fiendar. Innvandringsdebatten var tidlegare prega av at dei andre partia frykta for stigmatisering, og dermed frykta for å verte skulda for rasisme.¹¹⁵ I 1991 tok likevel byrådsleiarkandidat frå Ap i Oslo, Rune Gerhardsen, til orde og kritiserte den såkalla snillistiske politikken landet førte overfor innvandrarar, trygdemisbrukarar og kriminelle.¹¹⁶ Retorikken var svært lik den som FrP tidlegare hadde ført. Carl I. Hagen kunne, som Francis Sejersted skriv: ”med atskillig rett si – velkommen etter.”¹¹⁷ Hagen sitt problem var likevel at partiet han styrte hadde lagt innvandringssaka død. Gerhardsen sitt utspel hadde slått godt an i Oslo aust og i breie lag av grunnfjellet til Ap.¹¹⁸ Ap kunne dermed nyte godt av ei av dei store vinnarsakene til FrP, medan FrP sjølv hadde sett seg på sidelinja. Mange i FrP meinte at forsøka på å verte teke seriøst av dei andre partia på borgarleg side gjorde at partiet hadde

¹¹³ *Dagens Næringsliv Morgen* 1991: *Carl I. Hagen truer med å gå*. 14. september.

¹¹⁴ Hagen 2007: 185.

¹¹⁵ Sejersted 2005: 428.

¹¹⁶ Ekeberg og Snoen 2001: 195.

¹¹⁷ Sejersted 2005: 428.

¹¹⁸ Ekeberg og Snoen 2001: 195.

distansert seg frå dei veljarane som trykte partiet til sitt bryst ved gjennombrotsvala i 1987 og 1989. Valkampstrategien, som Skjervengen var hovudarkitekten bak, fekk skulda for den låge valoppslutnaden.

Det var likevel ikkje alle som delte denne oppfatninga. I ein kommentarartikkel i *Fremskritt* hevda FpU-formann Jan Erik Fåne, som tilhørde den liberalistiske fløya i partiet, at partiet hadde tapt valet på enkeltpersonar kjørte populistiske saker i valkampen. Han hevda at partiet på langt nær hadde framstått som eit trygt og truverdig alternativ. Han hevda at mange av dei sakene som FrP hadde fått merksemd for i media var av heilt klar populistisk karakter. Han framheva kastrering av valdtektsforbrytarar, heimsending av asylsøkjarar, fjerning av røysterett for utanlandske statsborgarar, tvangsbehandling av narkomane og oppgjeret med LO, som saker enkeltrepresentantar hadde fronta på trass av den vedtekne strategien.¹¹⁹ Det siste truleg med direkte adresse til partiformann Hagen sine utspel på sysselsettingskonferansen. Desse sakene var i den forma dei kom, i aller høgste grad populistiske, hevda Fåne, og meinte at dei som hadde gått ut med desse populistiske sakene hadde vore illojale mot partiet og partiet sin strategi. Han oppfordra til å ha ”is i magen” og ikkje endre på den ansvarlege linja.

Det var ingen tvil om at FrP var eit parti prega av store motsetnadar i 1991. Carl I. Hagen hadde verkeleg eit dilemma. Han skulle freiste å halde desse svært så ulike fløyene samla i eit parti. Det kan verke som om Hagen før valet i 1991 rekna den liberalistiske som den mest skikka til å nærme seg dei andre borgarlege partia, samstundes som han til dømes var avhengig av dei meir folkelege populistane for å vinne røyster. Hagen ynskte seg regjeringsmakt, og då måtte partiet framstå som ansvarleg, men samstundes såg det altså ut som partiet trengde proteststemelet for å vinne røyster. Utan oppslutnad, inga regjeringsmakt. Å finne ein gyllen middelweg mellom fløyene var ei formidabel utfordring. Hagen si løysing såg ut til å vere å styrke si eiga makt over partiet. Korleis påverka dette synet på LO? Jan Erik Fåne kommenterte oppgjeret med LO som ei negativ årsak i valkampen. Carl I. Hagen hadde i ei liste over feilgrep i *Dagens Næringsliv* innrømt eit dumt uspel mot LO.¹²⁰ Ingen av avisartiklane utdjupar dette nærmare. Det verkar som om Fåne meinte det var forma framfor innhaldet som var problemet i dette oppgjeret. Var det dette Hagen også meinte?

¹¹⁹ *Fremskritt* 1991: *Derfor vant vi ikke valget!* 27.september. Kommentarartikkel av Jan Erik Fåne.

¹²⁰ Denne lista var i følgje avisar: ikkje tøff nok, dumt utspill mot LO, feilberegna pressa, vart for seriøs, gløymte rikspolitiske saker og batt seg for mykje opp mot strategien. *Dagens Næringsliv Morgen* 1991: *Carl I. Hagen truer med å gå*. 14.september.

Hadde han gått så hardt ut mot LO under sysselsettingskonferansen at det hadde verka mot FrP? Ville FrP legge om stilen overfor LO? Året etter fekk Hagen i alle fall høve til å legge fram sine syn på arbeidslivspolitikken i det Regjeringsoppnemnte sysselsettingsutvalet.

Solidaritetsalternativet

Arbeidsløysa var som vi har sett ei av dei største utfordringane i norsk politikk og samfunn ved byrjinga av 1990-åra. I 1991 sette regjeringa Harlem Brundtland ned eit utval som skulle legge ein strategi for korleis dette problemet kunne løysast. *Sysselsettingsutvalet* vart leia av tidlegare statsråd frå Ap Per Kleppe, og alle partia på stortinget, samt LO og NHO var representert. Både FrP og LO gjekk inn i utvalet med sine tyngste representantar, leiarane Carl I. Hagen og Yngve Hågensen.

Sommaren 1992, før sysselsettingutvalet sitt arbeid var ferdig, gjekk Yngve Hågensen ut i media og lanserte eit forslag som han også hadde lagt fram for utvalet. Partane i arbeidslivet skulle inngå det som vart kalla ei femårig samfunnskontrakt med regjeringa. Denne medførte mellom anna at LO skulle forplikte seg til framleis å stille moderate lønskrav, og myndighetene skulle forplikte seg til å gjennomføre tiltak som verkeleg monna i kampen mot arbeidsløysa.¹²¹ Utspellet frå Hågensen fekk ei svært blanda mottaking. Hågensen hadde langt i frå heile fagrørsbla bak seg. Felles forbundet, Hågensen sitt eige forbund, ville i følgje VG nekte å godta Hågensen si samfunnskontrakt. ”Vi har ansvarlige organisasjoner i arbeidslivet her i landet som er fullt i stand til å ta seg av lønnsfastsettelsen, både sentralt og lokalt. Det prinsippet bør vi holde fast ved”, sa forbundsleiaren Kjell Bjørndalen.¹²² Han meinte at fagrørsbla var klart best tent med å få ta hand om lønsdanninga på fritt grunnlag, for då å kunne stille dei rette lønskrava og gå inn for dei naudsynte vedtaka for å redusere arbeidsløysa.¹²³ Yngve Hågensen hevdar i sin sjølvbiografi at hans utspel hadde fått litt ulike framstillingar i forskjellige media. Han hevdar at Kjell Bjørndalen sine utspel var basert på ufunderte lekkasjar, og at Fellesforbund-leiaren etter at den endelege innstillinga var lagt fram fekk eit nytt syn på saka, og sa til sitt eige forbund si avis: ”Våre bange anelser er gjort til skamme, og takk for det.”¹²⁴ Frå lokale delar av LO var misnøya mot leiaren stor fleire stadar. Nestlearen i Trondheim faglege Samorganisasjon, Rolf Rynning Hansen, og leiaren den faglege Samorganisasjonen i Tromsø, Gudmund Garfjell, meinte Hågensen hadde hamna på feil sida,

¹²¹ Aftenposten Aften 1992: *Stordugnad mot Arbeidsledighet*. 16. juli.

¹²² VG 1992: *Blankt nei til Yngve*. 12. august.

¹²³ VG 1992: *Blankt nei til Yngve*. 12. august.

¹²⁴ Hågensen 2004: 222.

og burde trekke seg som LO-leiar.¹²⁵ Tove H. Lehre, leiaren i Samorganisasjonen i Lillehammer, skreiv i *Dagens Næringsliv* at Hågensen sitt forslag var reaksjonært, og at han ”med sitt utspill om at arbeidsfolk skal vise moderasjon støtter Yngve Hågensen opp om den gamle borgerlige myten: at lønningane er det som knekker norsk næringsliv.”¹²⁶ Kritikken av samfunnskontraktforslaget kom ikkje berre frå Hågensen sine eigne. Carl I. Hagen uttalte at forslaget var så latterleg at ein måtte vere LO-leiar for å kome med det.¹²⁷

18. august 1992 var utvalet sitt arbeid slutført, og vart overlevert Finansdepartementet med tittelen: *En nasjonal strategi for økt sysselsetting i 1990-årene*. Utvalet fram ei innstilling som hadde breid semje i utvalet, utanom tre representantar. Kristin Clemet frå Høgre og Asbjørn Bjørnset frå SV hadde kvar sin særmerknad, men begge var innanfor ramma av den felles hovudinnstillinga.¹²⁸ Det klaraste unntaket frå denne semja var Carl I. Hagen. Han valte å legge fram ei eiga mindretalsinnstilling. Yngve Hågensen skildra utgangspunktet til utvalet i sin sjølvbiografi på følgjande måte: ”Med så ulike folk som meg og Carl I. Hagen i samme utvalg kunne vi selvsagt ikke legge fram noen enstemmig innstilling.”¹²⁹ Strategien utvalet la fram fekk tilnamnet *solidaritetsalternativet*, og sette ”større krav enn vanlig til dem som har arbeid om å vise solidaritet med de arbeidsløse.”¹³⁰ Ein skulle ha som målsetting å redusere arbeidsløysa med 3-3,5 prosent. For å få til dette måtte pris- og lønsveksten vere lågare enn i konkurrentlanda. Eit tettare samarbeid mellom LO, NHO og myndighetene var ein føresetnad for dette.¹³¹ Løysinga fleirtalet i utvalet skisserte var altså eit tettare og meir forpliktande inntektpolitisk samarbeid. Solidaritetsalternativet vart dermed sett ut i livet, som ei femårig samfunnskontrakt mellom fagrørsla, næringslivet og myndighetene. Fagrørsla skulle i perioden vise moderasjon i lønsoppgjera, slik at lønsemada til bedriftene auka. Myndighetene skulle sørge for auka sysselsetting ved å føre ein meir ekspansiv finanspolitikk og ein meir aktiv arbeidsmarknadspolitikk.¹³² Opplegget Hågensen skisserte i si lekkasje til pressa nokre månadar før utvalet la fram si utreding hadde altså i stor grad fått gjennomslag. LO, og ikkje minst Yngve Hågensen, har i ettertid rekna som hovudarkitektane bak solidaritetsalternativet.

¹²⁵ VG 1992: - *Gå av, Yngve!* 17.juli.

¹²⁶ *Dagens Næringsliv Morgen* (1992): *Reaksjonært fra Hågensen*. 29.juli. Kronikk av Tove H. Lehre.

¹²⁷ NTBtekst 1992: *Hagen: Hågensens forslag er latterlig*. 10. august.

¹²⁸ Bergh 1999: 86.

¹²⁹ Hågensen 2004: 211.

¹³⁰ Bjørnhaug m.fl. 2000: 111.

¹³¹ Bjørnhaug m.fl. 2000: 111.

¹³² Bjørnhaug m.fl. 2000: 111.

Den breie semja rundt solidaritetsalternativet var likevel, som vi har sett, ikkje samrøyistes. Carl I. Hagen valte å legge fram ei mindretalsuttaling. Hagen meinte at analysedelen til utvalet gav behov for raske og drastiske tiltak, men at dei forslag som fleirtalet fremja ikkje samsvarer med dette behovet. Hagen påpeikte at han ikkje var ueinig i storparten av utvalet si analyse av situasjonen, men var ueinig i konklusjonen.

Han hevda at analysedelen av utredinga tvert om underbygde dei forslaga og filosofien som mindretalet, altså han sjølv, bygde på. Hagen såg på den store arbeidsløysa som det viktigaste samfunnsproblemet, og kunne derfor ikkje vere med på ”at det ikke tas til orde for vesentlige endringer i den politikk som har vært ført og som har medført den store arbeidsledigheten.”¹³³ Moderasjonlinja solidaritetsalternativet la til grunn var ei vidareføring av ein feilsått politikk på området, meinte FrP-formannen.

I si innstilling fremja Hagen ein eigen handlingsplan som skisserte store endringar i norsk økonomi, og i samfunnet. Grunnlaget for denne handlingsplanen var at planøkonomien hadde spelt fallitt i land som hadde prøvd den over tid, og no også i Noreg, hevda Hagen. Den sosialdemokratiske planøkonomi hadde ført til ein enorm ubalanse i norsk økonomi. Det høge skattetrykket hadde svekka konkurranseevna til det verdiskapande næringslivet, meinte FrP-formannen.¹³⁴ Det som var naudsynt var eit systemskifte, og ein langsiktig strategi for varig balanse i norsk økonomi med låg inflasjon, låg rente og låg arbeidsløyse. Korleis ville Hagen få til dette? Endringane som måtte utførast måtte ha som siktemål gjere det attraktivt å starte eller utvide næringsverksem, og det måtte og gjerast endringar som fekk bedrifter og næringsdrivande til å føle at dei gjorde ein ønska innsats, meinte Hagen. For å få bukt med et veksande underskot i offentleg sektor, måtte ressursar som kapital og arbeidskraft flyttast frå offentleg sektor, til det private verdiskapande næringslivet. Offentlege utgifter måtte reduserast for å skape økonomisk grunnlag for skatte- og avgiftslettingar, som deretter kunne skape betre konkurransenivå for det konkurranseutsette næringsliv, hevda Hagen.¹³⁵ Forteneste og profitt burde verte honnørord, for bak alle trygge arbeidsplassar var fortenestemotivet ein motivasjonsfaktor.

¹³³ NOU 1992: 26: 53.

¹³⁴ NOU 1992: 26: 54.

¹³⁵ NOU 1992: 26: 54.

Eit anna moment som var viktig i handlingsplanen til Hagen var ei omlegging til desentraliserte, bedriftsvise lønsforhandlingar. Han hevda at det sterke statlege engasjementet i lønsoppgjera i 1970-åra hadde vore svært skadeleg og medført uønska langsiktige verknadar for norsk økonomi:

Lønnsoppgjørene, slik vi kjenner dem fra 1970-årenes kombinerte oppgjør og de samordnede oppgjør på 80 tallet, gir ikke grunnlag for noe håp om at en aktiv inntektpolitikk eller såkalt samfunnskontrakt styrt av politiske organer og de store organisasjoner i arbeidslivet vil gi de ønskede resultater eller virke bedre enn desentraliserte lønnsoppgjør.¹³⁶

Også arbeidstakar- og gjevar organisasjonane si aktive rolle i politikken og økonomien bekymra Hagen. Desse hadde i følgje FrP-formannen ein ”tendens til å arbeide for økt offentleg forbruk eller reguleringer som omfordeler ressurser fra skatteinbetalere til organisasjonenes medlemmer.”¹³⁷ Utviklinga av større sentralisering av makta til lønsfastsetting var sterkt urovekkande for Hagen: ”Forsøkene på å tvinge alle fagorganiserte inn i noen få store landssammenslutninger og begrense arbeidsgiversiden til Staten, Kommunenes Sentralforbund og Næringslivets Hovedorganisasjon medfører i sin ytterste konsekvens en fare for demokratiet,” hevda Hagen.¹³⁸ Dette medførte at den enkelte arbeidstakar og bedrift sin fridom kom i stor fare, hevda han. Faglege rettar og reguleringar av arbeidslivet måtte endrast. Ei vesentleg oppmuking av arbeidsmiljølova, slik at produksjonsutstyret vart betre utnytta, og arbeidstakaren fekk større bestemmingsrett over eigen arbeidsinnsats. I tillegg burde bestemmingar om stillingsvern liberaliserast.¹³⁹ Også sjukelønsordninga måtte endrast for å stimulere til mindre fråver. Det burde innførast to karensdagar og 90 prosent sjukeløn, meinte formannen.¹⁴⁰

Handlingsplanen til Hagen for å løyse sysselsettingsproblemene innebar også storstilt sal av statleg eigedom. Statleg kapital bunde i Televerket, Postverket, Statskraft og Lufthamnsverksemda kunne frigjerast. Statoil burde eigast av folket. Det ser ut til at Hagen meinte dette bokstaveleg. Staten burde gi sine aksjar i Statoil til befolkninga. Dette ville gi ei familie på fire ei auka formue på ca. 50 000 kroner, og dessutan hadde det positiv effekt på mange område meint Hagen. Nokre ville kanskje selje sine aksjar for å kjøpe nye varer og tenester, dette auka etterspurnaden. I tillegg ville folk få ei automatisk innføring i

¹³⁶ NOU 1992: 26: 58.

¹³⁷ NOU 1992: 26: 58.

¹³⁸ NOU 1992: 26: 58.

¹³⁹ NOU 1992: 26: 61.

¹⁴⁰ NOU 1992: 26: 62.

aksjemarknaden og aksjesparing, og større kunnskap om risikoene ved aksjekjøp.¹⁴¹ Hagen sin handlingsplan la også til grunn endring av samferdsels-, helse og eldreomsorgs,- og familiepolitikk. Også u-hjelpa måtte reduserast kraftig. Det kunne ikkje forsvara å oppretthalde politikken der norsk u-hjelp sikra arbeidsplassar i andre industriland, meinte Hagen.¹⁴²

I den breie tverrpolitiske semja i *sysselsettingsutvalet* er det interessant at Hagen valte å legge fram ei mindretalsinnstilling. Hagen sine meininger fekk ikkje stort å seie for konklusjonane til fleirtalet, men kanskje såg FrP-formannen dette som ein sjanse til å verkeleg markere FrP sin arbeidslivspolitikk, og eigentleg også store delar av partiet sitt partiprogram. Bodskapen frå innstillinga om inntektpolitikk i 1982, som vi såg på i det førre kapitlet, var altså den same ti år seinare. Hagen meinte at det einaste som kunne snu trenden i norsk arbeidsliv var eit radikalt systemskifte. Hagen hadde som alle andre sett at arbeidsløysa hadde auka mot slutten av 1980-åra, trass i eit styrka inntektpolitisk samarbeid og moderate lønskrav frå LO. Hagen sine meininger hadde nok ingen sjansar til å få gjennomslag i utvalet der både LO, NHO og Ap var tungt representert. Hagen si mindretalsinnstilling i sysselsettingsutvalet viser likevel at det framleis var ei sterk grad av kontinuitet i FrP sitt syn på arbeidslivspolitikk og LO.

Oppgjeret

I åra mellom lokalvalet i 1991 og stortingsvalet i 1993 var det også ei anna sak som prega norsk politikk: folkerøystinga om EU-medlemskap i 1994. FrP var delt i synet på EU. Liberalistane var klare tilhengjarar, medan andre var motstandarar, mellom anna på grunn av innvandringssaka. I Stortinget hadde partiformann Hagen i 1988 stilt sine representantar fritt i saka.¹⁴³ I 1992 erklærte Hagen seg sjølv som tilhengjar av medlemskap. Partiet skulle likevel, så lenge som mogleg, freiste å late EU-saka vere ei ikkje-sak. FrP kom dermed på sidelinja også i stortingsvalkampen i 1993, fordi media fokuserte meir på dei markante ja- eller nei-partia. Valet vart enda eit nederlag: 6,3 prosent oppslutnad blant folket, og 3,7 blant LO-medlemmane var klar tilbakegang frå suksessvalet i 1989.¹⁴⁴ Dei indre problema var i ferd med å slite sund partiet, og dette hadde ikkje gjort valkampen enklare. Ved fleire høve kom det til kraftig konfrontasjon mellom fløyene. Hagen sine liberalistiske kronprinsar

¹⁴¹ NOU 1992: 26: 63.

¹⁴² NOU 1992: 26: 62.

¹⁴³ Ekeberg og Snoen 2001: 201.

¹⁴⁴ Aardal 2003: 267.

Skjervengen og Wara hadde varsla at dei ikkje lenger ynskte å vere med i rikspolitikken. FpU byrja å verte eit problem for partileiinga, og ungdomspartiet, med den nye formannen Lars Erik Grønntun i spissen, nytta stadig meir ekstreme verkemiddel for å tiltrekke seg merksemd. Sommaren 1992 arrangerte ungdomsorganisasjonen noko dei kalla ”skandalebussen”, her arrangerte dei guida bussturar gjennom Oslo og viste det dei kalla sosialdemokratiets forfall. ”Turistane” vart tekne med for å sjå på byens prostituerte, alkoholikarar og narkomane, i følgje FpU resultatet av politikken som vart ført i det norske sosialdemokratiet.¹⁴⁵ Same år hadde FpU ei kampanje for EU-medlemskap, der biletet av to av frontfigurane på nei-sida, Sp-leiar Anne Enger Lahnstein og SV-leiar Erik Solheim, vart plassert saman med eit biletet den kjente rasisten Arne Myrdal under tittelen ”Nasjonal samling mot EF”.¹⁴⁶ Kampanjen vart trykt på framsida av VG.

Om lag ei veke før stortingvalet i 1993 kom Carl I. Hagen med det avis VG karakteriserte som valkampens mest sensasjonelle utspel: Hagen gjekk imot lettingar på inntektsskatten for komande år. Dette fordi han meinte det var useriøst ”å love skattelettelser til lønnstagerne og samtidig ville redusere underskuddet på statsbudsjettet.”¹⁴⁷ Reaksjonane i partiet var sterke. Mange meinte dette var eit så sterkt brot med partiet sine grunnverdiar at Hagen burde trekke seg som leiar. Etter valet ville ikkje Hagen ta sjølvkritikk for sine utspel om skatt like før valet: ”Det ble en del uro siste uken, fordi jeg ikke hadde tatt opp skatteutspillet til diskusjon i partiorganisasjonen, men jeg tror ikke det hadde noen stor innvirkning på valgresultatet,” sa han i si oppsummering av valet i *Fremskritt*.¹⁴⁸ Uroa i partiet var likevel veksande. I oktober 1993 gjekk formannen for fylkeslaget til i Akershus, som var eit av dei største fylkeslaga, Per Aage Pleym Christensen offentleg ut og kravde Hagen sin avgang. Han meinte partiet trengte fornying, og at 16 år ved roret var nok for partiformannen. ”Noen hver kan få følelsen av at FrP ikke er et parti med eget program, men en bevegelse skapt rundt og for Carl I. Hagen. Ønsker Frps tillitsvalgte en slik tilstand?” spurte Pleym Christensen i ein artikkel i VG.¹⁴⁹

I januar 1994 la Carl I. Hagen fram eit forslag til resolusjon for vegen vidare for partiet. Resolusjonsforslaget med tittelen ”tilbake til fremtiden” slo mellom anna fast at partiet skulle trekke opp klare grenser mot ytterleggåande liberalisme, og Hagen var klar på at ”pånytt må

¹⁴⁵ NTBtekst 1992: *Prostitusjon og wienerbrød*. 13. juli.

¹⁴⁶ *Fremskritt* 1992: *Kraftig skyts mot anti-EF-nasjonalister*. 30. april.

¹⁴⁷ VG 1993: *Nei takk til skattelette*. 6. september.

¹⁴⁸ *Fremskritt* 1993: - *EF-saken er vårt største feilgrep*. 25. september.

¹⁴⁹ VG 1993: *Gå av, Carl I!* 2. oktober.

partiet legge til grunn at det også skal representere vanlige folk, og ikke først og fremst fremstå som talerør for intellektuelle, ideologiske og akademiske miljøer.”¹⁵⁰ Partiet skulle altså framstå som eit folkeparti. I resolusjonen låg det eit spark til den liberalistiske fløya i partiet, som mange i partiet såg på som altfor ideologisk og akademisk, og for opptekne av det teoretiske ved liberalismen. Hagen sin resolusjon var ikkje den einaste. Fire sentrale FrP-politikarar, nestformann Ellen Wibe, stortingsrepresentant Oscar D. Hillegaard, sentralstyremedlem Ellen Chr. Christiansen og fylkesformann Geir Thoresen svarte med ein alternativ resolusjon, med den retoriske tittelen ”fremtiden ligger foran oss”. På ein pressekonferanse forklarte Wibe at grunnen til at dei såg seg nøydde til å legge fram sin eigen resolusjon var at verken ho eller nokon andre hadde fått bidra i utforminga av Carl I. Hagen sin resolusjon.¹⁵¹ Motresolusjonen frå Wibe og dei tre andre ført til harme blant Hagen sine støttespelarar, som oppfatta dette som ein dolkestøyt mot formannen. Eit stort fleirtal av stortingsgruppa og sentralstyret skreiv under på eit støttebrev til Hagen. I brevet vart det hevda at Wibe underbygde førestillinga om at partiet hadde to likestilt formenn, og at Hagen ikkje på nokon måte hadde oppført seg diktatorisk, men at dei fire berre følte seg tilsidesett.¹⁵² I eit innlegg i *Fremskritt* tok stortingsrepresentant Jan Simonsen eit kraftig oppgjer med Wibe. I det svært så direkte innlegget med tittelen ”kjære Ellen – vær så snill, ikke ødelegg partiet vårt,” skulda Simonsen Wibe for å nettopp gjere dette.¹⁵³

På partiet sitt landsmøte på Bolkesjø i Telemark, i pressa raskt døypt til Dolkesjø, i april 1994, kom det endelige oppgjeret. Nestleiar Ellen Wibe overraska første dag landsmøte med å varsle sin avgang. Jan Simonsen fylgte opp med å erklære at resten av landsmøtet burde være ein einaste samanhengande hyllest til partiformann Hagen.¹⁵⁴ Krigen var likevel ikkje over så lett. Medan landsmøtet gjekk sin gang hadde fire av partiet sine stortingsrepresentantar som tilhøyrt den liberalistiske fløya, Oscar Hillgaar, Ellen Chr. Christiansen, Roy Wetterstad og Stephen Bråthen arrangert sin eigen pressekonferanse. Her varsla ”firarbanden”, som vart tilnammnet til desse, at dei ynskte å vere ein eigen fraksjon i stortingsgruppa, og ville fylgje sin eigen politikk i saker dei var ueinige med stortingsgruppa. Ingen i landsmøtetsalen kjende til dette, og i alle fall ikkje partiformann Hagen. I fylgje han sjølv fekk han først høyre om

¹⁵⁰ *Fremskritt* 1994: *Hagens resolusjon*. 8. januar.

¹⁵¹ *Fremskritt* 1994: *Wibe med alternativ resolusjon*. 8. januar.

¹⁵² *Fremskritt* 1994: *Hagen/Wibe-krigen tilspisser seg*. 15. januar.

¹⁵³ *Fremskritt* 1994: *Kjære Ellen – vær så snill, ikke ødelegg partiet vårt*. 15. januar. Debattinnlegg av Jan Simonsen.

¹⁵⁴ *Fremskritt* 1994: *Politisk debatt preget av Wibes avgang*. 23. april.

firarbanden sine planar på *Dagsrevyen* same kveld.¹⁵⁵ Store delar av representantane på landsmøtet reagerte kraftig. Ein etter ein tok sentrale partimedlemmar ordet og skjelte ut firarbanden for sin oppførsel. Stortingskollega til dei fire, Øystein Hedstrøm, oppfordra dei til å ta teoribøkene sine med seg og gå. Frøydis Lange frå Sør-Trøndelag meinte dei fire burde starte sitt eige parti og kalle det ”anarkistpartiet.” Til slutt tok partiformannen det endelege oppgjeret med firarbanden: ”Ønsker dere å være med på de premisser flertallet har bestemt eller ønsker dere det ikke? Nå må dere bestemme dere og ta ansvaret som voksne folk. Følg oppfordringen eller finn dere noe annet å drive med,” var den klare meldinga frå Carl I. Hagen.¹⁵⁶ Slaget ved Bolkesjø enda med at firarbanden, samt store delar av den liberalistiske fløya melde seg ut av partiet. Dei fire heldt fram på Stortinget som uavhengige representantar. Nokre månadar seinare meldte også den omstridde FpU-leiaren Lars Erik Grønntun seg ut, og store delar av ungdomsorganisasjonen fylgte i hans fotspor. Etter utmeldinga uttalte Bråthen, Christiansen og Wetterstad til *Fremskritt*: ”Vi føler det paradoksalt nok at det er lettere å følge partiets program utenfor enn i partiet.”¹⁵⁷

Påverka endringane i partiet synet på LO og arbeidspolitikken? I *Fremskritt* 25. september 1993 skreiv Carl I. Hagen: ”Vårt forsøk på å holde en akademisk, ideologisk høy profil for å vinne velgere i den lille gruppen høyt utdannede og velstående personer i ”Oslo Vest”, må nedprioriteres.”¹⁵⁸ I følgje Hagen var det vanskeleg å få desse til å røyste på andre parti enn Høgre, sjølv om dei var einige med FrP. Jan Ove Ekeberg og Jan Arild Snoen hevdar at Hagen no definitivt kasta vrak på liberalismen.¹⁵⁹ I høve 1. mai-markeringa i 1989 hadde Hagen, som vi såg i førre kapittel, uttalt at partiet måtte ha røyster frå vanlege arbeidsfolk dersom det ville verte stort.¹⁶⁰ Dette hadde ikkje valkampstrategien som vart lagt før valet i 1991 teke omsyn til. Liberalismen hadde ingen stor appell i arbeidarklassen. Det var protestpartiet FrP som hadde fått arbeidsfolket sine røyster. Håvard Nilsen skriv: ”Hagens kongstanke var nå å erobre Arbeiderpartiets kongerike. Den unge gjengen med glatte lugger, selvsikre hånflir og Armani-dress kunne han ikke bruke i denne sammenhengen.”¹⁶¹ Hadde forsøka på ein meir ansvarleg profil ført til at FrP hadde endra veljarmålgruppe? Det kunne verke som om partiet stod overfor ei val: Halde fram med den sokalla ansvarlege linja, som

¹⁵⁵ Hagen 2007: 218.

¹⁵⁶ *Fremskritt* 1994: *Knallhardt oppgjør med ”firerbanden”*. 23. april.

¹⁵⁷ *Fremskritt* 1994: ”Firerbanden” danner egen gruppe. 7. mai.

¹⁵⁸ *Fremskritt* 1993: - EF-saken er vårt største feilgrep. 25. september.

¹⁵⁹ Ekeberg og Snoen 2001: 229.

¹⁶⁰ *Fremskritt* 1989: *Ap- og LO-monopolet på 1. mai må brytes!* 3. mai.

¹⁶¹ Nilsen, Håvard 2007: 17.

kunne gjere partiet meir akseptabelt blant dei andre borgarlege partia, eller finne tilbake til det folkelege preget som hadde gitt oppslutnad blant arbeidarklassa ved førre val. Oppgjeret på landsmøtet i 1994 viste at Hagen og partiet valte det siste, sjølv om det førte til masseutmelding frå partiet. Var det no eit folkeparti i emning?

Sjølv om partiet hadde reinska vekk store delar av den liberalistiske fløya, og i fylgje Ekeberg og Snoen hadde kasta vrak på liberalismen, heldt partiet i programmet for perioden 1997-2001 fast på at partiet var eit liberalistisk parti, med den same ideologiske og prinsipielle bakgrunnen som tidlegare.¹⁶² Partiet hadde altså ikkje endra sitt grunnsyn. Det som er mest interessant i denne samanhengen er at arbeidslivspolitikken også var uendra. I dei fire prinsipprogramma partiet la fram i perioden dette kapitlet omhandlar, frå 1989, 1993, 1996 og 1997, var teksten under prinsippet *arbeid og sysselsetting* identisk:

Fremskriftspartiet ser på arbeid som et vesentlig grunnlag for allmenn trivsel og velstand. Bedrifters lønnsomhet og lønn for personlig innsats, anses å være en forutsetning for sikre arbeidsplasser og en fremtidsrettet økonomisk utvikling. Fremskriftspartiet vil motarbeide offentlige bestemmelser som undergraver arbeidsmoralen og effektiviteten. Lovverket skal, utover det rent sikkerhets- og helsemessige, ikke inneholde begrensninger på den enkelte borgers rett til å inngå arbeidsavtaler på de betingelser partene selv ønsker og selv ser seg tjent med.¹⁶³

I valprogramma frå 1989, 1993 og 1997 var det berre presiseringar, og nokre gongar mindre suppleringar, som skilde innhaldet i programma frå kvarandre. Partiet sitt syn var framleis at lønsoppgjer og forhandlingar skal gå føre seg bedriftsvis og dette var ein føresetnad for den frie arbeidsmarknaden som partiet framleis ynskte seg. Alle lover og reglar som regulerte arbeidslivet burde opphevast, så lenge ikkje medisinske eller tryggleiksmessige årsaker gjorde dei nødvendige. Arbeidsmiljølova skulle forenklast, mellom anna skulle det ikkje vere offentlege bestemmingar om arbeidstid eller overtid.¹⁶⁴ Partiet hadde altså gått igjennom store endringar, men arbeidslivspolitikken slik den var nedskriven i programmet var altså tilnærma den same. Synet på arbeidslivsorganiseringa var altså ikkje programmatisk endra. Det står ingenting direkte i programma om LO som organisasjon, men som vi diskuterte i førre kapittel ville LO miste store delar av makta og påverknaden organisasjonen hadde over arbeidslivet og samfunnslivet dersom FrP sin politikk vart realisert. Dersom ein held seg til det som står skrive i programmet vil altså konklusjonen verte den same i 1997 som i 1989.

¹⁶² Valprogram for Framstegspartiet, 1997-2000: 1.

¹⁶³ Prinsipprogram for Framstegspartiet, 1989: 1, 1993: 1, 1996: 1-2, og 1997: 1.

¹⁶⁴ Valprogram for Framstegspartiet, 1989-93: 13-14, 1993-97: 15-16, og 1997-01: 19-20.

Fredstid?

Det knytte seg spenning til FrP sitt landsmøte i 1995, året etter det interne oppgjeret i partiet. Landsmøtet vart ein stor opptur for formann Carl I. Hagen, som i fylgje *Norsk Telegrambyrå* vart motteken med ein så kraftig og vedvarande applaus at ein skulle tru ein venta på eit ekstranummer på ein konsert. Hagen takka landsmøtet: ”Det har vært tre historiske dager for fremskriftsbevegelsen. En sirkel som ble pågynt på landsmøtet for fem år siden, er avsluttet. Vi er blitt et gledens parti.”¹⁶⁵ *Framstegsrørsla* var ein idé Hagen lanserte etter stortingsvalet i 1989. Hagen ville at FrP skulle skape ei breiare rørsle med allianse- og kontaktbygging. Framstegsrørsla skulle vere for FrP det arbeidarrørsla hadde vore for Ap. Hagen ynskte seg FrP-folk i sentrale samfunnsposisjonar, som seinare kunne kome tilbake til partiet og prege politikken.¹⁶⁶ Bråket i partiet hadde sett ein midlertidig stoppar for tanken om framstegsrørsla. No kunne Hagen byrje å bygge partiet på nytt. Han retta ei åtvaring mot Ap: ”Arbeiderpartiet skal få merke at vi er på banen, og at vi skal vinne tilbake de velgerne Ap har hatt til låns.”¹⁶⁷

Vi har sett at FrP sitt programmatiske syn på LO i 1997 var uendra i høve dei tidlegare stortingsvalprogramma. Likevel verkar det som om partiet, og spesielt partiformannen, hadde dempa sine offentlege utbrot mot organisasjonen. Det ser ikkje ut til at det fins artiklar frå dei store riksavisen som dekkar kraftige åtak frå partiet eller Hagen mot LO eller leiar Yngve Hågensen for perioden 1995-98. Det er derimot fleire artiklar som tyder på at FrP-formannen hadde byrja å nytte ein langt meir roleg tilnæringsmåte mot LO. I mai 1997 vart justisminister Gerd-Liv Valla valt til ny nestleiar i LO. Opposisjonen på Stortinget reagerte. Høgre-leiar Jan Petersen meinte dette bekrefta samrøra mellom Ap og LO: ”Valget innebærer ikke noe nytt. Samarbeidet og de tette båndene mellom LO og Ap er en overlevning fra tidligere tider. At dette fortsatt eksisterer innebærer at LO i flere konkrete saker vil påvirke beslutningsprosessen i Ap på en uheldig måte,” meinte Petersen.¹⁶⁸ Carl I. Hagen let seg i følgje *Norsk Telegrambyrå* ikkje irritere av valet av Valla. ”Dette er jo slik det alltid har vært. Norge er et lite land, og Arbeiderpartiet og LO er siamesiske tvillinger,” sa Hagen.¹⁶⁹

Samanlikna med valkampen i 1989, som vi såg på i førre kapittel, verka det i tida før valet i 1997 som om rollene var bytta om. Då var det Hagen og FrP som nytta eitkvart høve til å

¹⁶⁵ NTBtekst 1995: *Hagen: - Ap skal få merke at FrP er på banen.* 2. april 1995.

¹⁶⁶ Ekeberg og Snoen 2001: 177.

¹⁶⁷ NTBtekst 1995: *Hagen: - Ap skal få merke at FrP er på banen.* 2. april 1995.

¹⁶⁸ NTBtekst 1997: *Petersen mener valget av Valla bekrefter samrøre.* 13. mai.

¹⁶⁹ NTBtekst 1997: *Petersen mener valget av Valla bekrefter samrøre.* 13. mai.

angripe LO. LO-leiinga hadde nok valet i 1989 framleis friskt i minne, der den dåverande leiaren Leif Haraldseth etter valet måtte innrømme at ein hadde teke for lett på trusselen frå FrP. Dette vart oppfatta som ei tabbe ein ikkje ynskte å gjere om att. Også Ap hadde varsla eit kraftig oppgjer med FrP. Etter som seinsommardagane gjekk, kom stadig fleire kraftige åtvaringar mot å røyste FrP frå LO-leiinga til sine medlemmar. Det var også før dette valet viktig for leiinga å få fram konsekvensane partiet sin politikk ville ha for medlemmane. Også dette såg Carl I. Hagen ut til å ta nokså roleg. ”Jeg tar til orientering at alle, også LO, nå skal ”ta” Fremskrittpartiet og vårt program. Det blir en utfordring for oss. Men da må de lese hele programmet,” sa Hagen til *Dagbladet*.¹⁷⁰

Dei mange åtvaringane frå LO såg ikkje ut til å påverke veljarane i altfor stor grad. Meiningsmålingar i månadane før valet i 1997 gav bod om rekordstor oppslutnad for FrP. I juli viste ei måling gjennomført av AC Nielsen for A-pressen at partiet for første gong hadde passert 20 prosent, noko som gjorde partiet til det nest største i landet.¹⁷¹ Om lag ein månad før valet presenterte Opinion ei meiningsmåling som vart karakterisert som ei måling til ettertanke i fagrørska. Berre 47 prosent av LO sine medlemmar ville røyste Ap ved det komande valet. FrP hadde gjort framsteg og var om lag likestilt med SV sin oppslutnad. Hovudkasserar i LO Bente N. Halvorsen innrømte at målinga var verdt bekymring, men fastslo at dette ikkje ville medføre endring i LO sitt valkamp-program eller endring i den finansielle støtta til Ap. Likevel framheva ho at fleirtalet i LO måtte røyste Ap dersom LO skulle fortsette å gje partiet like mykje støtte i framtida.¹⁷² I FrP hadde dei også lagt merke til målinga, og nestleiar Vidar Kleppe varsla om at FrP no ville søke LO om valkampstønad. Kleppe hevda at forholdet mellom fagorganiserte i LO-forbund og FrP lokalt var mykje betre enn det som det vart gjeve inntrykk av. ”Disse tallene bekrefter bare det vi har visst lenge. Mange fagorganiserte melder overgang fordi de mener Ap. sentra (sic) har mistet for mye av sin tradisjonelle politikk”, sa Kleppe til *Aftenposten*.¹⁷³ Han hevda det var overdrive at FrP og LO stod så langt frå kvarandre som mange hevda. Også i Kristiansand freista partiet å nytte seg av at mange av deira veljarar var medlemmar av LO. Her sökte lokalaget til FrP om 10 000 kroner i valkampstøtte frå LO. I søknadsbrevet heitte det: ”LO har mange medlemmer som stemmer Fremskrittpartiet ved valg og derfor bør partiet være berettiget til å motta

¹⁷⁰ *Dagbladet* 1997: Politikkspalten – Feil, Yngve! 3. juli.

¹⁷¹ *Nordlys Morgen* 1997: FrP passerer 20%. 10. juli.

¹⁷² *NTBtekst* 1997: Flertallet i LO stemmer ikke Arbeiderpartiet. 2. august.

¹⁷³ *Aftenposten Morgen* 1997: Fr.p. ber om valkamstøtte fra LO. 3. august.

økonomiske midler frå dere på lik linje med Arbeiderpartiet.”¹⁷⁴ *Fremskritt* tok tråden og kritiserte på leiarplass at LO hadde gjeve pengestøtte til ”velgeraksjonen – Folk for Jagland”, ein aksjon som i følgje avisa skulle sikre høg oppslutnad til Ap. *Fremskritt* hevda at det i framtida ville vere umogleg for LO å framstå som ein nøytral organisasjon, open for alle uansett partipolitiske preferansar og engasjement.¹⁷⁵ For ordens skuld, FrP fekk ingen valkampstønad frå LO.

Valresultatet vart ein formidabel opptur for FrP. Med oppslutnaden på 15,3 prosent var partiet landets nest største. 12 prosent av dei LO-organiserte gav røysta si til partiet, noko som gjorde partiet til det nest største i LO. Valet i 1997 gav landet ny regjering. *Sentrumsregjeringa* vart danna av KrF, Sp og Venstre, under leiing av statsminister Kjell Magne Bondevik frå KrF. I november 1998 gjekk LO-leiar Yngve Hågensen ut å inviterte regjeringa, alle partia på stortingen og hovudorganisasjonane i arbeidslivet med på eit samarbeid for å meisle ut den nye velferdsstaten, og vidareføre solidaritetsalternativet. Blant dei inviterte var også FrP og Carl I. Hagen. Hagen takka ja til invitasjonen og ville gi Hågensen sitt forsøk på å bygge ein brei allianse ein sjanse. ”Når Hågensen inviterer med YS og AF, og forsøker å bygge en bred allianse, er saken en helt annen. Da stiller også jeg opp,” sa Hagen til VG.¹⁷⁶

Oppsummering

Perioden dette kapitlet har omhandla var ei innhaldsrik periode for FrP. Forsøket på å gå frå å vere eit protestparti til å verte eit ansvarleg samarbeidsvillig parti med regjeringsmakt som mål, hadde ikkje vore vellukka. Partiet tiltrak seg for få veljarar, og var i ferd med å gjere det som Hagen i 1989 påstod Høgre hadde gjort: Ikkje ta konsekvensen av at dersom eit parti skulle verte stort måtte det ha røystene frå vanlege arbeidsfolk. Profilendringa måtte reverserast, FrP måtte etterstreve ein folkeleg appell, og fokusere på saker folk flest var opptekne av. Innvandringssaka, som vart ikkje-sak i 1991, vart teke fram att etter valfiascoen. Det viste seg at det ikkje var så enkelt å forene eit parti med tre klare, og delvis motstridande fløyer. Oppgjeret måtte kome, og hovuda måtte rulle. Hagen kvitta seg med dei som hadde minst potensiale til å trekke til seg røyster frå arbeidarklassen.

¹⁷⁴ *Fremskritt* 1997: *Kristiansand FrP: Vil ha LO-støtte*. 2. august.

¹⁷⁵ *Fremskritt* 1977: *Lo og valg*. Leiarartikkel. 2. august.

¹⁷⁶ VG 1998: *Sammen blir de dynamitt*. 27. november.

Sjølv om liberalistane var ute av partiet etter landsmøtet i 1994, heldt likevel partiet på den liberalistiske ideologien som sitt grunnlag i partiprogrammet. Partiprogrammet i 1993 vart av mange karakterisert som det mest gjennomførte liberalistiske programmet til partiet, men arbeidslivspolitikken var altså uendra i 1997, og var framleis sterkt liberalistisk. Fri arbeidsmarknad, med bedriftsvise lønsoppgjer, og utan reguleringar som sette grenser for arbeidsgjevarane eller arbeidstakarane sin fridom, var framleis hovudfokuset. Likevel verka det som om partiet endra tilnærkinga si mot LO siste del av perioden. Sjølv om partiet stod for nøyaktig det same synet på LO i programmet var dei voldsame utfalla og åtaka mot organisasjonen kraftig tona ned. Med vedtaket om å fjerne LO si makt og påverknad over arbeidslivet framleis liggjande fast i programmet, søkte FrP om valkampstøtte frå LO. Nestleiar Kleppe sin kommentar om at FrP og LO ikkje stod så langt frå kvarandre som mange hevda vert på mange måtar tilbakevist av FrP sitt program, i alle fall når det gjeld arbeidslivsorganiseringa. Det Kleppe seier om LO er likevel interessant. Såg FrP no ein sjanse til å bevege seg inn på Ap sitt territorium og drage nytte av at Ap-veljarar var misnøgde med sitt parti? Var dette berre byrjinga på ein ny strategi i tilnærminga mot LO? Dette skal vi sjå nærare på i neste kapittel.

Kapittel 4. Nye strategiar (1999 – 2004)

Dagbladet presenterte i mai 1999 ein strategi, avslørt av sentrale kjelder i FrP, som skulle føre til regjeringsmakt for partiet. I denne strategien var ei ny tilnærming til LO eit sentralt ledd. I 2004 presenterte partiavisa *Fremskritt* ein ny strategi som partiet sitt strategiutval hadde vedteke, også denne med formål å skaffe partiet regjeringsmakt og posisjonar. Også denne strategien innebar ei ny tilnærming til LO og fagrørska sentralt. Eg har valt å kalle dei to strategiane for *samarbeidsstrategien* (1999) og *erobringsstrategien* (2004). Også LO endra sin strategi i perioden. Stortingsvalet i 2001 vart ein enorm nedtur for Ap, og då også for deira nærmeste samarbeidspartnar LO. Landet fekk ei ny borgarleg regjering, med FrP som støttegrunnlag på Stortinget. LO og Ap byrja tidleg å legge planar for korleis ein kunne skifte ut denne regjeringa i 2005. Ein viktig strategi i så måte var å styrke banda og det fagleg-politiske samarbeidet mellom dei to. Dette spelte også inn på FrPs utspel og strategiar. Ei enkeltsak som spelte ei stor rolle i valkampen 2001 var *sjukelønsordninga*. Ordninga har vore ei hjartesak for LO. FrP hadde, som vi har sett tidlegare, lenge ynskt å kutte i denne ordninga. Vi skal sjå på korleis partiet stilte seg til denne saka i partiprogrammet i 2001, og i tida rundt valet. Var arbeidslivspolitikken til FrP framleis prega av kontinuitet med tidlegare standpunkt?

Samarbeidsstrategien

Heilt sidan Carl I. Hagen i 1980-åra byrja å hevde FrP sin rett til også å feire den internasjonale arbeidardagen 1. mai, hadde det vore ein tradisjon at partiet markerte dagen. I følgje Hagen var det ein viktig grunn til FrP si sterke deltaking denne dagen: ”Vi feirer arbeidsfolks reiselse mot utnyttelse og vi markerer at 1. mai ikke tilhører sosialistene.”¹⁷⁷ Det provoserte mange at FrP brukte denne dagen til å markere sitt syn på arbeidslivet og fagrørska. Hagen, og den øvrige partileiinga sine talar denne dagen hadde ofte vorte møtt av demonstrasjoner, og ofte måtte politiet trå til for å halde sine demonstrantar borte. LO var heller ikkje særskilt begeistra for FrP si deltaking 1. mai: ”Det er ikke det at Arbeiderpartiet skal ha hevd på å markere denne dagen, men siden Fremskrittspartiet er imot den frie fagbevegelse, synes jeg det ikke passer seg at partiet markerer arbeidernes internasjonale kampdag,” sa LO-leiaren i Stjørdal John Arve Forbord til FrP-avisa *Fremskritt*.¹⁷⁸ Det var

¹⁷⁷ *Fremskritt* 1999: Samles på Hell. 30. april.

¹⁷⁸ *Fremskritt* 1999: Fagforeningspamp lite begeistret for FrP-show 1. mai. 30. april.

ikkje tilfeldig at det var Forbord som var intervjuet om saka. Det var i Stjørdal FrP skulle arrangere landsmøte i 1999 og i det høve markerte 1. mai. Carl I. Hagen utdjupa på ein pressekonferanse før landsmøtet kor viktig det var at FrP markerte denne dagen: ”Vi markerer kampen mot det som tynger arbeiderne ned. Statens lover skal ikke bøyne ned folket og folket skal ikke tynges ned av skatter.”¹⁷⁹ Dette var ei klar tilvisning til det Hagen fleire gongar hadde vist til som si favorittstrofe i den internasjonale arbeidarsongen ”Internasjonalen”, som vi finn i tredje vers:” I mot oss statens lover bøyes, av skatter blir vi tyngt ned.”¹⁸⁰ I *Fremskritt* 30. april 1999 skreiv Ståle Urbye, utgreiar ved politisk avdeling av FrP sitt servicesekretariat, at det var FrP som i pakt med ”internasjonalen” si ånd viste solidaritet med og sloss for å betre kåra for vanlege folk, sidan partiet ville lette skattetrykket. Ap kjempa ikkje for å redusere makta til staten, FrP si førsteprioritering var framleis kampen mot skattar, avgifter og offentlege inngrep, hevda Urbye.¹⁸¹ I FrP sine auge var det altså no dei som var dei nye forkjemparane for den vanlege mann og kvinne.

”Det er ikke rart det hersket klassekamp tidligere i dette hundreåret. Vi har alle mye å takke Arbeiderpartiet for”. Desse orda kom frå Carl I. Hagen under FrP-formannen sin 1. mai-tale i 1999 på torget i Stjørdal. Innhaldet i talen var særstak overraskande. I staden for å kritisere LO og Ap, kom han med ros til arbeidarrørsla, takk til Ap, og ei utstrekkt hand til LO. Hagen siterte nok ein gong favorittstrofa si frå ”Internasjonalen”, men Hagen sin tale tok fleire overraskande vendingar. Han fortsette med å omtale LO-leiar Yngve Hågensen som ”min gode venn Yngve”¹⁸², og om LO sa Hagen: ”Vi kan ikke lenger ligge i hver vår ideologiske skyttergrav.”¹⁸³ Hagen inviterte LO til seriøs dialog og partnarskap, og antyda mellom anna eit forslag. Dersom LO ville kome FrP i møte og gå inn for fjerning av formueskatten og endring av delingsmodellen, burde FrP kunne akseptere statleg eigde fond som investerar i norsk industri. Hagen slo fast at medan det førre hundreåret hadde vore arbeidarrørsla sitt, ville det nye verte framstegsrørsla sitt.¹⁸⁴ Etter Hagen sa landsmøtedelegaten Erling Stenrød til *Dagbladet*:” Han skal bli den nye landsfaderen han nå.”¹⁸⁵

¹⁷⁹ *Fremskritt* 1999: Samles på Hell. 30. april.

¹⁸⁰ ”Internasjonalen” syngast ved landsmøta til LO og partia på venstresida, her er det vanleg å sygne første vers og deretter refreng etter to gongar.

¹⁸¹ *Fremskritt* 1999: 1.mai – også *Fremskrittspartiets dag*. 30. april.

¹⁸² *Dagbladet* 1999: Hagen vil bli statsmann... Og dette er Frp's hemmelige strategi. 2. mai.

¹⁸³ *Bergens Tidende Morgen* 1999: Hagen frir til fagbevegelsen. 2. mai.

¹⁸⁴ *Dagbladet* 1999: Hagen vil bli statsmann... Og dette er Frp's hemmelige strategi. 2. mai.

¹⁸⁵ *Dagbladet* 1999: Hagen vil bli statsmann... Og dette er Frp's hemmelige strategi. 2. mai.

Hagen sitt utspel i talen 1. mai var ikkje det einaste som overraska i høve landsmøtet til FrP. I si landsmøtetale opna også nestleiarkandidat Siv Jensen døra på gløtt for statleg eigarskap. Store delar av representantane var derimot slett ikkje fornøgde med partileiaren og den komande nestleiaren si lefling med statleg eigarskap. Stortingsrepresentant Jan Simonsen var ein av dei krassaste kritikarane. Han hevda Hagen gambla med partiet sin seriøsitet og truverd, og karakteriserte forslaget som noko som minna om sosialistisk vrakgodsrå fra Aust-Europa.¹⁸⁶ Også ungdomspartiet til FrP, FpU, reagerte kraftig. ”Denne saken handler om sjela vår. Statlig eierskap er et offentlig inngrep og helt i strid med FrP’s grunnprinsipper. Dette er ikke nye tanker. Dette er 100 år gamle marxistiske tanker”, sa leiaren for ungdomspartiet, Anders Anundsen.¹⁸⁷ FpU la også fram ein resolusjon, som vart samråystes vedteke, der det stod at: ”Fremskrittspartiets landsmøte fastholder Fremskrittspartiets politikk vedrørende statlig eierskap.”¹⁸⁸

Carl I. Hagen heldt under landsmøtet fram med å oppfordre sine partifellar til samarbeid med fagrørsle. Han hevda at dersom partiet skulle nå målet sitt om å konkurranseutsette alle kommunale tenester, var ein nøydd til å ta dei tilsette i kommunane og deira organisasjonar på alvor. ”Vi må innse at de offentlig ansatte har verdifull kompetanse som vi har bruk for når vi vil sette tjenester ut på anbud,” sa Hagen, og oppfordra FrP sine lokalpolitikarar til å ta kontakt med dei lokale avdelingane av Kommuneforbundet.¹⁸⁹ Hagen understreka sterkt koriktig det var at partiet stod fram som seriøst og samarbeidsvillig: ”Vi kan ikke lenger bare være et parti som protesterer. Vi må gå på akkord med noen av våre ønskedrømmer. Vi må velge samarbeid, og være pragmatiske. Selv om det kan ta tid,” sa Hagen.¹⁹⁰ Hagen søkte no altså nok ein gong ein meir seriøs profil og samarbeidsvilje. Protestpartistempelet skulle dempast.

I LO vart ikkje talen til Hagen motteke med særskilt overtyding. ”Vi må ta enhver invit til samarbeide alvorlig, men jeg er litt mer i tvil om hvor alvorlig dette er ment fra Hagens side”, sa leiaren i Fellesforbundet, Kjell Bjørndalen.¹⁹¹ Både Bjørndalen og LO-leiar Hågensen avventa at Hagen skulle ta kontakt, men antyda at dersom ikkje politikken i FrP sitt partiprogram vart vesentleg endra var ikkje eit slik ”partnerskap” aktuelt. LO-leiaren minna

¹⁸⁶ Aftenposten Morgen 1999: *Fremskrittspartiets landsmøte. Skarp debatt om ingenting.* 3.mai.

¹⁸⁷ Dagbladet 1999: *Et bittert nederlag for Hagens nye linje.* 3.mai.

¹⁸⁸ Aftenposten Morgen 1999: *Fremskrittspartiets landsmøte. Skarp debatt om ingenting.* 3.mai.

¹⁸⁹ Bergens Tidende Morgen 1999: *Hagen frir til fagbevegelsen.* 2.mai.

¹⁹⁰ Dagbladet 1999: *Hagen vil bli statsmann... Og dette er Frp`s hemmelige strategi.* 2.mai.

¹⁹¹ Aftenposten Morgen 1999: *Tar ikke Hagen alvorlig.* 3.mai.

om at Hagen gjennom mange år hadde vore motstandar av dei faglege hovudorganisasjonane: ”I hans verden skal ikke LO eksistere,” sa Hågensen.¹⁹² Heller ikkje leiaren i Ap hadde særleg tru på Hagen si utstrakte hand til fagrørsla, og peikte på den openbart store usemja om dette i FrP. ”Jeg ser dette mer som en taktisk manøver for å gjøre seg lekker for Arbeiderpartiet og LO,” sa Thorbjørn Jagland.¹⁹³ For Jagland var det sjølvsagt ikkje ønskeleg at den uttalte politiske hovudfienden til partiet han leia skulle inngå allianse med den nærmeste samarbeidspartnaren til partiet.

Kva var bakgrunnen for Hagen si plutselige samarbeidsvilje overfor LO? *Dagbladet* presenterte i ein artikkel dagen etter talen til Hagen ei mogleg forklaring på dette. Avisa hadde snakka med sentrale FrP-politikarar som stadfesta at partiet arbeidde etter ein bevisst strategiplan i fire fasar, der siste fasa skulle ende i regjeringsmakt.¹⁹⁴ Fyrste fase var å gjere partiet etande for dei andre partia på stortinget. Denne fasa vart i følgje avisas sine kjelder gjennomført etter stortingsvalet i 1997, då statsminister Kjell Magne Bondevik og Sentrumsregjeringa tok partiet inn i varmen som ein del av regjeringa sitt parlamentariske støttegrunnlag. FrP viste med det at partiet var i stand til å samarbeide, hevda avisas sine kjelder. Den andre fasa var å sørge for at FrP kom i ansvarlege posisjonar lokalt. Kommunevalet skulle sikre FrP fylkesordførarar, ordførarar og varaordførarar. Før kommunevalet i 1999 hadde partiet ingen fylkesordførarar eller ordførarar. Partiet håpte etter valet å få eit par fylkesordførarar og 10-20 ordførarar, samt enda fleire varaordførarar. FrP fekk berre ein ordførar i 1999, Terje Søviknes i Os kommune, men ved valet i 2003 fekk partiet 13. Den tredje fasen er den mest interessante i denne samanhengen. FrP skulle få skikkelig fotfeste i fagrørsla. Partiet sine veljarar utgjorde ein betydeleg del av LO-massen, og det skulle no byggast alliansar, og inngåast partnarskap med fagrørsla. Den siste fasen, sjølvle fulleininga av Hagen sitt livsverk, skulle altså vere regjeringsmakt. Då *Dagbladet* konfronterte Hagen med strategien sa han med eit breitt glis: ”Det er en interessant analyse.”¹⁹⁵

At FrP hadde hemmelege strategiar for å oppnå det alle politiske parti ynskjer å oppnå, politisk makt og påverknad, er i og for seg inga overrasking. Dersom vi tek utgangspunkt i at

¹⁹² NTBtekst 1999: *Vil ikke kommentere Hagens invit.* 2. mai.

¹⁹³ *Aftenposten Morgen* 1999: *Tar ikke Hagen alvorlig.* 3. mai.

¹⁹⁴ Eg veit ikkje kven desse kjeldene er, og det er i så måte berre avisas si framstilling som er tilgjengeleg. Strategien vart ikkje tilbakevist av FrP, og Hagen sin reaksjon talar ikkje for at han avkrefta noko. Fleire seinare hendingar passar også inn i ei slik ramme.

¹⁹⁵ *Dagbladet* 1999: *Hagen vil bli statsmann... Og dette er Frp`s hemmelige strategi.* 2. mai

dette var ein reell strategi for FrP, kan vi rekne den første fasa som fullført i perioden 1997-2001, sjølv om partiet på langt nær blant alle politiske parti var rekna som stovereint. Fase to var heller ikkje uoppnåeleg, å vinne lokalpolitisk makt er i stor grad avhengig av veljaroppslutnad. Partiet var avhengig av høg oppslutnad ved kommunevala for å oppnå dette. Fase tre skulle vise seg å vere vanskelegare for partiet. I alle fall om ein ser på LO-leiinga sin reaksjon. Det viste seg fort at Yngve Hågensen ikkje var innstilt på å inngå partnarskap med Hagen. På landsmøtet til Handel og Kontor i september 2000 hevda LO-leiaren at FrP sin politikk ville rasere fagrørsla. ”Alt vi står for i forbindelse med solidaritet, likeverd og rettferdighet vil bli sendt på skraphaugen. Vi kunne reist hjem alle sammen,” sa Hågensen.¹⁹⁶ LO-leiaren gav på mange måtar arbeidarrørsla sjølv skulda for FrP sin framgang i fagrørsla, og hevda at årsaka til framgangen var oppsamla frustrasjon over rentepolitikken, bruken av oljepengar og at Ap gav inntrykk av å ikkje ta standpunkt i viktige saker. Statsbudsjettet den sitjande Ap-regjeringa skulle legge fram, Ap sitt landsmøte og LO-kongressen ville avgjere kor lenge framgangen til FrP ville vare, meinte LO-leiaren. Under den fagleg-politiske fylkeskonferansen i Molde nokre dagar seinare fortsette Hågensen å åtvare mot FrP. Han hevda at FrP ville gå enda lenger i sin kamp mot fagrørsla enn kva Thatcher gjorde i Storbritannia, og at partiet hadde ei tvers igjennom negativ haldning til fagrørsla sitt arbeid. Hågensen konkluderte også her med at dersom FrP fekk føre sin politikk, ville grunnlaget for fagrørsla forsvinne.¹⁹⁷

Hagen sitt svar til Hågensen gav ikkje inntrykk av gammalt venskap. Hågensen stod meir fram som ein talsmann for Ap, enn som representant for LO-medlemmane, hevda FrP-leiaren, før han gjekk til åtak på det fagleg-politiske samarbeidet mellom Ap og LO:

Det er et helt forkastelig samrøre mellom LO og Ap. Hågensen skal representere sine medlemmer uavhengig av partipolitiske vurderinger. Det bør bli slutt på dette samrøret. (...) Hensynet til Ap kommer foran hensynet til LOs medlemmer. Slik virker hans krampaktige utfall mot FrP på meg.¹⁹⁸

Hagen meinte Hågensen burde bruke sin posisjon og si makt i Ap til å få til skattelette for medlemmane sine. I staden for tre kroner meir i løn, ville folk få lågare skatt, noko som også ville bringe inflasjonen på eit lågare nivå og sikre låg rente, hevda Hagen. Etter dette var Hagen sin tone overfor det fagleg-politiske samarbeidet til LO og Ap skarp. I førre kapittel

¹⁹⁶ Aftenposten Morgen 2000: *Hågensen: Fr.p. vil rasere fagbevegelsen.* 27. september.

¹⁹⁷ NTBtekst 2000: *Hågensen brukte storslegga mot Hagen.* 1. oktober.

¹⁹⁸ VG 2000: *Gir LO-Yngve bank.* 3. oktober.

såg vi at Hagen reagerte forholdsvis roleg då Gerd-Liv Valla vart valt til nestleiar i LO samstundes som ho var sitjande statsråd i ei Ap-regjering. Var det avslaget på samarbeidsinvitasjonen som fekk Hagen til å skifte språkbruken mot LO i 2000? Den forkastelege samrøra, som Hagen kalla samarbeidet mellom LO og Ap, er på langt nær eit nytt fenomen. Vi skal sjå litt nærmare på det fagleg-politiske samarbeidet, og på stortingsvalet i 2001 som sette dette alvorleg på prøve.

Det fagleg-politiske samarbeidet og valet 2001

Ein grunnspilar i arbeidarrørsla har alltid vore det nære samarbeidet mellom LO og Ap.¹⁹⁹ Frå oppstarten av LO har dei to organisasjonane ofte vorte omtalt som siamesiske tvillingar.²⁰⁰ Etableringa av LO i 1899 førte til ei ny arbeidsfordeling innanfor arbeidarrørsla. Ap vart nøysett på som den politiske delen av fagrørska, og partiet skulle konsentrere seg om generelle sosiale reformer, og overlate spørsmål om lønn og arbeidsforhold til LO.²⁰¹ Dette har endra seg med åra, men samarbeidet mellom dei to organisasjonane har alltid vore tett. Det har eksistert ulike ordningar for å sikre gjensidig vekst og for å gjennomføre ønskeleg politikk. Ei ordning som var viktig i forholdet første halvdel av 1900-talet var den kollektive medlemskapen. Fagforeiningane meldte då kollektivt inn sine medlemmar i Ap, medan det i partiet var ein regel at alle medlemmar måtte tilhøyre eit fag forbund dersom dette var mogleg, for å forsikre seg om gjensidig medlemsstraum.²⁰² Denne ordninga vart avvikla i 1996.

Mellom andre ordningar som har vore viktige i det fagleg-politiske samarbeidet mellom LO og Ap vore *samarbeidskomiteen* der leiingane i organisasjonen møtast for å diskutere politiske sakskompleks og fagleg-politiske problemområde²⁰³, og den finansielle stønaden LO gir Ap i høve valkampar. Det fagleg-politiske samarbeidet har ofte vore gjenstand for diskusjon, både innafor LO og Ap, og i den politiske opposisjonen. Mange har lenge hevdat at sidan rundt halvparten av LO sine medlemmar ikkje røystar Ap burde dei sterke banda brytast

¹⁹⁹ Bjørgum 1999: 31.

²⁰⁰ Jf. mellom anna Maurseth 1987: 47

²⁰¹ Haugsgjerd Allern 2007: 102.

²⁰² Haugsgjerd Allern 2007: 102.

²⁰³ Skjeie 1999: 108. Den faste medlemslista i denne samarbeidskomiteen er frå Ap: leiaren og evt. statsminister/og/eller parlamentariske leiar dersom vervet er delt, nestleiar(ar) og sekretær. Frå LO: Leiar og nestleiar. LO sin representasjon er også avhengig av om dei sentrale vervet i Ap er delt. Dersom dei er det, og fleire møter frå Ap, aukar også LO sin representasjon i komiteen. J.f. Skjeie 1999: 108.

og det fagleg-politiske samarbeidet opphevast.²⁰⁴ Stortingsvalet i 2001 skulle ytterlegare forsterke denne debatten.

Valresultatet til Ap i 2001 var ikkje mindre enn ei katastrofe for partiet. Oppslutnaden på 24,3 prosent av røystene var ein tilbakegang på 10,7 prosent sidan valet i 1997, og det svakaste valresultatet sidan 1924. Om vi tek omsyn til at den låge oppslutnaden i 1920-åra har samanheng med at partiet i perioden var splitta,²⁰⁵ var valresultatet det dårlegaste sidan 1909.²⁰⁶ Ap var prega av indre konfliktar. Etter at Gro Harlem Brundtland trakk seg tilbake som leiar hadde det gått føre seg ein maktkamp mellom partileiar Thorbjørn Jagland og Jens Stoltenberg. Då partiet tok regjeringsmakta i 2000 delte partiet leiarskapet. Jagland var framleis partileiar, medan Stoltenberg vart statsminister. Indre samarbeidsproblem var likevel ikkje den einaste årsaka til det elendige valresultatet. Under valkampen før stortingsvalet i 2001 gjekk Ap kraftig ut mot mellom anna Høgre og FrP fordi dei ville kutte i sjuklønsordninga med formål å redusere det høge sjukefråveret. To veker før valet kunne avis *Dagens Næringsliv* avsløre at Ap tidlegare same året sjølv hadde arbeidd med å få LO og arbeidsgjevarorganisasjonane til å godta kutt i sjukelønsordninga.²⁰⁷ I dokumentet ”Skisse til oppfølgingsstrategi – Sandmanutvalget” skal regjeringa ha freista å selje desse kutta med tiltak som skulle blidgjere fagforeiningane. Arbeidstakarane skulle mellom anna få høgare frådrag for fagforeningskontingeneten.²⁰⁸ Kutta ville dermed få størst konsekvensar for uorganiserte arbeidarar. LO nekta likevel å godta denne skissa, og då Ap og LO seinare la fram eit felles valkampmanifest var *både* bevaring av sjukelønsordninga og heving av skattefrådraget for fagforeningskontingent sentrale punkt.²⁰⁹

Då media tok tak i denne saka berre eit par veker før valet nekta både arbeids- og administrasjonsminister Jørgen Kosmo og statsminister Jens Stoltenberg for at det hadde vore aktuelt å kutte i sjukelønsordninga. Stoltenberg hevda at skissa berre inneholdt idear til dialog

²⁰⁴ EF-valet i 1972 og den påfølgjande høgrebølgja braut, som vi såg i kapittel 2, stabiliteten i veljarmönsteret. I 1969 røysta 75,1 prosent av LO sine medlemmar på partiet. I 1973 var dette talet redusert til 55,6 prosent. Oppslutnaden om Ap blant LO sine medlemmar heldt seg mellom 50 og litt over 60 prosent ved alle stortingsval til 1997. For fullstendig tabell over LO-medlemmar si stemmegjevning ved stortingsval 1965-2001, sjå Aardal 2003: 267.

²⁰⁵ I åra 1921-1927 var Ap splitta i tre parti. I 1921 braut høgresida i partiet ut og danna *Norges Socialdemokratiske Arbeiderparti*, to år seinare danna kommunistane i partiet *Norges Kommunistiske parti (NKP)*. I 1927 vart partiet samla igjen, men då utan kommunistane som heldt fram med NKP. (J.f. m.a: Maurseth 1987, Furre 1999: 94).

²⁰⁶ Aardal 2003: 7-8.

²⁰⁷ *Dagens Næringsliv* 2001: *Slik skulle Ap kutte sykelønsordningen*. 25. august.

²⁰⁸ *Kommunal Rapport* 2001: *Ap ville gi uorganiserte lavere sykelønn*. 25. august.

²⁰⁹ *Dagens Næringsliv* 2001: *Slik skulle Ap kutte sykelønsordningen*. 25. august.

med partane i arbeidslivet.²¹⁰ Reaksjonane og kritikken vart ikkje overraskande kraftig. Opposisjonen stempla regjeringa som dobbeltmoralsk. ”Det er eiendommelig at Jens Stoltenberg med stor innlevelse har talt mot kutt i sykelønnen, når det nå kommer fram at han har forsøkt begrensinger i sykelønnsordningen. Dette er ikke spesielt renhårig,” uttalte Høgrefeiar Jan Petersen.²¹¹ FrP sin formann Carl I. Hagen gjekk enda lenger i sin kritikk og bad riksadvokaten om å etterforske Stoltenberg for korruption, etter at ein avisartikkel hevda at LO trua med å trekke tilbake pengestønaden dersom Ap kutta i ordninga.²¹² ”Jeg konstaterer at statsministeren ikke på noen måte har benektet at det ble vurdert endringer i sykelønnsordningen, og han benekter heller ikke at press og 6,7 millioner i valgkampstøtte frå LO ble utslagsgivende for regjeringens standpunkt,” sa Hagen til *Fremskritt*.²¹³

Sjukelønssaka var truleg eit bidrag til den dårlige veljaroppslutnaden til Ap. I sjølvansakinga etter valet erkjente Ap at denne saka, saman med forsøket på å modernisere offentleg sektor som skulle vere Stoltenberg-regjeringa sitt store prosjekt²¹⁴, hadde ført partiet på kant med sine kjerneveljarar.²¹⁵ Og kjerneveljarane hadde verkeleg straffa Ap. I LO gjekk partiet ned 21 prosent.²¹⁶ Tusenvis av LO-organiserte lèt vere å røyste, eller røysta på andre parti.²¹⁷ Debatten om det fagleg-politiske samarbeidet mellom LO og Ap blussa for alvor opp etter valet i 2001. Leiaren i Norsk Transportarbeiderforbund, og medlem av SV, Per Østvold, hevda at LO miste truverdet sitt dersom det ikkje skjedde ei endring i forholdet, og at valresultatet viste at Ap var på kant med offentleg sektor.²¹⁸ Andre forbundsleiarar var av same oppfatning. Også i Ap fanst høge røyster som tala for eit slikt skilje. Ein som også var raskt ute og kravde ei endring i samarbeidet var tidlegare byrådsleiar i Oslo Rune Gerhardsen. ”Ap må ha et godt forhold til alle arbeidstagerorganisasjonene, men ingen formelle forbindelser eller bindinger. Partiet bør ha én kontrakt, og det er mellom parti og velger.”²¹⁹ Gerhardsen hevda det var heilt nødvendig at partiet viste at det var uavhengig LO, om dette så

²¹⁰ NTBtekst 2001: - *Vi vil aldri kutte i sykelønnen*. 25. august.

²¹¹ NTBtekst 2001: *Jan Petersen: Dette er for dårlig Jens!* 25. august.

²¹² Adressavisen Morgen (2001): *Anmelder Jens for korruption*. 30. august.

²¹³ Fremskritt 2001: *Korrupt Stoltenberg?* 1. september.

²¹⁴ Regjeringa hadde mellom anna foreslått delprivatisering av Statoil og ei storstilt helsereform med fristilling av sjukehusa i eigne føretak.

²¹⁵ Dagbladet 2001: *Stortingsvalget 2001. Nå starter oppvasken etter alle Ap's tabber*. 8. september.

²¹⁶ Berre 32,8 prosent av LO sine medlem røysta på partiet, altså ein nedgang på 21 prosent sidan 1997. Mange av veljarane gjekk til SV som auka sin oppslutnad med om lag 10 prosent til 16,5. Høgre var likevel partiet med størst framgang i LO, frå 5,8 prosent i 1997 hadde partiet no fått røystene til 18,1 av LO-medlemmane. Med FrP sine 10,4 prosent var dei to partia lengst til høgre i partilandskapen no til saman berre om lag fire prosent mindre enn Ap i LO. Alle tala er henta frå: Aardal 2003: 267

²¹⁷ Dagens Næringsliv Morgen 2001: *Gjorde sjefstabben*. 20. september.

²¹⁸ Klassekampen Morgen (2001): *Samarbeidet med Ap må diskuteres*. 12. september.

²¹⁹ Dagens Næringsliv 2001: *Ber Ap bryte med LO*. 11. september.

skjedde på bekostning av samarbeidskomiteen og pengestønaden. Gerhardsen framheva til *Dagens Næringsliv* at sjukelönssaka hadde gitt veljarane inntrykket av at Ap tok det standpunktet dei gjorde i den saka fordi LO la ned veto om det. Dette hadde også opposisjonen hevda før valet. Han hevda at mange SV-veljarar eigentleg ville ha røysta på Ap, men valte SV for å gi partiet ein nasestyvar.²²⁰ Også partileiar Thorbjørn Jagland opna for å vurdere samarbeidet: ”Har vi samarbeidsformer med LO som stenger for et bredere samarbeid med andre lønnstaker-grupper, så må vi se på det,” sa Jagland etter valresultatet var kjent.²²¹

Ved LO-kongressen i mai 2001 hadde Yngve Hågensen gått av som leiar i organisasjonen, og vorte etterfølgd av nestleiar Gerd-Liv Valla.²²² Under Ap-landsmøtet eit halvt år tidlegare hadde Hågensen følgd tradisjonen og teke attval som medlem av sentralstyret til partiet for to nye år.²²³ Valla hadde på førehand sagt at ho ønskete ein diskusjon om kor LOs representasjon i sentralstyret til Ap. Ho meinte det viktigaste var å behalde samarbeidskomiteen mellom partiet og fagrørsla.²²⁴ Fram til Ap-landsmøtet hausten 2002 var Hågensen sitjande i sentralstyret. Under landsmøtet sa Valla nei til å ta sete i sentralstyret, og vart med det den første LO-leiaren som ikkje sat i Aps øvste leiande organ.²²⁵ ”Jeg gjør ikke dette for å svekke det faglig-politiske samarbeidet. Det skal finne nye former og styrkes,” sa Valla til landsmøtet.²²⁶

Etter det dårlige valresultatet i 2001 sette leiinga i Ap ned eit ”katastrofeutval” som skulle diskutere valresultatet og planlegge vegen vidare for partiet. I partiet var det fleire ulike oppfatningar av korleis ein skulle gå fram for å få skuta på rett kjøl. Nokre hevda løysinga var å bryte dei tette banda til LO, slik mellom anna det danske sosialdemokratiske partiet hadde gjort. Andre meinte at banda burde styrkast, som tilfellet var i Sverige. Det var også dei som meinte at partiet måtte halde fram å gå mot høgre, som Labour i Storbritannia, og freiste å vinne dei såkalla ”Arne Olav-veljarane”. Dette var veljarar som tidlegare hadde røysta Høgre, men som no halla mot Ap. Namnet hadde dei fått frå Gro Harlem Brundtland sin ektemann,

²²⁰ *Dagens Næringsliv* 2001: *Ber Ap bryte med LO*. 11. september.

²²¹ *NRK (nettavis)* 2001: *Vil fri seg fra LO*. 20. september.

²²² Dette var på mange måtar eit banebrytande val for LO. For første gang vart ei kvinne valt til leiar, og i tillegg var Valla akademikar frå statleg sektor. (Hågensen 2004: 296).

²²³ Hågensen 2004: 293.

²²⁴ *VG* 2000: *Åpner for andre*. 25. oktober.

²²⁵ *Dagens Næringsliv* 2003: *Slik har LO-Valla styrket båndene til Ap*. 16. september.

²²⁶ *Bergens Tidende Morgen* 2002: *Frustrert LO-leder tok til motmæle*. 11. november.

Arne Olav Brundtland.²²⁷ Utvalet konkluderte hausten 2002 med at samarbeidet med fagrørsla måtte verte tettare.²²⁸ Partiet måtte vinne tilbake røystene frå dei mange LO-medlemmane som hadde straffa dei ved valet i 2001. Flukta frå Ap var stor i offentleg sektor, som Stoltenberg-regjeringa hadde satt seg som mål å modernisere. Mange veljarar frå denne sektoren hevda at dei ikkje kjende att partiet. ”Jeg tror mange i våre rekker har følt seg utrygg på hva partiet egentlig står for. Moderniseringen av offentlig sektor har skapt mer utrygghet enn entusiasme. (...) Ap må få en mer sosialdemokratisk profil,” meinte Gerd-Liv Valla.²²⁹ Det siste vart stadfesta av Martin Kolberg, som var forsiktig med å kalle prosessen for ei venstrevriding. ”Jeg vil ikke bruke uttrykket ”gikk til venstre”, men heller at vi gjorde oss sosialdemokratisk tydelige,” hevda Ap sin partisekretær.²³⁰

Dei første par åra etter valet i 2001 gjorde leiingane i Ap og LO fleire grep som kunne tyde på eit styrka forhold og ein ny kurs mot venstre. Sjølv om LO-leiaren ikkje lenger var medlem av sentralstyret, var Valla leiar i den viktige valkomiteen til partiet, og ho sat også i programkomiteen som skulle utarbeide forslag til Ap sitt stortingsvalprogram 2005-2009.²³¹ Samarbeidskomiteen mellom leiingane i Ap og LO heldt fram å eksistere, men også den i ny form. I staden for å møtast kvar veke vart dette endra til annankvar måndag, men møta varte lenger og grundigare førebudde.²³² Også talet på delegatar på møta var auka.²³³ I 2003 presenterte dei to ein felles fagleg-politisk plattform for det komande kommunevalet. Valforskar Anders Todal Jenssen kommenterte dei styrka banda mellom LO og Ap i 2003:

Den sterke tilnærmingen vi har sett fra Ap mot LO er historisk et skritt tilbake til røttene for Ap. Lenge har partiet sett seg tjent med å markere distanse til LO, men nå ser vi en ny dreining. Det er en samling i bånn for Ap. Utfordringen er særleg å vinne tilbake de velgerne FrP har tatt fra dem. Undersøkelser dokumenterer Carl I. Hagens retorikk; FrP er langt på vei det nye arbeiderpartiet.²³⁴

Det er ikkje utenkjøleg at dette var ein bevisst strategi ikkje berre for å gjere seg meir sosialdemokratisk tydelege, som Kolberg kalla det, men også for å markere seg overfor FrP. Styrkinga var eit viktig signal frå LO-leiinga både overfor medlemmane, men også overfor FrP, som vi skal sjå seinare no vart nøydde til å tenke nytt i tilnærminga til LO.

²²⁷ Tranøy 2007: 32.

²²⁸ Tranøy 2007: 32-33.

²²⁹ Dagens Næringsliv 2001: *Valla krever venstrevri*. 12. september.

²³⁰ Tranøy 2007: 34.

²³¹ Dagens Næringsliv 2003: *Slik har LO-Valla styrket båndene til Ap*. 16. september.

²³² Det er Dagens Næringsliv som hevdar dette.

²³³ Dagens Næringsliv 2003: *Slik har LO-Valla styrket båndene til Ap*. 16. september.

²³⁴ Dagsavisen 2003: *Ap + LO = sant*. 21.mai.

I åra mellom Ap-nederlaget i 2001 og stortingsvalet i 2005, var fokuset til dei fagleg-politiske samarbeidskameratane i LO retta mot å finne ein strategi for å få skifta ut den sitjande regjeringa. Samarbeidsregjeringa, som den sitjande borgarlege regjeringa kalla seg, bestod av KrF, Høgre og Venstre, og Kjell Magne Bondevik var tilbake på statsministerkontoret. Sjølv om KrF hadde statsministeren, og både KrF og Venstre rekna seg som sentrumsparti, vart regjeringa både i fagrørska og i Ap oppfatta som sterkt høgrevridd. Høgre var det klart største partiet og regjeringa hadde valt FrP som den viktigaste samarbeidspartnaren på Stortinget. Fleire i LO meinte no at opposisjonen frå venstre og sentrum i stortingen måtte gå saman og danne eit reelt motalternativ til stortingsvalet i 2005. Leiaren i Fagforbundet, Jan Davidsen, oppfordra Ap til å invitere SV og Sp med på ein forpliktande politisk allianse.²³⁵ I mars 2004 fridde Ap til dei to partia, eit frieri som skulle lede fram til eit raudgrønt ekteskap, og eit formalisert alternativ til den borgarlege regjeringa. Sjølv om både Sp og SV var skeptiske i starten, greidde ein å verte samde om ein felles politisk plattform for regjeringa. Målet var no at det raudgrøne alternativet skulle få fleirtal ved valet i 2005, og landet skulle få ein ny politisk kurs. Det var med sterk støtte frå LO i ryggen det raudgrøne regjeringsalternativet gjekk i gang med valkampen før valet i 2005.

Sjukelønsordninga

Vi har sett at sjukelønsordninga var ei hjartesak for LO. Ap sitt forsøk på å røre ved denne vart kontant avslått, og då dette kom fram i lyset vart det altså ein særskilt øydeleggande faktor for valresultatet til Ap i 2001. Den første lova om sjukeforsikring vart vedteken i 1909, og trådde i kraft frå 1911, og innførte rett til sjukepengar for dei lågast lønte arbeidstakarane. I 1978 vart ei rekke omleggingar i denne ordninga utført, desse er framleis grunnleggjande for dagens sjukelønsordning. Sjukelønsordninga inngår som ein del av Folketrygda, og formålet med ordninga er å gje arbeidstakrar kompensasjon for bortfall av arbeidsinntekt ved sjukdom eller skade. Ordninga sikrar arbeidstakrar 100 prosent lønskompensasjon i sjukdomsperioden i inntil 52 veker. Dei to første vert dekka av arbeidsgjevar, dei 50 siste av folketrygda. Ved kortare sjukefravære har arbeidstakaren rett til å bruke eigenmelding inntil tre kalenderdagar fire gongar i året.²³⁶

²³⁵ Dagens Næringsliv 2003: Ber Ap invitere SV og Sp til samarbeid. 7. oktober.

²³⁶ NOU 1990: 23: 23.

Korleis såg FrP på sjukelønsordninga? Då LO sette hovudfokus på FrP før stortingsvalet i 1997 var eit av hovudargumenta mot partiet at FrP ville kutte i sjukelønsordninga, og dette hadde også LO heilt rett i. FrP hadde lenge fremja forslag om slike kutt. I si mindretalsinnstilling i sysselsettingsutvalet i 1992 kommenterte Carl I. Hagen sjukelønsordninga. Då hevda han det måtte innførast to karensdagar og at sjukeløna måtte reduserast til 90 prosent for å stimulere til mindre fråver.²³⁷ I valprogrammet frå 1989 hadde partiet gått inn for 100 prosent løn ved sjukdom, og innføring av to karensdagar.²³⁸ Hagen hadde altså gått lenger enn programmet i utvalet. I FrPs partiprogram for stortingsperioden 1997-2001 var denne reduksjonen ytterlegare forsterka. Her stadfestar FrP at partiet ynskte å innføre to karensdagar i sjukelønsordninga ”bl.a. for å stimulere alle til å føle et personlig ansvar for sin egen helse, samt å gjøre det mer lønnsomt å arbeide enn å gå sykmeldt.”²³⁹ Karenstid er tida det tek frå sjukmeldinga er innlevert til utbetalinga av sjukepengar byrjar. I praksis ville FrP si ordning altså betydd tap av to dagars lønsinntekt ved sjukdom. Før omlegginga av sjukelønsordninga i 1978 inngjekk tre slike karensdagar i ordninga.²⁴⁰ I programmet frå 1997 gjekk partiet inn for enda sterke reduseringar i sjukeløna enn det Hagen argumenterte for i 1992. FrP ville ha 80 prosent sjukeløn etter karensdagane.

I valprogrammet til FrP for perioden 2001-2005 var avsnittet om sjukelønsordninga endra. ”Fremskrittspartiet vil endre sykelønnsordningen slik at arbeidstakerne stimuleres til å raskest mulig komme tilbake i arbeid etter sykdomsfravær, og gjennom bruk av egenandeler ved korttidsfravær for å begrense mulig overforbruk.”²⁴¹ Standpunktet om at sjukelønsordninga burde endrast for å redusere sjukefråveret stod framleis fast, og programmet slo også fast at det skulle vere meir lønsamt å arbeide enn å vere sjukmeldt. Eigenmeldingsordninga skulle endrast slik at tredagarsregelen vart oppheva, men totalen på 12 dagar skulle framleis stå. Det er elles noko vanskeleg å gripe kva endringar FrP ser for seg i programmet. Formuleringane om to karensdagar og 80 prosent sjukeløn, som kom klart fram i den punktvise ”vi vil”-delen i avsnittet, var fjerna. FrP hevda no i programmet at både myndighetene, arbeidstakarane og arbeidsgjevarane måtte ta eit økonomisk ansvar ved sjukdom. ”Fremskrittspartiet viser for øvrig til Sandmann-utvalgets innstilling som nettopp understrekjer ansvarsfordelingen når det

²³⁷ J.f. Kapittel 3 s. 11, og NOU 1992: 26: 62.

²³⁸ Valprogram for Framstegspartiet, 1989-1993: 31.

²³⁹ Valprogram for Framstegspartiet, 1997-2001: 54.

²⁴⁰ NOU 1990: 23: 19.

²⁴¹ Valprogram for Framstegspartiet, 2001-2005: 53.

gjelder reduksjon av sykefravær.”²⁴² Vi må altså sjå på dette Sandman-utvalet si innstilling for å finne meiningsa til FrP om sjukelønsordninga.

Sandman-utvalet, som var leia av Fylkesrådmann i Buskerud og tidlegare Ap-statsråd Matz Sandman, vart i april 1999 oppnemnt av regjeringa Bondevik ”for å utrede årsaker til økningen i sykefraværet og tilgang til uførepensjon og foreslå tiltak som kan bidra til å redusere sykefraværet og uføretilgangen.”²⁴³ I september 2000 la utvalet fram ei innstilling. I forslaget til tiltak for å redusere sjukefråveret heitte det mellom anna: ”Sykelønnsordningen må utformes slik at den stimulerer til nærvær. Det må lønne seg for arbeidsgivere å forebygge sykefravær og legge til rette for at sykmeldte arbeidstakere skal komme raskere tilbake i arbeid, og det må lønne seg for arbeidstakere å være på jobb.”²⁴⁴ Denne formuleringa var nokså lik måten FrP noko seinare formulerete seg i sitt partiprogram. For å motivere arbeidsgjevarane til å sette i gang tiltak på arbeidsplassen som ville verke reduserande på sjukefråveret og få langtidsjuke tilbake i arbeid, foreslo utvalet å utvide det økonomiske arbeidsgjevaransvaret ved sjukdom. Utvalet ville gi arbeidsgjevarane eit medfinansieringsansvar på 20 prosent av sjukepengeutbetalingane frå folketrygda, også etter den såkalla arbeidsgjevarperioden fram til 16. dags sjukmelding.²⁴⁵

Også eigenrisikoen for arbeidstakaren måtte skjerpast i følgje utvalet, som viste til at Noreg, i motsetnaden til dei fleste andre land, ikkje hadde nokon eigenandel i høve sjukdom. Dette meinte fleirtalet i utvalet burde innførast. Arbeidstakarane skulle bidra med ein eigenandel på 20 prosent redusert bruttoløn per dag i arbeidsgjevarperioden. Dette ville tilsvare ein reduksjon til 80 prosent sjukepengeutbetaling dei 16 første dagane av sjukeperioden. Etter dette, altså fram til veke 52, foreslo utvalet ingen endringar. Utvalet hadde også diskutert gjeninnføring av karensdagar, men funne at dei ikkje ville tilråde dette. Som kompensasjon for reduksjon i sjukepengane skulle trygdeavgifta settast ned slik at arbeidstakarane si løn i alt vart den same. For arbeidstakarar med 11-12 sjukefråversdagar i arbeidsgjevarperioden ville dette ikkje medføre tap, og arbeidstakarar med lågare fråver enn dette ville tvert om tene på det nye systemet, meinte fleirtalet i utvalet.²⁴⁶ Eit mindretal i utvalet, som mellom anna bestod

²⁴² Valprogram for Framstegspartiet, 2001-2005: 53.

²⁴³ NOU 2000: 27: 21.

²⁴⁴ NOU 2000: 27: 18.

²⁴⁵ NOU 2000: 27: 21.

²⁴⁶ NOU 2000: 27: 22.

av representantar frå LO og andre arbeidstakarorganisasjonar, gjekk imot at arbeidstakarane skulle bidra med eigenandel på 20 prosent redusert løn. Mindretalet grunngav dette:

Arbeidstakerorganisasjonene har over tid fremforhandlet rettigheter som innebærer full lønn under sykdom, for mange arbeidstakere. Disse medlemmene kan derfor av prinsipielle grunner ikke gå inn for forslaget om en økonomisk fordeling mellom folketrygden, arbeidsgiver og arbeidstaker som innebærer en lovfestet/allmenngjøring av at alle arbeidstakere får 20 prosent lønnsreduksjon i arbeidsgiverperioden. Redusert lønn under sykdom vil ramme de som har lavest inntekt. Det vil for mange bli en «ekstraskatt» på sykdom, og det vil heller ikke føre til bedre helse. De som i svært liten grad blir berørt av en endring i sykelønnsordningen som er foreslått er de som har stor selvstendighet i arbeidssituasjonen. Forslaget vil derfor bidra til økte forskjeller mellom grupper i samfunnet, og spesielt ramme kvinner.²⁴⁷

FrP støtta seg altså i partiprogrammet på Sandman-utvalet si ansvarsfordeling i sjukelønsordninga. Det kan bety at partiet framleis gjekk inn for 80 prosent sjukeløn under arbeidsgjevarperioden. Programmet omtalar ikkje karensdagar under punktet om sjukelønsordninga slik det hadde gjort i mellom anna 1997. Dermed kunne det sjå ut som om dette punktet var fjerna frå programmet. Dersom det var Sandman-utvalet sine tilrådingar som skulle leggast til grunn for FrP sin sjukelønspolitikk, hadde partiet altså moderert sine kutt i sjukelønsordninga ved å fjerne kravet om karensdagar. Under avsnittet *små og mellomstore bedrifter (SMB)* stod likevel fylgjande: ”Fremskrittspartiet vil: (...) redusere kostnadene ved å innføre en noe lavere arbeidsgiveravgift, samt innføre karensdager i sykelønnsordningen.”²⁴⁸ Dette avsnittet var identiske med same avsnitt i 1997-programmet. Ville partiet ha karensdagar likevel? Det stod i så fall ingenting om kor mange slike det skulle innførast. Det var altså svært uklare formuleringar i programmet til FrP. Det kan faktisk sjå ut som om endringane i høve programmet i 1997 ikkje var så store likevel.

I vekene før valet skreiv mange av FrP sine representantar innlegg i ulike aviser for å motbevise skuldingar frå mellom anna LO om at arbeidstakarar ville tape mykje pengar på å vere sjuke dersom FrP sine kuttforslag i sjukeløna vart gjennomført. Ein av desse, stortingskandidat for FrP i Sør-Trøndelag, Kristian D. Hauge, skreiv i *Adressavisen* at LO hadde gjort for därleg førehandsjobb i forkant av skuldingane. Han hevda LO hadde teke utgangspunkt i det utgårte partiprogrammet til FrP, og ikkje det partiprogrammet for den komande stortingsperioden, der viktige prinsipp frå Sandman-utvalet vart teke inn. ”FrP har nå fått en helt ny politikk på området. Vi går inn for at arbeidstakere skal få kompensert 80 prosent lønn i arbeidsgiverperioden, altså de første 16 dagene, med lavere trygdeavgift. Ved

²⁴⁷ NOU 2000: 27: 22.

²⁴⁸ Valprogram for Framstegspartiet, 2001-05: 16.

fravær over 16 dager skal alle ha full lønn, altså 100 prosent.”²⁴⁹ Hauge skisserte altså ein politikk identisk med Sandman-utvalet sine tilrådingar på dette området. Hauge sa også rett ut at FrP hadde endra og fått ny politikk på området. Slike innlegg bidrog nok ikkje til å gjere skuldingane om at FrP var eit vinglete populistisk parti mindre. Hauge heldt fram i sitt innlegg: ”Dette vil med andre ord si at ingen skal tape på å være syk – dette er Frps viktigste motto.”²⁵⁰ Han gjentok fleire gongar i innlegget at ingen skulle tape pengar på sjukdom. Dersom dette var mottoet til partiet var det motstridande med intensjonen med kutta i sjukelønsordninga i partiprogrammet: ”Intensjonen med tiltakene er å gjøre det mer lønnsomt å arbeide enn å gå sykemeldt.”²⁵¹ I partileiardebatten i NRK dagar før valet forklarte også partiformann Hagen at partiet hadde endra syn på sjukeløn: ”Tidligere hadde vi et annet program på sykelønn, fordi blant annet Norge har blitt en mye rikere nasjon så har vi endret litt av programmet, og vi går inn for full lønn under sykdom.”²⁵² Hagen sa ingenting om innføring av karensdagar som programmet hadde skildra.

Ekeberg og Snoen hevdar at FrP av taktiske årsaker endra haldning om sjukelønsordninga: ”Kravene til innstramming i sykelønnsordningen er moderert fra innføring av to karensdager til vag støtte til de forsiktige forslagene fra det offentlig utnevnte Sandman-utvalget. Kutt i sykelønn er ikke noen god valgkampsak for et parti som appellerer til ”småkarsfolket.”²⁵³ Endringane i Sandman-utvalet var likevel ikkje meir forsiktige enn at dei skapte store protestar i fagrørsbla. Endringsforsлага kan vel også seiast å gå i same retning som FrP hadde ønskt i forhold til den eksisterande ordninga. I 1997 hadde FrP nådd fram til 15,3 prosent oppslutnad, trass i at partiet ville utføre kutta i ordninga. At FrP tok til etterretning tilrådingane til eit offentleg oppnemnt utval som hadde utgreia saka, og dermed modererte partiprogrammet etter dette er vel heller ikkje utenkjeleg? Mange av FrP sine representantar var merkverdig samkjørte i argumentasjonen om FrP si sjukelønsordning. Fylgjande sitat var å finne i tre ulike avisartiklar frå tre ulike FrP-representantar i tidsrommet 21. juli-16. august 2001²⁵⁴:

²⁴⁹ *Adressavisen Morgen* 2001: LO feilinformerer om FrP og sykelønn. 20. august. Innlegg av Kristian D. Hauge, FrP.

²⁵⁰ *Adressavisen Morgen* 2001: LO feilinformerer om FrP og sykelønn. 20. august. Innlegg av Kristian D. Hauge, FrP.

²⁵¹ Valprogram for Framstegspartiet, 2001-05.

²⁵² NRK-TV: Partileiardebatten 2001.

²⁵³ Ekeberg og Snoen 2001: 330.

²⁵⁴ Hovudrådgjevar for stortingsgruppa til FrP, Inger Marie Ytterhorn, skreiv dette i *Fremskritt* 21. juli. Kanskje var det her stortingsrepresentant Christopher Stensaker som skreiv det same i *Adressavisen* 31. juli og

Bakgrunnen for FrPs sykelønnsordning er en utredning fra det såkalte Sandman-utvalget. FrP har funnet mange interessante forslag i denne utredningen både når det gjelder sykelønn og uførepensjon. Derfor har vi valgt å følgje opp noen av de forslagene dette utvalget har fremmet – men slett ikke alle.²⁵⁵

Ekeberg og Snoen har rett i at framstillinga av sjukelønsordninga er vag i programmet til FrP for perioden 2001-2005. Ein føresetnad for å forstå kva partiet ynskjer var at ein kjente tilrådinga frå Sandman-utvalet, og sjølv då var det også noko uklart. Kan det tenkast at FrP freista å moderere seg i sjukelønsordninga som eit ledd i å nærme seg LO, i høve det eg har kalla samarbeidsstrategien? Dersom dette var tilfelle ville det vel vere nærliggjande å tru at partiet ville endre sin politikk også på andre område som opptok LO. Vi såg i førre kapittel at FrP hadde ein sterk kontinuitet i partiprogramma mellom 1989 og 1997. Ser vi på dei same punkta i valprogrammet frå 2001 ser vi at denne kontinuiteten held fram. Også her er det presiseringar og mindre omskrivingar som skil innhaldet frå dei tidlegare programma. Det er interessant og oppsiktsvekkjande å sjå at partiet som to år tidlegare oppfordra fagrørsla til samarbeid og partnarskap, nok ein gong vedtok det ein kan kalle eit svært fagforeiningskritisk partiprogram.

”Vi er det nye arbeidarpartiet!”

Nå preges vi av samhold. Organisasjonsbyggingen fortsetter. Vi har et flott sekretariat på Youngstorget, ikke helt tilfeldig lagt mellom LO og Arbeiderpartiet. Vi er det nye arbeidarpartiet! Vi tilpasser oss nye tider. FrP kan forene arbeidstakere og arbeidsgivere i kampen mot den griske staten.²⁵⁶

Dette sa Carl I. Hagen i sin tale til FrP sitt landsmøte i 2003. Partiet feira 30-årsdag, og Hagen oppsummert jubilanten sine leveår på godt og vondt, og såg med store visjonar framover: FrP skulle verte i dette hundreåret det Ap hadde vore i det førre. FrP var det nye arbeidarpartiet! Hagen sin tale vakte oppsikt. Ap-leiar Jens Stoltenberg meinte Hagen var frekk. Han meinte at eit parti som kutta i sentrale gode for vanlege folk ikkje kunne kalle seg eit arbeidarparti. Han trakk fram motstanden mot sentrale lønsoppgjer, og tanken om at marknaden skulle styre på bekostning av grunnleggjande rettar som arbeidarar har kjempa til seg, som grunnar til at

stortingsrepresentant Øyvind Korsberg som skrev dette i Nordlys 16. august, hadde henta sitatet. Det kan vel også hende at det har eksistert eit rundskriv frå partileiinga om sjukelønsordninga?

²⁵⁵ Adressavisen Morgen 2001: *Sykelønn i et valgår*. 31. juli. Politisk debattinnlegg av Christopher Stensaker, FrP.

²⁵⁶ NTBtekst 2003: - *Frp er det nye Arbeiderpartiet*. 3. mai.

FrP var farleg for arbeidrarar.²⁵⁷ I ein kommentarartikkel i *Klassekampen* eit par dagar etter talen til Hagen, tok journalist Tarjei Leer-Salvesen for seg Hagen sin påstand. Han reflekterte over kva eit arbeidarparti var: ”Er det et parti der arbeidsfolk deltar og som arbeidsfolk stemmer på? (...) Alternativt kan man mene at et arbeiderparti er et parti som forfekter den politikken arbeidere burde ønske seg.”²⁵⁸ Leer-Salvesen viste til ei undersøking TV2 hadde presentert, som viste at ein svært stor del av delegatane på FrP sitt landsmøte var vanlege arbeidsfolk. Til samanlikning var over halvparten halvparten av delegatane på Ap sitt landsmøtet året før offentleg tilsette eller heiltidspolitikarar. Industritilsette og folk frå privat sektor var nærmest fråverande, i fylgje Leer-Salvesen.²⁵⁹ Dersom ”arbeidarparti” definerast ved den første påstanden, kunne det verke som FrP var i ferd med å verte nettopp dette. Kanskje var det dette partiet også var i ferd med å sjå, at partiet kunne utnytte at Ap var i ferd med å verte eit parti som ikkje lenger bestod av arbeidrarar, men akademikarar og offentleg tilsette. Industriarbeidrarar var tidlegare ein bastion i arbeidarrørsbla, var desse i ferd med å skifte til framstegsrørsbla?

Hagen sin visjon var ikkje berre å vere eit arbeidarparti. Hagen ville foreine arbeidstakrar og arbeidsgjevarar og frigjere dei begge frå den griske staten. Argumentasjonen kan strekkast heilt tilbake til Anders Lange sin argumentasjon som vi såg i kapittel 2, og hadde eit klart liberalistisk innhald. Staten og dei store hovudorganisasjonane i arbeidslivet var griske fridomsfrårøvarar, og skulle ikkje ha makt over arbeidrarar og arbeidsgjevarar, og ha noko påverknad over deira kvardag. Slik kan ein tolke dette om ein brukar Hagen sin tidlegare argumentasjon. Hagen freista å gjere FrP til eit parti både for arbeidstakrarar og arbeidsgjevarar. Dette passar i og for seg med partiet sitt slagord ”for folk flest”, og ynsket om å nå fram til flest mogleg veljarar ville nok alle dei politiske partileiarane dele med Hagen. Det var fleire teikn som tydde på at Hagen verkeleg prøvde å ri to hestar i høve arbeidslivsorganisasjonane. Samstundes som FrP søkte pengestønad frå LO i 2000, søkte partiet også stønad frå NHO.²⁶⁰ Begge desse hadde opent støtta politiske parti finansielt. LO hadde som vi har sett støtta Ap, og ved valet i 2001 gav organisasjonen også stønad til SV. NHO støtta lenge Høgre sin valkamp, og hadde også tidlegare gjeve pengar til FrP. At eit parti søkte stønad frå dei begge var likevel særsvanleg.

²⁵⁷ NTBtekst 2003: Stoltenberg: Frp er ikke et arbeiderparti. 3. mai.

²⁵⁸ Klassekampen Morgen 2003: Hva er et arbeiderparti? 5. mai. Kommentarartikkel av Tarjei Leer-Salvesen.

²⁵⁹ Klassekampen Morgen 2003: Hva er et arbeiderparti? 5. mai. Kommentarartikkel av Tarjei Leer-Salvesen.

²⁶⁰ VG 2000: Ber om penger fra NHO. 11. januar.

I 2002 inviterte FrP både LO-leiar Gerd-Liv Valla og NHO-sjef Finn Bergesen jr. til å tale ved partiet sitt landsmøte. Det vakte stor oppsikt, og svært blanda reaksjonar då LO-leiaren takka ja til å møte i fiendens leir. ”FrP har et verdigrunnlag så langt unna fagbevegelsens at hun ikke burde stilt opp på landsmøtet. Frp er blant annet motstander av landsomfattende tariffavtaler, selve grunnlaget for LO og fagbevegelsen,” sa leiaren for Fellesorganisasjonen, Oddrun Remvik.²⁶¹ Leiaren for Norsk Transportarbeiderforbund Per Østvold frykta at dette ville bidra til å legitimere FrP. Han meinte det var eit dristig trekk av Valla, men understreka likevel at han ikkje hadde noko imot at folk var dristige. Østvold meinte dette kunne vere eit bidrag til å oppmjuke det einsidige samarbeidet med Ap. Østvold var, som vi tidligare har sett, ei sterkt røyst blant dei som ville bryte banda mellom LO og Ap. Reaksjonane var likevel ikkje utelukkande negative. Både leiaren for Jernbaneforbundet, Ove Dalsheim, og leiaren for Kjemisk forbund, Olav Støylen, såg derimot meir positivt på Valla si deltaking. Begge peika på at sidan leiaren i NHO også skulle delta på møtet, var det greitt at også LO fekk sjansen til å ytre si meining om forskjellege saker. Valla hadde ikkje møtt opp på møte for å erklære seg som tilhengjar av FrP, sjølv om det frå FrPs side i forkant av talen var fokusert på at både LO og FrP var kritiske til arbeidsinnvandring. Ho tok eit sterkt oppgjer med delar av partiet sin politikk, og hevda også at den felles motstanden mot arbeidsinnvandring var basert på ulike grunngjevingar. Det var likevel noko svært symbolsk ved LO-leiaren sitt nærvære på landsmøtet til FrP. For første gang tala ein LO-leiar på eit landsmøte til eit parti på høgresida i politikken. Dette partiet var også i ferd med å bygge eit image som det nye arbeidarpartiet i landet. Det er ting som tyder på at invitasjonen av Valla kan ha vore eit ledd i ein ny FrP-strategi for å tilnærme seg LO.

Erobringssstrategien

I juni 2004 la strategiutvalet til FrP fram ei innstilling til strategi for partiet vidare. Det sjølverklærte nye arbeidarpartiet sitt strategiutval hadde mellom anna lagt ein ny strategi til tilnærming mot fagrørsla. FrP skulle no føre eit aktivt engasjement i LO: ”Partiet må i alle ledd oppfordre FrP`ere som er organisert, til å bli aktive i fagorganisasjonen, for på den måten i en langsiktig prosess söke å endre organisasjonen innenfra.”²⁶² Vidare skulle ein utnytte den einsidige støtta LO-leiinga gav til partia på venstresida. ”Her ligger det en kime til konflikt innad i fagbevegelsen som FrP bør bruke for å redusere sosialistenes makt over fagbevegelsen

²⁶¹ *Dagens Næringsliv Morgen* 2002: *Delt syn på Vallas deltagelse*. 26. april.

²⁶² *Fremskritt* 2004: *Vinner LO-medlemmene: FrP vil erobre LO*. 18. september.

(...). FrP bør markere avstand til pampeveldet i LO og dets store særforbund.”²⁶³ Også hensikta med å påverke LO kom godt fram: ”Partiet må erkjenne at disse organisasjonenes ledere og byråkrati kanskje er det største hinderet for fornuftige strukturendringar i det norske samfunnet i årene fremover.”²⁶⁴ FrP såg sjølvsagt på sine politiske løysingar som dei mest fornuftige strukturendringane for det norske samfunnet. Den beste måten for eit parti å få gjennomført sine politiske løysingar er gjennom regjeringsmakt. Meinte strategiutvalet at det såkalla pampeveldet i LO var det største hinderet for regjeringsmakt for FrP?

Samarbeidsstrategien frå 1999, der målet var å få fotfeste i LO gjennom partnarskap, alliansebygging og samarbeid var no avløyst av ein *erobringssstrategi*.²⁶⁵ Partiet skulle skifte tilnærningsmetode. I staden for å samarbeide med LO skulle FrP *erobre* LO, og angripe organisasjonen frå innsida. Kanskje var det LO-leiinga si motvilje mot samarbeid som tvang partiet til å tenke nytt. Sjølv om det framleis ikkje var høgstatus i LO å stå fram med FrP-standpunkt, meinte stortingsrepresentant og medlem av strategiutvalet, Per Sandberg, at hans partikollegar ikkje hadde noko å frykte: ”Nå vet våre folk at de er mange, og det er demokratiske val i LO, så her er det store muligheter,” sa Sandberg til *Fremskritt*.²⁶⁶ No skulle partiet gjere seg nytte av alle veljarane som var medlemmar av LO, og partiet skulle skulere og motivere desse medlemmane til å markere seg innanfor LO og fagforeininga dei var medlemmar av.

Organisasjonsbygging hadde lenge vore eit sentralt fokus for FrP. Etter det store oppgjeret i 1994 hadde dette vore eit viktig verkemiddel for å samle partiet, og bygge ein ny og folkeleg, men samstundes seriøs og ansvarleg profil. Ein viktig del av organisasjonsbygginga til partiet har vore skulering av medlemmar, tillitsvalte og lokal-politikarar. Leiinga i partiet skulle i følgje den nye erobringssstrategien bruke same metode og skulere, lære opp og motivere sine LO-medlemmar til å engasjere seg i fagrørsla.²⁶⁷ Styrkinga av banda mellom Ap og LO, kan også vere ei av årsakene til strategiendringa til FrP. Erobringssstrategien kan også vere ei forklaring på dei voldsame utfalla mot Ap og LO si samrøre. FrP ville utnytte det som var ein kime til konflikt i fagrørsla, nemleg LO sitt nære forhold til Ap. Sjølv om banda vart styrka før valet i 2005, betydde det ikkje at dette samarbeidet var generelt positivt motteke i

²⁶³ *Fremskritt* 2004: Vinner LO-medlemmene: FrP vil erobre LO. 18. september.

²⁶⁴ *Fremskritt* 2004: Vinner LO-medlemmene: FrP vil erobre LO. 18. september.

²⁶⁵ Det er eg som har valt å kalle denne strategien erobringssstrategien.

²⁶⁶ *Fremskritt* 2004: Vinner LO-medlemmene: FrP vil erobre LO. 18. september.

²⁶⁷ *Fremskritt* 2004: Vinner LO-medlemmene: FrP vil erobre LO. 18. september.

fagrørsla. Kritikarane var mange, både i Ap, men også delen av LO-massen med SV-ståstad. Og denne kritikken skulle no i aukande grad også verte formidla frå FrP-arane i LO.

Elementa i denne strategien som eg har kalla erobringssstrategien styrkar trua på at leiinga i FrP hadde ein bevisst strategi om samarbeid i 1999. Målet var det same, regjeringsmakt. Konklusjonen ser også ut til å vere den same: Den siste skanse som måtte brytast er fagrørsla. Dersom FrP fekk eit skikkeleg fotfeste i LO, og blant deira medlemmar ville målet om regjeringsdeltaking vere langt nærare. Forskjellen på dei to strategiane er tilnærningsmetoden. Frå å *samarbeide* med fagrørsla ville FrP no *erobre* LO innafrå. I neste kapittel skal eg mellom anna undersøke korleis FrP arbeidde med å nå desse måla i tida før og etter stortingsvalet i 2005.

Kapittel 5. Til kamp mot pampeveldet (2005-2007)

Dette kapitlet har tre hovudfokus: Valkampen i 2005, arbeidslivspolitikken til FrP i denne perioden og FrP sitt fagpolitiske engasjement overfor LO i tida etter. Valkampen i 2005 synleggjorde det därlege forholdet mellom LO og FrP. Korleis omtala FrP LO i valkampen? Var arbeidslivspolitikken endra i høve tidlegare valprogram? Eg vil her, i tillegg til valprogrammet, studere forhandlingane i Odelstinget om Arbeidsmiljølova som gjekk føre seg i juni og desember 2005. Det er teikn som tyder på at FrP auka sin fagpolitiske aktivitet i tida før og etter valet. Mot slutten av kapitlet vil eg vil undersøke FrPs fagleg-politiske engasjement, og korleis partiet arbeidde for å nå måla i strategien som eg har kalla *erobringsstrategien* frå 2004.

Valkampen 2005

Stortingsvalet i 2005 var på mange måtar eit svært interessant val. Ap gjekk første gang til val saman med andre parti, SV og Sp, i eit formalisert samarbeid. Formålet var å danne ei raudgrøn fleirtalsregjering. Høgre, KrF og Venstre, som hadde regjeringsmakta gjekk til val på nytt med Kjell Magne Bondevik som statsministerkandidat. FrP stod på sida av dei to klare regjeringsalternativa, og hadde varsla at partiet ikkje ville støtte nokon av dei.²⁶⁸ Partiet var likevel langt i frå på sidelinja i valkampen og markerte seg mellom anna med stadig kritikk mot dei styrka banda mellom leiingane i Ap og LO, samstundes som partiet arbeidde aktivt for å tiltrekke seg LO-medlemmar. Under landsstyremøtet til partiet i oktober 2004 vart fylgjande tekst vedteken: ”Gjennomgående studier av partiers oppslutning viser at mange LO-medlemmer stemmer på FrP. Det er ikke så underlig da vi har felles holdning på en rekke områder.”²⁶⁹ Desse felles haldningane var i fylgje denne meldinga: satsing på gasskraftverk som ville sikre arbeidsplassar i industrien, satsing på maritime næringar og sjøfolk, satsing på forsking og utvikling, og arbeidet for at flest mogleg sjuke skulle få behandling ved sjukehusa. Konklusjonen på dette vart fylgjande: ”De som forsøker å skape et bilde av at FrP og LO medlemmene ikke har mange felles verdier og mål, undervurdere[r] intelligensen til

²⁶⁸ I utgangspunktet skulle ein tru at det ville vore mest naturleg for FrP å framleis gi støtte til den sitjande regjeringa, som partiet også hadde vore støtteparti for på stortinget. Under landsmøtet i 2005 vart det likevel vedteke ein resolusjon som sa i klartekst at partiet ikkje lenger ville vere eit ”passivt støtteparti”: ”Landsmøtet slår fast at Fremskrittspartiet ikke vil være parlamentarisk grunnlag for en regjering partiet ikke deltar i, eller har formalisert samarbeid med, som sikrer partiet innflytelse i viktige politiske saker.” (Hagen 2007:492). Då statsminister Bondevik slo fast at eit formalisert samarbeid med FrP var uaktuelt, svarte Hagen med å slå fast at det var uaktuelt å støtte ei borgarleg regjering med Bondevik som statsministerkandidat.

²⁶⁹ Fremskritt 2005: ”FrP støtter medlemmene i LO.” 30. oktober.

LOs medlemmer. Stortingsgruppen bes om å synliggjøre disse forholdene i tiden frem mot valget i 2005.”²⁷⁰ Dette var altså saker FrP hevda å ha til felles med LO-medlemmane, samstundes som det ikkje var saker som LO-leiinga sette mest fokus på.

Våren 2005 var det fleire teikn som tyda på at banda mellom LO og Ap var tydeleg styrka i høve situasjonen etter valet i 2001. Mellom anna auka LO valkampstønaden til Ap kraftig.²⁷¹ Eit anna prov på styrkinga fann stad i april 2005. Då vart LO-leiar Gerd-Liv Valla, samt Fagforbundet²⁷² sin leiar Jan Davidsen, valt inn i sentralstyret til Ap. Valla, som tidlegare hadde sagt nei til å sitte i sentralstyret, forklarte sitt meiningsskifte med at det var viktig for LO sine medlemmar med eit forpliktande fagleg-politisk samarbeid i ei tid arbeidarane sine rettar var sett under sterkt press.²⁷³ Reaksjonane frå dei FrP let ikkje vente på seg. I eit innlegg i *Fremskritt* hevda FrP-formann Carl I. Hagen at Ap no gjekk tilbake til fortida, og at dette beviste at Ap hadde gjort eit hamskifte og lagt vekk alle tankar om modernisering.²⁷⁴ Han meinte dette beviste kor stor makt LO hadde i Ap. Hagen minna om sjukelønssaka og påverknaden den hadde hatt på valresultatet i 2001, og hevda at Ap ved å velje LO-leiaren inn i sentralstyret, ville sikre seg støtte frå LO gjennom heile valkampen. Med Valla i partiet sitt sentralstyre ville det også vere umogleg å få gjennomført noko som ho ikkje var einig i, meinte FrP-formannen, og antyda at Ap no freista å kjøpe seg til valsuksess: ”LO har med andre ord full styring på Ap. Partiet kan ikke komme med et eneste utspill uten at LO er enig. Det er slik LOs valgkampmillioner gir uttelling,” hevda partiformannen.²⁷⁵ Nestformann Siv Jensen meinte LO burde nektast tilgang til deltaking i høringar på Stortinget. Ho fann det totalt unødig å høyre på LO-pampane når dei allereie dominerte i Ap, i følgje *VG*.²⁷⁶ Jensen hevda at grasrota og leiinga i LO hadde skilt lag:

De såkalte gutta på gølvet, de vanlige medlemmene i LO, og deres synspunkter og interesser, blir ikke lenger ivaretatt av pampeveldet i LO. Det samrøret vi nå ser mellom Aps toppledelse og pampeveldet i LO, kommer neppe til å ivareta vanlige folks interesser. Det eneste de er oppatt av, er å fordele noen topposisjoner seg imellom i en fremtidig regjering.”²⁷⁷

²⁷⁰ *Fremskritt* 2005: ”FrP støtter medlemmene i LO.” 30. oktober.

²⁷¹ Samla frå alle forbunda og LO-kongressen mottok Ap 6.740.000 kroner i 2001. I 2005 var summen auka til 8.400.000 kroner. Også SV, som i 2001 var det første partiet utanom Ap som hadde fått finansiell stønad frå LO, fekk til saman 1.650.000 kroner, ei kraftig auke frå 953.000 i 2001. (*LO-aktuelt* (2003): *Valgkampbevilgninger 2001-2005*. nr. 13).

²⁷² Norsk Kommuneforbund slo seg i 2003 saman med Norsk Helse- og Sosialforbund under namnet Fagforbundet. Fagforbundet er det største LO-forbundet i offentleg sektor. (jf. m.a www.lo.no)

²⁷³ NTBtekst (2005): *LO-lederen inn i sentralstyret*. 9. april.

²⁷⁴ Jf. Kapittel 4, Stoltenberg si første regjering hadde som mål å modernisere offentleg sektor.

²⁷⁵ *Fremskritt* (2005): *Tilbake til fortiden*. 16.april. (Leiarartikkel - Carl I. Hagen).

²⁷⁶ VG 2005:- STENGER stortingsdøren for LO – Frp-Siv lei samråre i arbeiderbevegelsen. 12. april.

²⁷⁷ VG 2005:- STENGER stortingsdøren for LO – Frp-Siv lei samråre i arbeiderbevegelsen. 12. april.

Carl I. Hagen heldt utover våren 2005 fram med å angripe LO og Ap sitt fagleg-politiske samarbeid. I ein kronikk i *Fremskritt*, i høve markeringa av 1. mai, skreiv partiformannen fylgjande: ”Når pampene bydde opp til dans på Ap-landsmøtet, var det nemlig ikke folk flest de bydde opp. Nei, pampene danset med hverandre, og det var en dans mot valgfrihet, mangfold i tjenestetilbudet og fornying av velferdssamfunnet!”²⁷⁸ Som så mange gongar tidlegare brukte Hagen tredje vers av Internasjonalen for å markere standpunkt i høve 1.mai: ”Det er trist at Ap synes å ha glemt tredje vers i internasjonalen: ”I mot oss statens lover bøyes, av skatter blir vi tyngt ned.” Det tror jeg derimot ikke fagbevegelsen har glemt,” skreiv Hagen, før han slo fast: ”FrP er det Ap var i forrige århundre.”²⁷⁹ I *Fremskritt* vart dette verset nytta i ei 1.mai-kampanje. Kampanjen fekk ei heilside i avis under tittelen: ”Her ser dere hvorfor Stoltenberg og Arbeiderpartiet ikke lenger tør synge 3.verset av internasjonalen!” *Fremskritt* hadde tatt for seg linje for linje av verset, og gitt ein kommentar med ein klar bodskap under. Eit døme på dette var:

”av skatter blir vi tyngt ned”

Arbeiderpartiet har i generasjoner stått i spissen for å øke skatter og avgifter for folk flest. Norge har derfor i dag et av verdens høyeste skatte- og avgiftsnivåer. Nå vil de i regjering for å skjerpe skatte- og avgiftstrykket ytterligere, og dette støttes utrolig nok av pampene i LO – som nå sitter i Aps sentralstyre. Nei takk!²⁸⁰

I følgje erobringssstrategien var forholdet mellom LO og Ap ei kime til konflikt i fagrørsla, og dette var noko partiet ville utnytte. Det såg også ut som FrP bevisst og konsekvent framstilte LO som ein pampeorganisasjon, som gav blaffen i arbeidarane sine behov og berre var interessert i å sikre seg sjølv og sine politiske vennar på venstresida, og då først og fremst Ap, makt og posisjonar. FrP ville vere det nye arbeidarpartiet og den vesle manns førekjemparar mot dei mektige pampane. FrP brukte også konsekvent omgrepene *samrøre* om det fagleg-politiske samarbeidet til LO og Ap. FrP framstilte dette som noko umoralsk, nærmast ulovleg. I forsøket på å framstille seg sjølv som det nye arbeidarpartiet var også omgrepsbruken viktig. Ap knytte nye band med eit pampevelde som ville motsette seg fornying og tømme lommebøkene til folk flest. Såleis vart også Ap-leiinga pampar, som hadde gått vekk i frå sine røter og ikkje lenger kjempa for sine kjerneveljarar. Med dette kunne FrP framstå som nettopp det nye arbeidarpartiet, og overta den rolla som Ap hadde gått frå. FrP ville danse med folk

²⁷⁸ *Fremskritt* 2005: *Når pampene byr opp til dans...* 30. april. Kronikk av Carl I. Hagen.

²⁷⁹ *Fremskritt* 2005: *Når pampene byr opp til dans...* 30. april. Kronikk av Carl I. Hagen.

²⁸⁰ *Fremskritt* 2005: *Her ser dere hvorfor Stoltenberg og Arbeiderpartiet ikke lenger tør synge 3.verset av internasjonalen!* 30. april. Kampanjeannonse.

flest, i motsetnad til pampane i Ap og LO, som berre ville danse med kvarandre, som Hagen så metaforisk beskrev situasjonen. Bruken av den internasjonale arbeidarsongen ser heilt klart ut til å vere eit strategisk grep i forlenging av nettopp dette, eit forsøk på å setje Ap og LO opp mot grasrota i fagrørsla.

Det hadde også vorte vanleg at FrP omtala Gerd-Liv Valla som den nye sjefen i Ap. Eit døme på dette var under partileiardebatten på NRK like før valet, her peika Hagen på at problemet til Jens Stoltenberg var at han i nesten alle saker måtte få godkjenning frå sin reelle sjef Gerd-Liv Valla.²⁸¹ Dette førte til sterkt applaus og latter frå publikum. I sjølvbiografien frå 2007 forklarar Carl I. Hagen dette som ein medviten strategi: "Hver gang jeg omtalte Valla som den reelle sjefen i Arbeiderpartiet og Arbeiderbevegelsen, vred Jens og de andre i Ap-ledelsen på seg. Ingen liker å bli omtalt som lakei og underordnet når vedkommende selv vil hevde at det motsatte er tilfellet."²⁸² Dette var truleg nok ein manøver for å skape uro i arbeidarrørsla.

Kritikken frå FrP og andre skeptikrar til LO og Ap sitt samarbeid vart ytterlegare styrka etter at NRK-programmet "Brennpunkt" sette fokus på forholdet. Pengestøtta frå LO til Ap og SV var eit viktig tema i dokumentarprogrammet, og i tillegg vart det sett fokus på Sp sitt forhold til Fagforbundet. Carl I. Hagen hevda at opplysningane som kom fram i programmet viste at samrøra grensa til korruption. "Reportasjen er det endelige beviset på at LO bruker sin finansielle tyngde til å flytte makten fra landets folkevalgte forsamlinger ned til seg selv på Youngstorget. LOs innflytelse er et demokratisk problem av store dimensjoner".²⁸³ Hagen hevda dette var enda eit bevis på at Gerd-Liv Valla var den eigentlege sjefen i Ap. Få dagar etter NRK-programmet kunne *Dagsavisen* melde at FrP hadde røysta mot sitt eige lovforslag om skattelegging av reiarlaga etter eit møte mellom administrerande direktør i Rederiforbundet, Marianne Lie, og Carl I. Hagen. Rederiforbundet var den største økonomiske bidragsyta til FrP. I så måte kunne det verke som FrP gjorde akkurat det same partiet skulda LO og Ap for. Både Lie og Hagen nekta for at det var ein samanheng mellom meiningsendringa til partiet og pengestøtta frå Rederiforbundet²⁸⁴

²⁸¹ NRK: Partileiardebatten 2005.

²⁸² Hagen 2007: 540.

²⁸³ NTBtekst 2005: *Kjappe reaksjoner på NRK-program*. 23. august.

²⁸⁴ Dagsavisen 2005: *Økonomisk bidragsyter fikk Frp til å snu*. 26. august.

LO, med Gerd-Liv Valla i spissen, hadde allereie etter kommunevalet i 2003 byrja å arbeide med ein plan for korleis ein kunne nå fram til eit regjeringskifte. Valla kalla dette arbeidet ”den lange valkampen”. I oktober 2004 sette LO i gang ei omfattande medlemskampanje med tittelen ”Du bestemmer – LO på din side!”. Ideen til kampanjen hadde leiinga truleg fått frå ei liknande kampanje LO i Trondheim hadde hatt stor suksess med ved kommunevalet i 2003. LO i byen bad om krav og spørsmål frå sine medlemmar som dei tok vidare til dei politiske partia. Etter at svara frå partia var lagt fram tilrådde LO sine medlem å røyste på partia som med sine svar best reflekterte LO-medlema sin ynskjepolitikk. Manifestet som vart laga, og som skulle vere rådgjevande for veljarane, var i opposisjon til nær heile den politikken som det borgarlege fleirtalet i bystyret førte, og gav klar støtte til partia på venstresida. Kampanjen sette Resultatet etter at røystene var talde viste klar framgang for venstresida. Ap vart byens største parti med 30,9 prosent av røystene. SV var valet sin store vinnar med 17,7 prosent, ein framgang på 8,3 prosent frå 1999.²⁸⁵ Saman med Raud Valallianse (RV) som fekk 2,6 prosent, gjekk dei gjekk dei to partia saman om eit formalisert samarbeid og danna nytt fleirtal i bystyret. Høgre sin 14-årige dominans i byrådet var broten, og LO fekk sitt ynske om regimeskifte oppfylt.²⁸⁶

I medlemskampanjen ”Du bestemmer – LO på din side” skulle LO sentralt gjenta suksessen frå Trondheim. I staden for å gå direkte ut og oppfordre medlemmane til å røyste Ap skulle LO spørje medlemmane sine om råd om kva saker organisasjonen skulle kjempe for i den komande valkampen. Svara frå medlemmane skulle brukast til å utfordre partia.²⁸⁷ LO-leiinga oppfordra sine medlemmar til å sende inn grunngjevne svar på kva saker som var viktige for dei i den komande valkampen. Kampanjen skulle i følgje Valla gjere det enklare for det enkelte LO-medlem å seie si meining og verte hørt. Blant dei politiske partia var reaksjonane på kampanjen delte. Statsminister Kjell Magne Bondevik og Høgre-leiar Erna Solberg var skeptiske, og meinte kampanjen berre var eit ledd i LO sin propaganda mot den sitjande regjeringa. FrP var i motsetnad meir positivt innstilt. ”Denne muligheten til å sette et tydelig stempe på LOs synspunkter bør ikke FrPs LO-medlemmer la gå fra seg,” meinte stortingsrepresentant Per Sandberg.²⁸⁸ ”Naturligvis vil vi være aktive i forhold til denne kampanjen. Vi oppfordrer alle våre LO-medlemmer til å engasjere seg, og gi gode og

²⁸⁵ Tala er henta frå: Trondheim Kommune: *Kommunevalg i Trondheim 1970-2003*. Internettseite.

²⁸⁶ Etzler 2007: 75.

²⁸⁷ Tranøy 2007: 35.

²⁸⁸ Dagsavisen Morgen 2004: *FrP vil kjempe for makt i LO*. 22. september.

grunngitte svar".²⁸⁹ Generalsekretæren i FrP, Geir Mo, peika på kor viktig det var å erobre andre arenaar enn den reint partipolitiske, og at LO i så måte var svært viktig. Han understreka at det var pampeveldet i LO FrP ville til livs, og at partiet ynskte å arbeidet for dei vanlege medlemmane. "Det er deres hverdag vi slåss for å gjøre betre. Pampene motarbeider i mange sammenhenger interessene til medlemmene," hevda Mo.²⁹⁰ FrP såg altså på LO-kampanjen som ein gyllen sjanse til å påverke organisasjonen innanfrå, noko som var heilt i tråd med erobringssstrategien frå 2004.

LO ønskete medlemmar som sympatiserte med FrP velkomen til å delta i kampanjen. Gerd-Liv Valla understreka at kampanjen ikkje hadde nokon partipolitisk agenda. "Målet er at hvert medlem skal bli sett, hørt og lyttet til. (...) Dette er en partipolitisk nøytral kampanje, der alle kan delta, uansett hva de stemmer. (...) Vi kommer ikke til å anbefale våre medlemmer å stemme på spesielle partier, men vi vil gjøre det veldig klart hva det enkelte partiet står for."²⁹¹ Ved LO-kongressen i mai 2005 klargjorde Gerd-Liv Valla kvifor LO hadde sett i gang den omfattande medlemskampanjen:

La meg trekke fram to årsaker: På den ene sida fikk vi etter forrige kongress tilbakemeldinger fra enkeltmedlemmer som syntes det var vanskelig å nå fram med sine meninger innenfor LO. På den andre sida sto vi høsten 2001 overfor et nyt storting og en ny regjering som arbeidet mot oss, og ikke med oss. Vi måtte stimulere til debatt, og lytte til medlemmenes synspunkter, uavhengig av deres partitilknytning. Slik gikk vi inn i den lange valgkampen.²⁹²

LO-leiaren hadde altså ei klar tru på at hennar medlemmar ville sende inn krav og spørsmål som fremja det raudgrøne regjeringsalternativet sine saker.

Responsen frå medlemmane var stor, og LO-leiinga mottok rundt 150.000 forslag frå heile 44.000 medlemmar. På bakgrunn av dei innsendte forslaga, spørsmåla og krava frå medlemmane utarbeidde LO-leiinga ei liste med 54 spørsmål og krav som vart sendt til dei politiske partia 11.mai 2005. Utveljinga av dei viktigaste sakene hadde gått føre seg etter demokratiske metodar hevda LO-leiaren: "Enkeltmedlemmene som har skrevet inn sine egne krav og sendt dem inn til oss har ikke krysset av på et skjema etter temaer vi satte opp for dem, de har formulert kravene selv. Gjennom kampanjen har medlemsdemokratiet blitt

²⁸⁹ *Dagsavisen Morgen* 2004: *FrP vil kjempe for makt i LO*. 22. september.

²⁹⁰ *Dagsavisen Morgen* 2004: *FrP vil kjempe for makt i LO*. 22. september.

²⁹¹ *NTBtekst* 2004: *Valla lanserer partinøytral kampanje*. 12. oktober.

²⁹² *LO-aktuelt* 2005: - *Kampanjen har virket allerede*. 10. mai.

vitalisert og fellesskapet styrket.”²⁹³ Medlemmane sine innsendte forslag hadde vorte registrert i ei database som viste dei mest vektlagde sakene.

I brevet til dei politiske partia skreiv LO-leiar Gerd-Liv Valla mellom anna:

I forkant av stortingsvalget ønsker LO å informere våre medlemmer om partienes standpunkter i våre saker. Vi ber derfor om konkrete svar på de spørsmålene som følger vedlagt. Spørsmålene stilles med bakgrunn i medlemmenes 150 000 innsendte svar, samt med vedtak på LO-kongressen og i LOs sekretariat. Tilbakemeldinga vil være et viktig grunnlag for LO-medlemmenes stemmegivning ved stortingsvalget 12. september. LO vil informere medlemmene om hva de enkelte partiene svarer.²⁹⁴

LO sette svarfristen til partia til 19. august 2005. Valla si oppsummering av dei viktigaste krava til LO sine medlemmar var: ”En trygg pensjon, fortsatt AFP, bevar sjukelønsordninga, kamp mot privatisering, arbeid til alle, nei til sosial dumping, midlertidige ansettelser og brutalisering av arbeidslivet.”²⁹⁵ Krava var svært samkjørte med dei viktigaste sakene LO stod for i sitt handlingsprogram.

Då LO sin frist gjekk ut, leverte dei fleste partia på Stortinget sine svar til LO, men Høgre og FrP unnlèt å svare på krava. FrPs generalsekretær Geir Mo returnerte i staden eit brev med grunngjeving for kvifor partiet valte å ikkje svare på spørsmåla:

Fremskriftspartiet har drøftet ”kravene” og vil som svar på disse henvise til vårt partiprogram som er tilgjengelig på www.frp.no. (...) For øvrig mener Fremskriftspartiet at denne samlingen ”krav” fra LO neppe er representativ for hva medlemsmassen til LO virkelig måtte være opptatt av. Istedenfor å stille spørsmål om de sakene som virkelig er viktige for den norske arbeidstakers økonomi, deriblant nettolønnsnivå, bilavgifter, dokumentavgift, alkoholavgift og andre indirekte avgifter preges spørreskjemaet av retoriske spørsmål med en klar partipolitisk agenda. (...) Vi er derfor av den oppfatning at listen er spesialdesignet for å ivareta LO` s viktigste mål; å få sine venner i Arbeiderpartiet og SV inn i regjeringskontorene.²⁹⁶

FrP var ikkje aleine om å forkaste kampanjen som partipolitisk propaganda. Ser ein på svarbreva var der ein klar forskjell i tonen i breva mellom borgarleg og raudgrøn side. Høgre, som var det andre partiet som ikkje svarte på LO-krava, skreiv i sitt brev at partiet registrerte at LO for lengst hadde teke stilling til kva parti organisasjonen ville støtte, og trudde derfor ikkje at kampanjen var basert på genuin interesse for å finne ut kven medlemmane burde støtte. Også Venstre var kritisk, og hevda i sitt svarbrev at valet av spørsmål og

²⁹³ LO-aktuelt 2005: - Kampanjen har virket allerede. 10. mai.

²⁹⁴ Brev frå LO til dei politiske partia, 5. mai. 2005.

²⁹⁵ LO-aktuelt 2005: - Kampanjen har virket allerede. 10. mai.

²⁹⁶ Brev frå FrP til LO, 17.august 2005.

formuleringane av dei avspeglar dei partipolitiske interessene LO hadde valt å vere talerør for. Partiet meinte også at sidan LO var ein interesseorganisasjon med ein avgrensa agenda, var ikkje kampanjen brei nok til å gje veljarane ei heilskapleg meiningsmøte om kva parti dei burde røyste.²⁹⁷ Både Ap og SV var langt meir positivt innstilt til krava i sine svarbrev til LO.²⁹⁸

Gerd-Liv Valla meinte det var direkte respektlaust av dei to partia som ikkje svarte å berre oversjå spørsmåla stilt på vegne av 850.000 LO-medlemmar. I VG gjekk Valla enda lenger i sin kritikk: ”Det er en så stor forakt for våre medlemmer at jeg har bestemt meg for å gå ut og anbefale dem ikke å stemme på Frp og Høyre.”²⁹⁹ Nokre veker før valdagen sendte LO ut ei valbrosjyre, som skulle hjelpe medlemmar og sympatisørar av LO med å bestemme seg for parti. I brosjyren hadde LO trekt ut 12 nøkkelkrav frå dei 54 spørsmåla dei stilte partia. Dei hadde også teke med Høgre og FrP, og funne svar på krava i deira partiprogram. Sp skåra best i brosjyren då partiet hadde varsle støtte til alle dei 12 krava, men likevel med nokre etterhald på to av krava. Ap støtta 11 av krava, deretter følgde SV og RV med 10. Nedst på lista til LO kom Høgre med tre, og Venstre og FrP med støtte til berre to av LO-medlemmane sine krav.

Medlemskampanjen ”Du bestemmer – LO på din side” viser godt det dårlige tilhøvet mellom leiingane i LO og FrP før valet i 2005. Kor vidt det var hald i klagane frå FrP om at LO hadde spesialdesigna kampanjen for partia i det raudgrøne regjeringsalternativet, kan eg ikkje ta endeleg stilling til her. Eg har ikkje fått tak vidare informasjon om utveljingsprosessen FrP har eit poeng i at utforminga av spørsmåla og krava låg tett opp mot utforminga av handlingsprogrammet til LO, og såleis også tett opp til standpunktet til partia på venstresida. Det skal likevel ikkje underslåast at Ap og SV hadde godt over 50 prosent oppslutnad mellom medlemsmassen i LO. Dersom desse hadde mobilisert i kampanjen, noko LO hevda utfallet viste at dei hadde gjort, er det ikkje overraskande at kampanjen avspeglar haldningane desse representerte då LO-leiinga skulle lage lista over dei viktigaste krava.³⁰⁰

Etter stortingsvalet var det klart at FrP hadde gjort sitt beste valresultat, ikkje berre i sjølve valet der partiet fekk 22,1 prosent oppslutnad, men også hjå LO-medlemmane. 17 prosent av

²⁹⁷ Brev frå Venstre til LO, 19. august 2005.

²⁹⁸ Jf. Brev til LO frå Ap, 19. august 2005, og Brev til LO frå SV, 19. august 2005.

²⁹⁹ VG 2007: - *Ikke stem Høyre og Frp.* 24. august.

³⁰⁰ Denne utveljings- og utfordringsprosessen til LO kunne vere eit interessant tema å undersøke ved eit seinare høve, dette har ikkje latt seg gjere innanfor rammene for denne oppgåva.

desse røysta på partiet.³⁰¹ 2. nestformann i FrP, Per Arne Olsen, var ikkje overraska, og hevda at dette viste at LO-medlemmane ikkje kjøpte argumentasjonen til LO-leiinga. ”LO har en oppfatning om at det kun er arbeidstakerspørsmål som betyr noe for deres medlemmer. Det de ikke tar med i beregningen er at det faktisk finnes selvstendige og tenkende individer blant LOs medlemmer, som også bryr seg om andre viktige saker enn arbeidstakerspørsmål,” sa Olsen i *Fremskritt*.³⁰² Han hevda at dei sakene som hadde vore utslagsgjenvande for LO-medlemmane sine røyster var eldre- og helseomsorg, innvandring, kriminalpolitikk og ikkje minst skattar og avgifter. ”Fremskrittspartiet har dermed stor grunn til å jubile og det er åpenbart at folk flest finner andre saker vel så viktige som faglige rettigheter,” sa Olsen.³⁰³ Kommentarane til Olsen er interessante. Han bekrefta at arbeidstakarspørsmål ikkje var så viktige for FrP, det nye arbeidarpartiet. Han meinte altså at FrP hadde grunn til å jubile fordi LO-medlemmane røysta på partiet på grunnlag av andre saker enn arbeidstakarspørsmål. LO-medlemmane hadde altså røysta på partiet på trass av at partiet ikkje tok i vare deira arbeidstakarinteresser.

Arbeidslivspolitikken

Ved første augekast ser ikkje arbeidslivspolitikken til FrP i høve stortingsvalet i 2005 ut til å vere noko dramatisk unntak frå kontinuiteten i dei tidlegare programma. Innhaldet i punktet *Arbeid og sysselsetting* i prinsipprogrammet var identisk med prinsippa frå 2001. Det same gjaldt synet på inntektpolitikken og lønsdanning: ”Et fritt arbeidsmarked fungerer ikke godt nok så lenge monopollignende organisasjoner inngår avtaler sentralt for arbeidstakere og arbeidsgivere. Arbeids-, lønns- og ansettelsesforhold fungerer best dersom disse oppnås ved enighet mellom arbeidstakerne og arbeidgiverne i den enkelte bedrift.”³⁰⁴ Desse linjene oppsummerar det som hadde vore hovudpunktta i arbeidslivspolitikken til FrP sidan 1973. Ein marknadsliberalistisk politikk einkvar skulle ha høve til å sjølv framforhandle si eiga løn, arbeidstid og andre arbeidsforhold. Dei store arbeidslivsorganisasjonane sentralt, som til dømes LO og NHO, ville miste svært mykje av si makt ved slike desentraliserte oppgjer.

Det fanst likevel nokre endringar i programmet. I 2001 ville partiet ”at lover og regler som regulerer arbeidsmarkedet oppheves, med mindre de er nødvendige av medisinske,

³⁰¹ Berglund 2005: 135.

³⁰² Fremskritt 2005: 1 av 5 LO-medlemmer stemte FrP. 1.oktober.

³⁰³ Fremskritt 2005: 1 av 5 LO-medlemmer stemte FrP. 1.oktober.

³⁰⁴ Valprogram for Framstegspartiet, 2001-05: 8.

sikkerhetsmessige eller grunnleggende sosiale årsaker.³⁰⁵ I 2005 var dette endra til ”at lover og regler som regulerer arbeidsmarkedet liberaliseres, dog slik at det tas hensyn til medisinske, sikkerhetsmessige og grunnleggende sosiale rettigheter.”³⁰⁶ Ønsket om oppheving som hadde eksistert i alle partiprogramma sidan 1985, var altså endra til liberalisering. Dette var ei tilsynelatande lita endring, men den kunne bety store endringar i kva FrP ville tillate av reguleringar. Det er stor forskjell på å ville fjerne ei ordning og å endre den. Også eit punkt som omhandla arbeidsmiljølova var endra. I 2001 ville partiet ”forenkle arbeidsmiljøloven slik at avtaler om arbeidstid baseres på frivillige forhandlinger mellom arbeidsgivere og arbeidstakere på de enkelte bedrifter.”³⁰⁷ Også dette standpunktet hadde eksistert sidan 1985. I valprogrammet for 2005-09 står det berre at partiet ”vil forenkle arbeidsmiljøloven.”³⁰⁸ Programmet for 2005 verka klart vagare enn dei føregåande. Ei ny setning som var tilført programmet i 2005 var at FrP ønskete ”et mer fleksibelt arbeidsmarked.”³⁰⁹ Dette var ikkje utdjupa i programmet. Ei anna endring var at punktet om karensdagar i sjukelønsordninga var fjerna. Desse endringane kan sjåast på med to perspektiv. Ser ein på dei i eit breitt perspektiv ser det ikkje ut til at endringane var så omfattande. Det var berre nokre ord i teksten som var endra, og innhaldet elles var stort sett det same. Dersom perspektivet er at eit partiprogram er utvikla av strategar som sjeldan eller aldri gjer endringar utan grunn kan endringane tilleggast stor betydning. Endringane kan då representera ei sterkt moderering av programmet, og endring av den offisielle politikken. Sidan programmet ikkje presiserte liberaliseringa av reguleringa av arbeidsmarknaden kan det i prinsippet bety at partiet ville godta alle lover som regulerar arbeidsmarknaden med visse forenklingar. Då Odelstinget diskuterte endringar i arbeidsmiljølova i juni 2005 fekk FrP høve til å legge fram sine syn i desse sakene.

I februar 2005 la den sitjande borgarlege regjeringa fram eit forslag til endringar av arbeidsmiljølova, på bakgrunn av ei innstilling frå Arbeidslivslovutvalet (Allu). LO var blant dei sterkeste kritikarane til endringane i arbeidsmiljølova, og hevda at endringsforsлага ville føre til ei brutalisering av arbeidslivet. Då Odelstinget 6.juni diskuterte desse endringane hadde FrP to representantar i diskusjonen, Torbjørn Andersen og Per Sandberg. Andersen hevda i sitt innlegg at den nye arbeidsmiljølova ikkje fortente karakteristikkar som svekking,

³⁰⁵ Valprogram for Framstegspartiet, 2001-05: 9.

³⁰⁶ Valprogram for Framstegspartiet, 2005-09: 21.

³⁰⁷ Valprogram for Framstegspartiet, 2001-05: 9.

³⁰⁸ Valprogram for Framstegspartiet, 2005-09: 21.

³⁰⁹ Valprogram for Framstegspartiet, 2005-09: 20.

rasering eller brutalisering av arbeidslivet, slik venstresida og LO hadde hevda. I LO var det særskilt utvida tilgang til midlertidige tilsettingar som hadde ført til desse karakteriseringane. Andersen aviste på det sterke at midlertidige tilsettingar var einstydande med brutalisering eller rasering av norsk arbeidsliv:

(...) når Fremskrittspartiet nå støtter forslaget om å myke opp regelverket for midlertidig ansettelse, gjør vi det fordi vi oppriktig mener at det er til fordel og gagn for arbeidsliv og sysselsetting med økt adgang til midlertidig ansettelse. Vi i Fremskrittspartiet avviser på det mest bestemte at økt adgang til midlertidig ansettelse betyr brutalisering eller noen form for rasering av norsk arbeidsliv eller arbeidsmiljølovgivning.³¹⁰

Per Sandberg hevda at debatten og det venstresida hadde sagt under behandlinga av lova motbeviste trua han hadde hatt på at det var eit tverrpolitisk mål å få flest mogleg i arbeid.

”Den som fortsatt tror at vi gjennom omfattende tariffavtaler og altomfattende arbeidsmiljølover liksom skal sørge for arbeid til folk flest, tar feil – i hvert fall hvis en framholder at det fortsatt skal være en balanse mellom ansatte i offentlig sektor og ansatte i privat sektor.”³¹¹ Ei omfattande arbeidsmiljølov med større grad av sosiale rettar inkludert, var inga løysing på arbeidsløyseproblemet, meinte Sandberg. Det som ville skape arbeidsplassar var fleksibilitet, noko som ikkje eksisterte i lova i følgje FrP-nestformannen. ”Hvorfor er det slik at en norsk arbeider – som i følge den nye lederen i Arbeiderpartiet, Gerd Liv Valla, er godt kvalifisert, effektiv og generelt tilpasningsdyktig – ikke selv kan bli enig med sin arbeidsgiver om sin egen arbeidstid, sine egne arbeidsoppgaver og sin egen lønn?” spurte Sandberg.³¹² Dette var overeins med det FrP hadde sagt i over 30 år. Arbeidaren burde ta hand om sine eigne arbeidstilhøve, FrP sitt ideale for ein fri arbeidsmarknad. Nok ein gong nyttaltså ein representant frå FrP høvet til å rette søkelyse mot samråra mellom Ap og LO. Sandberg meinte vidare at Valla i mangel på gode svar gøynte seg bak det gamle fiendebilete av at det ”kyniske og ansiktsløse private næringslivet higer etter å utnytte den forsvarsløse arbeideren.”³¹³ Dette biletet var forelda i 2005 meinte Sandberg. Sandberg sitt råd var at Noreg måtte lære av Storbritannia.

Storbritannia reformerte arbeidslivspolitikken gjennom tøffe oppgjør med fagforeningene og en rekke arbeidslivslover. Det var tøft, og det var kompromissløst. Thatcher hadde en klar målsetting, og hun nådde frem. Det Thatcher fikk til, var å deregulere et rigid og lite fleksibelt arbeidslivslovverk. Hun lot ansatte og bedrifter i større grad bestemme selv hvilke betingelser som skulle legges til grunn lokalt, noe som har resultert i mer fleksibilitet, både for arbeidstakeren og for arbeidsgiveren. Det var lange generalstreiker. Fagforeningene, sosialdemokratene og sosialistene proklamerte at dette i realiteten ville bety slutten for

³¹⁰ Odelstings Tidende 2004-2005: 780.

³¹¹ Odelstings Tidende 2004-2005: 790.

³¹² Odelstings Tidende 2004-2005: 790.

³¹³ Odelstings Tidende 2004-2005: 790.

velferden til den britiske arbeidstakeren. (...) I ettertid kan en se at etter det oppgjøret som ble tatt med fagforeningene og med venstresiden i engelsk politikk, har Storbritannia vært, og er fremdeles, godt preget av god økonomisk framgang og av lav arbeidsløshet, sammenlignet med resten av Europa.³¹⁴

Sandberg hevda at sosialdemokratane i Storbritannia no var av ei anna oppfatning. Både Jack Straw og Tony Blair har framheva dei fleksible arbeidslivslovene til Thatcher som årsak til at arbeidsløysa var låg, og at dette heller ikkje hadde gått ut over velstanden til arbeidaren, hevda Sandberg. Sandberg ville altså ta eit oppgjer med fagrørsla av same karakter som Thatcher i si tid hadde teke med fagrørsla i Storbritannia, og som vi har sett fekk store konsekvensar. Sandberg understreka med det enda ein gong FrP sitt ønske om å fjerne makta og påverknaden LO hadde i arbeidslivet og politikken. Ikkje uventa kom det motinnlegg mot Sandberg sitt innlegg. Heiki Holmås (SV) sendte oppfordringa tilbake til Sandberg. ”Ja, se på England, da, se på Storbritannia og se på USA! Der er det en framvekst av en stor underklasse av mennesker som er nødt for å jobbe mer enn full stilling for å være i stand til å forsørge seg selv. Det er en framvekst av et samfunn med så store forskjeller at vi aldri har sett maken i Norge. Dette er altså et ideal for en av Fremskrittspartiets fremste talspersoner.”³¹⁵ Sandberg sine utspel signaliserte at partiet framleis hadde det same synet på arbeidslivspolitikken, trass i dei nye formuleringane i partiprogrammet.

Desentraliserte oppgjer har gjennom heile partiet si historie vore ei av dei absolutt viktigaste arbeidslivssakene til FrP. I mai 2006 presenterte Synovate MMI ei medlemsundersøking på oppdrag frå Fellesforundet.³¹⁶ Undersøkinga viste at 51 prosent av medlemmane ville røysta Ap dersom det var val same dag. Den viste også at medlemmane i forbundet skilde seg ut med ei klar polarisering rundt Ap på den eine sida og FrP på den andre, 35 prosent ville nemleg røysta FrP.³¹⁷ Brukar vi FrP sin retorikk kan vi seie at Fellesforbundet var i ferd med å verte delt mellom det gamle og det nye arbeidarpartiet. Forbundsmedlemmane som røysta FrP var størst blant dei yngre og dei som hadde vore medlemmar kortast, dei eldre valte Ap.

Undersøkinga tok også for seg meiningane til Fellesforbundet sine medlemmar i enkelte tema. Spørsmålet om haldninga til tariffavtalar gav eit interessant resultat. Spørsmålet var

³¹⁴ Odelstings Tidende 2004-2005: 790.

³¹⁵ Odelstings Tidende 2004-2005: 796.

³¹⁶ Fellesforbundet er med sine om lag 160.000 medlemmar det største LO-forbundet i privat sektor, og organiserar mellom anna medlemmar frå verkstadindustrien, byggfag- og byggeindustrien, treforedling, skog og landbruk, oppdrettsnæring, tekstil- og konfeksjon og grafisk verksmed. (kjelde: www.lo.no).

³¹⁷ Kavli 2006: 19.

formulert gjennom to påstandar, og den spurde skulle velje den påstanden han eller ho³¹⁸ var mest samd i. Påstand A var: ”Dagens system med sentrale tariffavtaler gir trygghet for lønn, arbeidstid og ansettelsesvilkår. Det gjør at ingen kan få dårligere vilkår enn det som er fastsatt i avtalen. Derfor bør sentrale tariffavtaler opprettholdes.” Påstand B var: ”Det bør ikke være adgang til å inngå sentrale avtaler om lønn, arbeidstid og ansettelsesvilkår, fordi det gjør arbeidslivet for stivbeint. Derfor bør retten til å inngå avtaler kun gjelde for den enkelte bedrift eller mellom den enkelte arbeidsgiver og arbeidstaker.”³¹⁹ Undersøkingsresultatet viste at heile 84 prosent av Felles forbund-medlemmane svarte at dei var mest samde i påstand A. Berre 13 prosent var samde med påstand B, og dette var i størst grad dei yngre medlemmane. Det som verkeleg var oppsiktsvekkjande ved resultatet var at medlemmane som definerte seg sjølv på høgresida i politikken var det eit overveldande fleirtal på 75 prosent samd med påstand A.³²⁰ Undersøkinga viste at 4 prosent av medlemsskaren til Felles forbundet vil røyste Høgre³²¹, og sidan det er normalt å rekne høgresida i politikken som Høgre og FrP, tyder dette på at eit stort fleirtal av dei som røysta FrP i Felles forbundet var positive til sentraliserte forhandlingar av tariffavtalar. FrP var dermed på kant med sine veljarar i Felles forbundet i denne saka. Desse medlemmane var altså samde med LO-leiinga i denne saka. Dette er med å bygge under påstanden til Per Arne Olsen om at det var andre saker enn arbeidslivssaker som var viktigaste årsak til at LO-medlemmane røysta på partiet.

Representantar frå det raudgrøne regjeringsalternativet hadde under debatten i Odelstinget i juni 2006 lova at dersom dei fekk makta etter valet ville dei reversere endringane som vart gjort i arbeidsmiljølova. Dette var også eit av dei sterkeste krava frå LO før valet. Det tok ikkje mange månadane før regjeringa la fram eit forslag til nye endringar i lova. 16. desember 2005 diskuterte Odelstinget desse. Per Rune Henriksen frå Ap forklarte kvifor regjeringa no ville reversere endringane som vart vedteke i juni same år: ”De fagorganisertes massive støtte til det rød-grønne alternativet ved årets stortingsvalg gav oss et nytt flertall og en ny regjering. Høyresidens svekkelse av arbeidsmiljøloven var kanskje den viktigste årsaken til dette.”³²² No var det tid for å innfri valløfta, hevda Henriksen. Lova skulle reverserast slik at den mellom anna styrka og innskjerpa arbeidstidsreglane og det vart sett ein stoppar for bruk av midlertidige tilsettingar. Kenneth Svendsen frå FrP hevda at regjeringa si reversering av dei

³¹⁸ Sjansen var størst for at det var snakk om *han* og ikkje *ho*, sidan den same undersøkinga viser at 9/10 av dei som svarte på undersøkinga var menn.

³¹⁹ Kavli 2006: 29.

³²⁰ Kavli 2006: 29-30.

³²¹ Kavli 2006: 19.

³²² Odelstings Tidende 2005-2006: 91.

sakene dei hadde tapt berre eit halvår i førevegen hadde gjort tilveret uføreseieleg for næringslivet og arbeidstakarane. Han hevda ein berre kunne spekulere i om dette var ein del av tilbakebetalinga av millionane LO hadde sprøyta inn i valkampen til det raudgrøne alternativet.³²³ Lise Christoffersen frå Ap spurte Svendsen om FrP, som likte å kalle seg det nye arbeidarpartiet, i det heile hadde vurdert den internasjonale forskinga som viste betydelege helseskadar av ein slik type politikk, til dømes midlertidige tilsettingar. Svendsen svarte på karakteristikken: ”Representanten startet sitt innlegg ved å si at vi yndet å kalle oss det nye arbeiderpartiet. Vi er kanskje et nytt parti for arbeiderklassen, det er nok korrekt, men vi er et langt mer moderne arbeiderparti enn det arbeiderpartiet som er i dag, og som er fast knyttet til LO både med representasjon i sentraltyret osv.”³²⁴ Svendsen hevda at FrP la til grunn og støtta rapportar frå aktørane på marknaden, mellom anna Aetat, som hevda at midlertidige tilsettingar var ein god måte å få flest mogleg inn i arbeidslivet på fast basis. For FrP var det viktigast å sikre folk arbeidsplassar.

Debatten vart i stor grad prega av diskusjonen om LO si støtte til den raudgrøne regjeringa. Dagfinn Sundsbø frå Sp undra seg over argumentasjonen til Svendsen, sidan Sp både var medlem av regjeringa og støtta reverseringa av endringane i arbeidsmiljølova, men ikkje hadde motteke pengestønad frå LO. Han hevda også at det ikkje berre var LO, men også eit samla tal andre fagorganisasjonar som ynskte desse reverseringane velkommen, og spurde om Svendsen berre registrerte signala frå LO.³²⁵ Svendsen responderte på Sundsbø sitt spørsmål ved å hevde at det var det motsette som var tilfelle. Medan regjeringspartia berre registrerte ynska frå LO, og arbeidstakarorganisasjonane, så tok FrP høgde for å registrere alle innspela som kom, mellom anna KS³²⁶ og Aetat³²⁷ var positive. Svendsen hevda også det var eit interessant moment at Sp var langt mindre synlege i denne saka enn Ap og SV. ”Og det er vel nettopp fordi de har meir å betale tilbake enn Senterpartiet,” hevda han.³²⁸

Den andre representanten frå FrP i diskusjonen, Robert Eriksson, hevda at undersøkingar viste at veldig mange arbeidstakrarar var opptekne av fleksibilitet i arbeidssituasjonen. Mange av desse ynska seg meir fritid framfor høgare løn. Difor ynskte også mange av desse å ha høve til

³²³ Odelstings Tidende 2005-2006: 93.

³²⁴ Odelstings Tidende 2005-2006: 95.

³²⁵ Odelstings Tidende 2005-2006: 95-96.

³²⁶ KS – kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon, før 2004 Kommunenes Sentralforbund. Interesse- og arbeidsgjevarorganisasjon for alle landets kommuner og fylkeskommuner.

³²⁷ Den offentlege arbeidsformidlinga i Noreg vart i februar 2000 samla under namnet Aetat. (www.caplex.no).

³²⁸ Odelstings Tidende 2005-2006: 96.

å arbeide overtid i periodar, for å kunne avspasere dette seinare. Forslaget frå Regjeringa ville avgrense arbeidstakarane sine høve til fleksibilitet for å kunne realisere ynsket om betre tid.

Dette syns Eriksson var synd. Han syns også det var sterkt beklageleg at regjeringa innskrenka tilgangen til midlertidige tilsettingar, og hevda at dette ville ramme dei svakaste arbeidstakarane. Dessutan var dette også noko som ville svekke fleksibiliteten til folk.³²⁹

Arbeidslivspolitikken til FrP, slik den kom fram i dei to debattane om arbeidsmiljølova, var altså lite endra ved valet i 2005, trass i endringane i partiprogrammet. Vi skal i det fylgjande undersøke korleis FrP arbeidde med fagleg-politisk arbeid og for å nå måla i erobringssstrategien.

Eit opprør nedanfrå

Før 2004 er det nokså lite å spore av intervju og artiklar som omhandla LO-medlemmar som opent støtta FrP i *Fremskritt*. Det fanst likevel nokre få unntak. I april 1999 intervjuer *Fremskritt* Robert Hansen, leiar i Handel og Kontor (HK) i Buskerud fylke. Hansen røysta FrP, og hadde aldri lagt skjul på dette. Han hadde heller aldri fått negative kommentarar på grunn av sitt partival. ”Jeg har aldri lagt skjul på mitt politiske ståsted. Det spiller ingen rolle, HK er en flerpartiorganisasjon, noe også LO har blitt,” hevda Hansen.³³⁰ Etter det eg kan sjå var Hansen nokså unikt harmonisk i si oppleving av kombinasjonen FrP-veljar og LO-medlem. Artiklane som omhandla dette i dei neste åras *Fremskritt* var av langt meir kritisk karakter. I mars 2001 hadde *Fremskritt* ei reportasje om ei kampanje som LO i Vestfold hadde laga mot FrP. I kampanjen hadde det mellom anna stått: ”Fremskrittspartiets program oser av menneskeforakt.”³³¹ Ein som reagerte sterkt på dette var formann i Sandefjord FrP Tom E. B. Holthe. Han hevda til *Fremskritt* at det var heilt tydeleg at LO ikkje var interessert i han, og hadde no meldt seg ut av Fag forbundet. Han oppfordra alle andre av sine partimedlemmar som også var medlem av eit LO-forbund til å gjere det same, og heller søke organisering i forbund som ikkje var LO-tilknytt.³³²

I *Fremskritt* 13.november 2004 intervjuer avisas 2.nestformann i Nord-Trøndelag FrP, Birger Meinhardt. Han var provosert over at pengane han og andre FrP-sympatisørar i LO betalte inn i kontingent gjekk til å finansiere Ap. Han oppfordra no fagorganiserte FrP-medlemmar til å

³²⁹ Odelstings Tidende 2005-2006: 107.

³³⁰ *Fremskritt* 1999: *Fagforeningsleder og FrPer*. 30.april.

³³¹ *Fremskritt* 2001: *LO og FrP i vill kamp*. 31.mars.

³³² *Fremskritt* 2001: *LO og FrP i vill kamp*. 31.mars.

ta opp kampen mot LO-leiinga: ”Det er viktig at våre folk toner flagg og engasjerer seg i politiske diskusjoner på arbeidsplassen. Det er ingen grunn til at sosialistene skal få beholde denne viktige maktabasen for seg selv.”³³³ Det var først og fremst samarbeidet mellom Ap og LO som opprørte Meinhardt. Han meinte at fagforeiningane burde vere politisk nøytrale, men var sterkt tilhengjar av fagrørsbla. ”Jeg mener bestemt at vi trenger fagbevegelsen; vi trenger fagorganisasjoner som ivaretar medlemmenes rettigheter,” sa Meinhardt.³³⁴ Det var det han beskrev som pampeveldet i LO-leiinga han ville til livs: ”Jeg er tilhenger av en mer desentralisert fagforening, med sterke innflytelse lokalt. Vi må ta hensyn til hvor vi bor og i sterke grad støtte opp om den bedriften vi arbeider i.”³³⁵ Meinhardt ville ikkje oppfordre arbeidarane til å legge seg flat for bedriftene, men ynskte å opne for langt større grad av lokale lønsforhandlingar framfor sentrale. Dette var argumentasjon som Carl I. Hagen og leiinga i FrP hadde formidla i mange år. Dette utspelet til Meinhardt var også heilt i tråd med erobringsstrategien som strategiutvalet til partiet vedtok same år. ”Partiet må i alle ledd oppfordre FrP’ere som er organisert, til å bli aktive i fagorganisasjonen, for på den måten i en langsiktig prosess søke å endre organisasjonene innenfra.”³³⁶

I tida før og etter stortingsvalet i 2005 var det fleire provoserte LO-medlemmar som tok til orde for handling overfor LO i *Fremskritt*. FrP-medlem og tillitsvalt i Felles forbundet i Haugesund, Birger Holgersen, sa seg i eit lesarinnlegg i november 2004 samd med Meinhardt. Han var av den oppfatning at det fanst langt fleire ”skap-FrParar” i LO, og oppfordra alle til å stå fram og krevje respekt for sin politiske ståstad.³³⁷ I høve 1.mai 2005 var Geir Moe, klubbleiar for Felles forbundet og FrP-politikar i Steinkjer, intervju. Han var lei av det han kalla galskapen i LO. ”Det er jo noe fullstendig galt når LO-medlemmenes kontingentpengar går til å fremme Aps sak.”³³⁸ Moe krevja å sjølv bestemme kva parti hans kontingentpengar skulle brukast til å støtte. ”FrP står i dag på arbeidernes banehalvdel, det gjør ikke Ap. Det at det aldri har vært spørsmål om hvordan kontingentpengene skal brukes er etter min mening alarmerende, og jeg ser ingen problemer med at min del av kontingenoten i så måte, går til FrP.”³³⁹ Han meinte tida var inne for å ta eit oppgjer med pampeveldet i LO.

³³³ *Fremskritt* 2004: *Ber FrP’ere i LO tone flagg*. 13.november.

³³⁴ *Fremskritt* 2004: *Ber FrP’ere i LO tone flagg*. 13.november.

³³⁵ *Fremskritt* 2004: *Ber FrP’ere i LO tone flagg*. 13.november.

³³⁶ *Fremskritt* 2004: *Vinner LO-medlemmene: FrP vil erobre LO*. 18.september.

³³⁷ *Fremskritt* 2004: *Arbeiderpartiet – LO/ Fremskrittspartiet – LO?* 27.november. Lesarinnlegg av Birger Holgersen.

³³⁸ *Fremskritt* 2005: *Refser LOs pampevelde*. 30.april.

³³⁹ *Fremskritt* 2005: *Refser LOs pampevelde*. 30.april.

Det var likevel ikkje alle som var samde om måten dette oppgjeret skulle utførast. Jan Arne Frantzen, tillitsvalt i Jernbaneforbundet, sa til *Fremskritt* at han ville melde seg ut av LO, sidan organisasjonen ikkje lenger representerte interessene til medlemmane. ”Jeg skal melde meg ut av LO, jeg kan ikke kaste bort 5000-6000 kroner i året på en organisasjon som jobber aktivt for å forverre arbeidernes situasjon i Norge. Med den politikken communistene i LO ønsker å innføre i landet vil det ikke være en eneste arbeidsplass igjen.”³⁴⁰ I same artikkel, som stod på trykk få dagar før valet i 2005, skreiv *Fremskritt* at ei rekke LO-medlemmar med verv i FrP, som avisa hadde snakka med, fann det forkasteleg at LO støtta spesifikke parti, og brukte pengar på det dei kalla gårdsdagens løysingar. Ein av desse var igjen Birger Meinhardt. Han hevda at Ap hadde svikta totalt og ikkje lenger var på arbeidarane si side. ”De er som de andre partiene mer opptatt av handlingsregelen, vise makt og tre regler nedover hodet på godtfolk. Dette viser hvem som er arbeidernes parti. Det er FrP og ikke Ap.”³⁴¹

I *Dagbladet* nyttårsaftan 2005 kom partisekretær i Ap, Martin Kolberg, med eit nyttårsforsett:

Jeg vil annonsere allerede nå at kampen mot Frp blir Aps hovedoppgave i det nye året og i åra som kommer. Vi vant valget, det er vi strålende fornøyd med, men det ligger en kolossal utfordring foran oss når vi ser at Frp får over 22 prosent av stemmene. Vi kan ikke leve med et liberalistisk parti med så stor oppslutning.³⁴²

Ap skulle no knekke det Kolberg kalla ”FrP-koden”, mellom anna ved å synleggjere politikken til partiet for folk. Ap gav mellom anna ut eit hefte med tittelen ”FrP på alvor”. Nestleiar i FrP Per Sandberg uttalte i *Fremskritt* at han var stolt over Ap si kamperklæring. Han hevda at dette bekrefta at FrP no var det einaste reelle alternativet til Ap. ”(...) Ap ser på oss som en hovedkonkurrent. En konkurrent som har tatt sikte på å bli like store som Arbeiderpartiet var i forrige århundre. (...) Da er det naturlig at de ønsker en konfrontasjon sammen med pampene i LO. Men det er minst én ting Ap og LO ikke har skjønt, og det er at velgerne ikke lenger lar seg dikttere til å mene det pampene i Ap og LO vil.”³⁴³ Generalsekretær i FrP, Geir Mo, meinte det var smigrande at Ap valte å bruke tid på FrP framfor å forklare sin eigen politikk. Han hevda likevel at heftet Ap hadde gitt ut var fullt av feil. Han oppfordra Martin Kolberg til å ta del i eit av FrP sine kurs. ”Dermed får Kolberg en

³⁴⁰ *Fremskritt* 2005: LO provoserer medlemmene. 3.september.

³⁴¹ *Fremskritt* 2005: LO provoserer medlemmene. 3.september.

³⁴² *Dagbladet* 2005: Nå skal Ap ta FrP. 31.desember.

³⁴³ *Fremskritt* 2006: - Stolt over Aps krig mot oss. 14.januar.

ypperlig anledning til å få forklart Fremskrittspartiets politikk av noen som faktisk kan den,” sa Mo til *Fremskritt*.³⁴⁴

Ap var ikkje aleine om å gå til kamp mot FrP. Med seg på laget hadde dei også dei to andre partia i den raudgrøne regjeringa, og ikkje minst LO. LO sette av 1. million kroner til å motkjempe FrP. Informasjonssjef i LO, Øyvind T. Hansen, understreka i *Dagsavisen* koriktig det var for LO å markere for sine medlemmar kva parti som var med dei og mot dei. ”Valget i 2005 ble vunnet på at vi klarte å vise hva partiene sto for, og her var våre tillitsvalgte viktige. Vi reagerte også kraftig da FrP som eneste parti ikke engang gadd å svare på våre 54 politiske krav.³⁴⁵ Den arrogansen skal vi minne våre medlemmer om, og vi skal kikke FrP nøye i kortene framover,” sa Hansen.³⁴⁶

Partileiinga i FrP såg altså ut til å ta kamperklæringa frå Ap og LO som ei utfordring. Blant LO-medlemmane i FrP vakte det sterke reaksjonar at LO støtta denne kampen. Arve Hallingrød frå Nordal kommune meldte seg i følgje *Fremskritt* ut av LO då han som plasstillitsvalt fekk brev frå regionalleiaren i LO med oppfordringa om å påverke sine kollegar til å røyste Ap. Han oppfordra alle FrP-medlemmar i LO til å gå saman og true LO med utmelding. ”Det er helt uhørt at disse medlemmenes contingent skal brukes til å angripe partiet de selv støtter!”³⁴⁷ Geir Moe var også provosert, og hevda at samrøret mellom Ap og LO hadde vorte eit demokratisk problem. Han hevda at på arbeidsplassen hans, ABB AS i Steinkjer, var det full oppstandelse mot Ap sin krig mot FrP. Det var heller ingen tvil om at sympatiene låg hjå FrP.³⁴⁸ Moe hevda at pampane i Ap og LO hadde starta ein ideologisk kamp, og at målet til leiinga i LO var å opprethalde bakstreverske og gamaldagse haldningar, for å sikre sine eigne posisjonar. ”For å skjule sine motiver snakker de om å sikre arbeidstakernes rettigheter,” sa Moe.³⁴⁹ Middelet for å vinne den ideologiske kampen var i følgje Moe å gjere opprør mot LO nedanifrå. Opprøret måtte kome frå LO-medlemmane sjølv. Han støtta med det Meinhardt sine utspel frå 2004, og fylgde linjene frå erobringsstrategien. Det var ikkje berre mellom medlemmane i FrP erobringsstrategien hadde

³⁴⁴ *Fremskritt* 2006: - *Makkverk fra Ap.* 27.mai.

³⁴⁵ FrP var som vi har sett ikkje det einaste partiet som valte å ikkje svare på krava frå LO, også Høgre nekta dette.

³⁴⁶ *Dagsavisen* 2006: *LO skal knekke Frp - Åpner lommeboka for å hjelpe Ap.* 4.januar.

³⁴⁷ *Fremskritt* 2006: *Meldte seg ut i protest.* 14.januar.

³⁴⁸ *Fremskritt* 2006: *Meldte seg ut i protest.* 14.januar

³⁴⁹ *Fremskritt* 2006: *Meldte seg ut i protest.* 14.januar

byrja å gjere seg gjeldande. Frå sentralt hold i partiet vart det etter valet i 2005 gjort enda meir tydleg at partiet arbeidde for å få fotfeste i LO.

Fagpolitisk utval – erobringssstrategien i praksis

I mars 2006 nedsette sentralstyret i FrP eit fagpolitisk utval. Dette utvalet skulle etablere ein dialog med fagrørsla, motta impulsar frå fagrørsla og informere om partiets politikk i faglige fora. Utvalet hadde også som siktemål å gjere partiet meir medvitent om fagleg politisk arbeid, og skulle ha påverknad på partiets politikk: ”FrPs partiprogram fornyses hvert fjerde år, men i en verden i utvikling kan man ikke ha et statisk program. Fagpolitisk utvalg vil i likhet med andre fora i partiet bidra med impulser i arbeidet med å utvikle partiets program.”³⁵⁰ Opprettinga av utvalet kan på den eine sida kanskje tolkast som eit svar på kamperklæringa frå Ap og LO. Samstundes var det heilt i tråd med intensjonen i erobringssstrategien. Nedsettinga av utvalet viste heilt tydeleg at FrP sette meir fokus på fagleg-politisk arbeid. Utvalet vart leia av FrP-nestformann Per Sandberg, og bestod av FrP-medlemmar som på ulike vis hadde eit fagleg engasjement. Medlemmane var alt frå profilerte stortingsrepresentantar som Per Willy Amundsen og Robert Eriksson, til fagorganiserte medlemmar både med og utan tillitsverv, mellom anna oljearbeidar Birger Meinhardt, som hadde markert seg sterkt som FrP- og LO-medlem i *Fremskritt*.

I februar 2007 besøkte *LO-aktuelt* eit møte i utvalet. Her vart utvalsmedlemmane intervjua om formålet med dette engasjementet. Alle medlemmane av utvalet såg stor verdi i å vere fagorganisert. Per Sandberg hadde tidlegare vore medlem av Fellesforbundet, men var no utmeldt i protest mot LO si finansiering av Ap. Han hevda likevel at det var viktig å vere fagorganisert, i følge *LO-aktuelt*. Dette synet delte Birger Meinhardt. Då *LO-aktuelt* besøkte utvalet hadde han sjølv nyleg vore igjennom ei sak mot ein tidlegare arbeidsgjevar, som han hadde vunne med hjelp av LO-forbundet Nopef.³⁵¹ ”Jeg er fagforeningsmedlem fordi jeg mener at vi trenger fagforeninger,” sa Meinhardt til *LO-aktuelt*.³⁵² Irene Berg Godinez, nestformann i Fagforbundet på Legevakta i Oslo, forklarte eit problem ho stod overfor i sitt yrke. ”Det er et problem å skaffe nok sikkerhetsvakter til Legevakta. Vaktene ønsker å jobbe mer overtid, men Arbeidsmiljøloven setter grenser.”³⁵³ Ho etterlyste med dette fleksibiliteten

³⁵⁰ FrP: Fagpolitisk hefte 2007: 4.

³⁵¹ Norsk olje- og petrokjemisk forbund. Frå 2006 ein del av Industri Energi (IE), ei samanslutting mellom Nopef og Norsk Kjemisk Industriarbeiderforbund. (kjelde: www.lo.no).

³⁵² *LO-aktuelt* 2007: *På korstog med Per Sandberg*. 2.februar.

³⁵³ *LO-aktuelt* 2007: *På korstog med Per Sandberg*. 2.februar.

som FrP-medlemmane i odelstinget hadde tala sterkt for i diskusjonane om arbeidsmiljølova. Monica Gåsvatn, sjukepleiar og tillitsvalt i Norsk Sykepleierforbund, peika på noko ho syntes var ei viktig oppgåve for utvalet, og partiet i det heile: ”Vi må alminneliggjøre det å være medlem av Fremskrittspartiet,” sa ho til *LO-aktuelt*.³⁵⁴ Utvalet hadde også eit medlem frå eit miljø der FrP vanlegvis ikkje hadde ei stor tilhengjarskare. Stian Haldsrud var nyutdanna statsvitar frå Universitetet i Oslo, i følgje han sjølv ein av dei få FrP-medlemmane på Blindern då han meldte seg inn i partiet i 2003. Haldsrud var ungdomstillitsvalt i Helgedagsbetjeningens Forening i Oslo Sporveier, og organisert i Fagforbundet. Han uttalte at han meinte det var positivt at FrP var eit populistisk parti. Dette betydde nemleg at partiet fylgte med i utviklinga, hevda Haldsrud. ”Jeg takker Arbeiderpartiet for utviklinga av samfunnet, men fra 1980 begynte de å henge etter i utviklinga. Frp derimot, følger med i tiden,” meinte Haldsrud.³⁵⁵

I bygginga av partiorganisasjonen har skulering av og kursing av medlemmar vore eit viktig verkemiddel for FrP. I 2006 hadde partiet meir enn 12.000 medlemmar på kurs, dette var over halvparten av dei 23.000 medlemmane av partiet. Kursa vart i følgje utvalet sprengde av interesserte medlemmar. I ”pensum” for kursdeltakarane kunne ein mellom anna finne ei bok som var kjent for mange i fagrørska: ”Tillitsmannen” av Einar Gerhardsen. I følgje *LO-aktuelt* nyttja også det faglege utvalet seg av denne skuleringsverksemda, med stor suksess. FrP, partiet som i årevis hadde kritisert og skjelt ut LO, skulerte og lærte opp sine medlemmar med arbeidar- og fagrørska sitt språk og symbolikk rettesnor.³⁵⁶ Marte Nilsen, historikar og leiar for Attac Norge, skildrar utviklinga i partiet:

Alle husker jo hvilken forfatning FrP var i for bare noen år tilbaker. 90-tallets FrP var en praktfull kombinasjon av skakklest Oslo-liberalister og rabiate rasister. Alle så individualistiske at de knapt kunne stå saman under same hvite valgkampparasoll. Dagens FrP er no helt annet. Dagens FrP er et grasrotparti med forankring i distriktene og en solid partiorganisasjon som driver med noe så arkaisk som politisk skolering og organisasjonsbygging. Dagen FrP-ere har gått FrP-skolen.³⁵⁷

Nilsen hevda at Ap, som var arkitekten bak denne typen organisasjonsbygging, tydelegvis hadde kome på betre tankar, ettersom masseorganiseringa og folkerørslenes tid skulle vere forbi. Medan andre parti hadde gått over til å satse pengane sine på velformulerte og høgt udanna såkalla flinkisar, satsa FrP på kvardagsmennesket og lokal legitimitet, hevdar

³⁵⁴ *LO-aktuelt* 2007: *På korstog med Per Sandberg*. 2.februar.

³⁵⁵ *LO-aktuelt* 2007: *På korstog med Per Sandberg*. 2.februar.

³⁵⁶ *LO-aktuelt* 2007: *På korstog med Per Sandberg*. 2.februar.

³⁵⁷ Nilsen, Marte 2007: 116.

Nilsen.³⁵⁸ Det kan verke som partiet medvitent freista å utnytte dette også i sitt fagleg-politiske arbeid.

I oppfylginga av det eg har kalla erobringssstrategien, som partiet vedtok i 2004, var altså fagrørs las tradisjonelle språk og symbolikk nyttige verkty for FrP. Dette bringer oss inn på ideen om framstegsrørs la. Språkbruken til framstegsrørs la tok i bruk symbolikken til det tidlegare arbeidarrørs lespråket. FrP siterte internasjonalen og krevja rett til å markere den internasjonale arbeidardagen. Carl I. Hagen vart til og med omtalt som den nye landsfaderen. Samstundes som partiet nytte høvet til å rose det arbeidarrørs la hadde betydd for landet i det førre hundreåret, slo FrP fast at arbeidarrørs las tid no var forbi og måtte avløysast av framstegsrørs la. Partiet snakka om ”gutta på gølvet” og arbeidsfolket og brukte eit folkeleg språk. I følgje Magnus Marsdal var dette eit språk Ap bevisst hadde bevegd seg vekk ifrå: ”Når gamle Ap-gubber som Thorbjørn Berntsen og Yngve Hågensen i visse miljøer ble elsket for å kunne ”snakke rett fra levra”, var det fordi språket deres ga assosiasjoner til en folkelig tenkemåte som ser samfunnet nedenfra.”³⁵⁹ Marsdal hevdar at Carl I. Hagen hadde gjeninnført klassespråket.³⁶⁰ Han viste til Carl I. Hagen sine utspel i *Fremskritt* før valet i 2005. Arbeidarane vendte venstresida ryggen fordi venstresida hadde vendt ryggen til arbeidarane, hevda Marsdal.³⁶¹ Eg skal ikkje ta stilling til om Marsdal har rett i dette, men dette var den same argumentasjonen som Hagen støtta seg til.

I førekant av kommune- og fylkestingsvalet i 2007 utarbeida det fagpolitiske utvalet til FrP eit fagpolitisk hefte som var meint til bruk i valkampen. I forordet til det 57 sider lange heftet står mellom anna fylgjande: ”For FrP fremstår det som et paradoks at Arbeiderpartiet, som i alle valg siden 1997 har erklært FrP som sin hovedmotstander, skal få penger fra medlemmer i LO som stemmer på FrP, til å bekjempe FrP. Dette må vel også fremstå som et paradoks for FrP-sympatisørene i fagbevegelsen.”³⁶² Heftet hadde tre hovuddelar. Første del var eit forsøk på å lage ein historisk bakgrunnsdel. Neste del var ein gjennomgang av FrP sine synspunkt i fagpolitiske spørsmål. Siste del var i stor grad det same, men her gav partiet svar på spørsmål mottatt frå fagrørs la, mellom anna svarte utvalet ne på spørsmåla frå LO i kampanjen ”Du

³⁵⁸ Nilsen, Marte 2007: 116-117.

³⁵⁹ Marsdal 2007a: 260.

³⁶⁰ Marsdal 2007b: 61.

³⁶¹ Marsdal 2007b: 63.

³⁶² FrP: Fagpolitisk hefte 2007: 4.

bestemmer – LO på din side”. I siste del hadde utvalet også laga forslag til åtakspunkt overfor LO og Ap, og viktige argument for at arbeidarar burde røyste FrP.

Heftet vart innleia med FrP sitt faglege utval si tolking av fagrørsla si historie. Avsnittet hadde fått tittelen ”et glimt i fagbevegelsens historie”, og den korte oppsummeringa var i aller høgste grad eit glimt. Her vart det vist til at fagrørsla som organisasjonsform har røter tilbake til handverkarar frå Rom si organiseringsform for 2000 år sidan, og at desse påverka måten ein organiserte seg i Europa i mellomalderen. Fagrørsla si tidlege historie var knytt til den industrielle revolusjon, og oppstod som ein reaksjon på harde arbeidskår. Dersom ein då skulle oppnå betre rettar måtte ein stå saman, vart det hevdet. Det vert også nemnt at England, Tyskland, USA og dei nordiske landa fekk sterke fagrørsler i løpet av 1800-talet. Utvalet presserar i historieglimtet at det ”på slutten av 1800-tallet var det mange fagorganisasjoner som kjempet for bedre arbeidsvilkår, samtidig som man tok avstand fra sosialismen.”³⁶³ Dette vert ikkje nærare utdjupa. Det historiske tilbakeblikket er svært forenkla og som historisk oversikt svært mangelfullt. Ein får eit sterkt inntrykk av at hovudmålet med historieglimtet var å bevise at sosialistane ikkje hadde einerett på fagrørsla.

Heftet hadde også ei framstilling av historia om opphavet til den internasjonale arbeidardagen 1. mai. Her står følgjande skrive: ”Man kan få en oppfattelse om at venstresiden i norsk og europeisk politikk har tatt eierskapet til 1.mai. Vel, historien kan alltid være viktig å studere, også når det gjelder 1.mai.”³⁶⁴ Markeringa av 1. mai skulle i utgangspunktet vere for å minne ofra frå ein storstreik med tragisk utfall i Chicago i 1886, hevdet heftet. I følgje heftet var dette ikkje lenger tilfelle. 1.mai feirast over heile verda som arbeidarane sin dag, men ikkje i USA, her vart nemleg ”labour day” feira første måndag i september. Grunnen til dette var at i Europa hadde sosialistane og kommunistane gjort 1.mai til ein politisk dag, hevdet FrP. I USA var nemleg den organiserte venstresida praktisk talt ikkje til stades i fagrørsla, hevdet FrP i heftet, og stilte spørsmålet: ”Hvorfor skal heltene fra 1.mai 1886 glemmes mens sosialister og kommunister bruker dagen til å markere sitt politiske budskap? Enn om vi kunne feire dagen sammen uten politisk vinkling, så kanskje USA kunne minnes og hedre sine helter og martyrer fra 1886 på 1.mai.”³⁶⁵ Utvalet konkluderar følgjande: ”Historien viser at det altså

³⁶³ FrP: Fagpolitisk hefte 2007: 5.

³⁶⁴ FrP: Fagpolitisk hefte 2007: 5.

³⁶⁵ FrP: Fagpolitisk hefte 2007: 7.

ikke er noen klar og universell sammenheng mellom fagforeninger og sosialisme.”³⁶⁶ I neste avsnitt hevdar FrP at: ”Monopolet som sosialistisk markeringsdag er også falt, ved at også FrP bruker dagen til å markere sin politikk.”³⁶⁷ Ved å gjøre nettopp dette har vel FrP også bidrige til å gjøre 1.mai til ein politisk dag? Dette var ei sterk sjølvmotseiling sidan FrP først oppfordra sterkt til å feire dagen saman utan politisk vinkling, for så å nokre linje seinare hevde at monopolet som sosialistisk markeringsdag var falt, nettopp fordi også FrP nyttar dagen til å markere sin eigen politikk. Kjensla ein sit att med etter å ha lese den historiske bakgrunnsdelen til heftet er at den hadde eit formål, å motbevise at venstresida hadde einerett på fagrørsla og merkedagen 1. mai.³⁶⁸

Vidare i heftet finn vi ein informasjonsdel om LO og dei andre hovudorganisasjonane på arbeidstakarsida. Her hevdar heftet at LO mot slutten av 1800-talet var delt i synet på politisk tilknyting, og at ein del av foreiningane sympatiserte med Venstre. Heftet seier ingenting om den kollektive medlemskapen og den gjensidige styrerepresentasjonen med Ap. Det vert altså fokusert meir på at nokre få foreiningar sympatiserte med Venstre, enn at LO og Ap ofte vert omtala som siamesiske tvillingar i denne perioden. Heftet nemner at den første landsomfattande tariffavtale vart inngått i 1907, men hevdar at det trass i tariffavtalen var dels stor uro i arbeidslivet fram til 1930. Heftet seier heller ikkje noko om den fyrste hovudavtalen i 1935. Heftet er inkonsekvent i omtalen av dei andre hovudorganisasjonane i arbeidslivet, mellom anna YS, UNIO og Akademikerene, og kallar desse stadig vekk fag forbund. Det er også ein del faktiske feil i informasjonsdelen i heftet. Mellom anna står det skrive at hovudavtalen vert forhandla anna kvart år.

I første del av heftet reflekterar utvalet også over endringane i dei politiske preferansane til arbeidarar. Det vert hevdat arbeidarane støtta sosialdemokratiske parti då det var av deira økonomiske interesse, men då høge skattar byrja å ramme dei byrja dei å tvile. Då dei attpå til ikkje kunne kjenne seg igjen i Ap-eliten, hoppa mange av.³⁶⁹ Skatt var det politiske hovudargumentet for at arbeidarar hadde byrja å svikte Ap. Dette vart vist gjennom at både Reagan, Thatcher og Willoch kom til makta med stor støtte i arbeidarklassen. Det andre hovudargumentet var at det hadde vorte for stor avstand mellom leiinga Ap og grasrota i

³⁶⁶ FrP: Fagpolitisk hefte 2007: 7.

³⁶⁷ FrP: Fagpolitisk hefte 2007: 7.

³⁶⁸ Som aspirerande historikar er det også freistande å setje spørjeteikn ved kjeldegrunnlaget til den historiske bakgrunnsdelen i heftet. Einaste oppgitte kjelde er ”fagforening uten sosialisme. Danske LO.” Kvar denne er funne er ikkje oppgitt.

³⁶⁹ FrP: Fagpolitisk hefte 2007: 10.

arbeidarklassa. ”Utviklingen kan tyde på at det er kommet inn et ledersjikt i norsk politikk som gjør at avstanden til arbeiderklassen blir stor. De styrende og de styrte deler ikke lenger den samme sosiale historie.”³⁷⁰ Her spelte FrP nok ein gong på førestillinga om at leiinga og grasrota i arbeidarklassa hadde skilt lag.

I andre delen av heftet fylgjer ein gjennomgang av arbeidslivspolitikken til FrP. Innhaldet i denne delen er i samsvar med gjennomgangen av spørsmåla og krava frå LO seinare i heftet. Gjennomgangen av politikken var stort sett bygd på partiprogrammet, som vi har sett på tidlegare, vi skal difor ikkje dvele for mykje ved denne delen av heftet. Nokre av formuleringane i heftet kunne likevel tyde på at FrP freista å ytterlegare moderere språkbruken i arbeidslivspolitikken. Mellom anna står det under punktet om arbeidsmiljølova: ”FrP er for dagens arbeidsmiljølov (AML) med noen små forenklede justeringar.”³⁷¹ No var det altså berre små justeringar som skulle utførast. Det står også at FrP ville ”justere det kollektive avtalsystemet.”³⁷² I 35 år hadde FrP teke til orde for ei total desentralisering av dette systemet. Ut i frå teksten vidare i heftet var det tydleg at dette framleis var målet: ”(...) dagens sentrale tariffavtaler ikke er tilpasset den stadig økende konkurranse for næringsliv og norske arbeidstakere. I den sammenheng bør lokale arbeidstakerorganisasjoner, arbeidstakerne og arbeidsgiver i større grad kunne ta forhandlinger lokalt, tilpasset de lokale utfordringer og lokale fortrinn.”³⁷³ Også her ligg det likevel ei moderering. Partiet hadde alltid hevdat lokale forhandlingar skal erstatta sentrale. Dette har vore ei nøkkelsak i partiets arbeidslivspolitikk. Her vart det lagt opp til at dei ”i større grad” skulle gjere det. Det vart tidlegare veklagt at forhandlingane skulle gjennomførast av dei tilsette og leiingane ved bedriftene. Her vart det snakka om lokale arbeidstakarorganisasjonar. Kan det vere dette medlemmane i utvalet meinte då dei sa det var viktig å organisere seg? Ei sterkare form for lokal organisering i ei fagrørsle der den sentrale leiinga ikkje lenger spelte noko viktig rolle.

Mot slutten av det fagpolitiske heftet var målet å overbevise leseren om at FrP var det rette partiet for fagorganiserte. Eit interessant avsnitt her var: ”Viktige FrP-statements innenfor arbeidsliv.” Her hevdar FrP at partiet var stolte av den strenge og gode arbeidsmiljølova som verna deltakarane i arbeidslivet, men LO og Ap svikta ved å hindre den enkelte arbeidstakar fridom til å organisere sin eigen arbeidsdag. Politikken partiet ville føre ville ikkje føre til

³⁷⁰ FrP: Fagpolitisk hefte 2007: 11.

³⁷¹ FrP: Fagpolitisk hefte 2007: 25.

³⁷² FrP: Fagpolitisk hefte 2007: 34.

³⁷³ FrP: Fagpolitisk hefte 2007: 20.

brutalisering av arbeidslivet, men tvert om ville det verte oppmjuka. Folk skulle få bestemme over si eiga arbeidstid. Lokale forhandlingar framfor sentrale var viktig, for dermed kunne det tilpassast den enkelte arbeidstakar sine behov. Grunnen til at LO-pampene frykta dette var at det ville føre makta over frå Roar Flåthen³⁷⁴ og Jan Davidsen, til den enkelte arbeidstakar, hevda FrP. Det var heller ikkje lenger slik at det var noko motsetnad mellom å vere arbeidsgjevar og arbeidstakar, då arbeidsgjevarane visste å ta godt vare på sine tilsette, hevda heftet. LO levde i så måte tilbake i historia, den gongen det verkeleg var ein kamp for arbeidarane sine rettar, hevda utvalet. FrP hadde, som vi har sett, tidlegare slått fast at partiet ville foreine arbeidstakrar og arbeidsgjevarar, i kampen mot den griske staten.”Mens Jens Stoltenberg er på LO-ledelsens side, er FrP på medlemmenes side,” var ei viktig statement i heftet.³⁷⁵

Store delar av heftet hadde som formål å omskrive delar av historia og slå fast at det ikkje var nokon samanheng mellom LO og Ap. Framstillinga var også bygd mykje rundt førestillinga om at leiingane i LO og Ap hadde svikta grasrota i arbeidarrørsla. Det er interessant at FrP laga eit slikt hefte. Opprettinga av det faglege utvalet og dette orienteringsheftet viste at partiet tok linjene og måla som var lagt i erobringssstrategien på alvor.

”Vi er i rute”

I mars 2006 skreiv Carl I. Hagen eit av sine siste formannsinnlegg i *Fremskritt*. Ved landsmøtet i mai same år skulle han overlate roret til Siv Jensen. Det var tydeleg at det var ein stolt formann som oppsummerte partisituasjonen til FrP: ”For noen år siden sa jeg først litt i fleip at min visjon for Fremskrittspartiet på lang sikt var at vi skulle bli dette århundre det Arbeiderpartiet var i forrige århundre. Det vakte hånflir og latter. Nå er vi faktisk i rute!”³⁷⁶ Hagen hevda at det var vanskeleg å sjå saker som kunne skape store problem for partiutviklinga, og han åtvara om at det farlegaste for partiet var å gjere unødige og store feil eller vere overmodne og tru at alt ville gå av seg sjølv. Søkjelyset frå media og politiske konkurrentar gjorde at ”behovet for at alle folkevalgte og tillitsvalgte fortsetter å vise ”grundighet i saksbehandlingen, ansvarlighet i vurderingene, seriøsitet i tilnærmingen til saker og fortsatt vekt på deltagelse i kurs og seminarer i enda større grad har bare vokst.”³⁷⁷ Hagen

³⁷⁴ Roar Flåthen tok over som leiar i LO etter at Gerd-Liv Valla gjekk av i mars 2007.

³⁷⁵ FrP: Fagpolitisk hefte 2007: 49.

³⁷⁶ *Fremskritt* 2006: *Vi er i rute*. 11.mars. Leiarinnlegg av Carl I. Hagen.

³⁷⁷ *Fremskritt* 2006: *Vi er i rute*. 11.mars. Leiarinnlegg av Carl I. Hagen.

samanlikna nok ein gang partiuviklinga med Ap, som brukte mange tiår på å nå sine velmaktsdagar, og også hadde vore igjennom vanskelege periode med indre splitting og kampar. Hagen var tilfreds med at partiet no var i ferd med å gjennomføre eit smertefritt formannsskifte. Eit skifte som i følgje han ville kunne ”danne skole i norsk politikk i lang tid fremover.”³⁷⁸

I 2006 skifta FrP ikkje berre formann, partiet flytta også inn i nye lokalar. Symbolikken var sterkt då partiet i 1989 flytta inn i lokala på Youngstorget, mellom Ap og LO sine hus. Noko som i følgje generalsekretær Geir Mo var heilt på sin plass: ”Dette passet bra, med tanke på at Fremskrittspartiet er arbeidernes parti og i dag står for mange av de verdiene Youngstorget har representert gjennom historien.”³⁷⁹ No som partiet hadde etablert seg som eit leiande politisk parti i Noreg hadde lokala på Youngstorget vorte for små. Dei nye lokala var på toppen av Tostrup-gården i Karl Johans gate 25, vegg i vegg med stortinget. Mo meinte det låg ein god porsjon symbolikk også i denne flyttinga. ”Målet er at Karl Johans gate 25 skal bli for en FrP’er det Youngstorget har vært for en Ap-mann,” sa Mo til *Fremskritt*.³⁸⁰

Då FrP flytta inn på Youngstorget var dette heilt klart for å markere seg overfor LO og Ap. Symbolikken var minst like sterkt når partiet flytta ut. LO, Ap, arbeidarrørsla og Youngstorget representerte alle fortida, framtida var framstegsrørsla. Den nye rørsla som skulle sameine arbeidar og arbeidsgjevarar, folk flest, i ein kamp mot staten. Representantane for staten var nettopp LO og Ap. Partiet flytta inn like ved stortinget i paradegata Karl Johan. Der skulle framtida til framstegsrørsla byggast.

I tida etter det vedtok erobringssstrategien har FrP hatt eit sterkt fokus på å få fotfeste i fagrørsla. Fokuset i valkampen var å angripe samrøra mellom LO og Ap, og freiste å skape konflikt i fagrørsla og setje leiinga og grasrota opp mot kvarandre. Ved å stadig framstille LO- og Ap-leiingane som eit pampevelde, og å føre eit språk med ein sterkt arbeidarrørslesymbolikk, freista FrP å skape eit inntrykk av at partiet no var det nye partiet for arbeidarane. I partiorganisasjonen var arbeidet opp mot LO også viktig, og hadde sterkt fokus. Dette viser opprettinga av det faglege utvalet, det fagpolitiske heftet og skulerings- og kursverksemnda. Framstegsrørsla skulle erstatte arbeidarrørsla. Politikken var likevel ikkje

³⁷⁸ *Fremskritt* 2006: *Vi er i rute*. 11.mars. Leiarinnlegg av Carl I. Hagen.

³⁷⁹ *Fremskritt* 2006: - *Karl Johan neste!* 25. februar.

³⁸⁰ *Fremskritt* 2006: - *Karl Johan neste!* 25. februar.

endra, men ein del moderert i formuleringane i programma. Programmet kunne framleis oppfattast som svært fagforeiningskritisk, men i forhold til faglege rettar var formuleringane no vase. Det vart lagt opp til forenklingar og liberaliseringar framfor opphevingar. Bodskapen til partiet sine representantar i debattane om arbeidsmiljølova gav likevel ikkje inntrykk av at dette var ei haldningsendring frå FrP.

Kapittel 6. Konklusjon

I denne oppgåva har eg studert FrP sitt syn på LO og arbeidslivspolitikk i perioden 1973-2007. Prosjektet har ikkje hatt som mål å forklare kvifor LO-medlemmar røystar FrP. Det har heller ikkje hatt ein politisk agenda. Eg meiner dette i seg sjølv gjer denne studien unik og at den tilfører noko nytt til eit forskingsfelt der mykje framleis er uutforska. Innleiingsvis skisserte eg tre nivå for analysen: Korleis har synet på LO og arbeidslivspolitikken til FrP vore formulert i partiprogramma, kva standpunkt har partiet teke i sentrale arbeidslivssaker i Stortinget og offentlege utval og korleis har synet på LO vorte formidla her, og korleis har FrP omtala LO og arbeidslivspolitikken i aviser, talar o.l. Desse tre nivåa dannar også utgangspunktet for konklusjonen.

FrP har hatt det same programmatiske synet på LOs rolle gjennom heile perioden. I det første partiprogrammet stod det skrive at LO ikkje burde vere tilknytt eit spesielt politisk parti. Dette var teke ut frå programmet i 1981. Her stod det ingenting direkte om LO sitt forhold til andre parti. Det går likevel klart fram kva FrP meinte om LO si rolle: ”FrP mener at det frie arbeidsmarked ikke kan fungere hvis det oppstår trustlignende avtaler og monopolorganisasjoner for arbeidskraften og arbeidsgivere. Slike organisasjoner hindrer arbeidsmarkedet fra å fungere på en naturlig og tilfredsstillende måte.”³⁸¹ I programma frå 1985 til 2005 var dette enda tydlegare: ”Et fritt arbeidsmarked kan ikke fungere så lenge monopollignende organisasjoner inngår avtaler sentralt for arbeidstakerne og arbeidsgiverne.”³⁸² LO var altså eit hinder for den frie arbeidsmarknaden. Det var også stor grad av kontinuitet i arbeidslivspolitikken i partiprogramma til FrP til og med 2001. Partiet gjekk inn for bedriftsvise forhandlingar av løns- og arbeidsvilkår og oppheving av lover og reglar som regulerte arbeidslivet. Synet på arbeidsmiljølova framstår derimot som meir tvitydig. I 1981 gjekk partiet inn for å oppheve arbeidsmiljølova, i programma etter 1985, fram til 2001, ville partiet forenkle og liberalisere lova. Arbeidsmiljølova er også blant lovene som regulerar arbeidslivet. Partiets syn på sjukelønsordninga bryt også delvis med kontinuiteten. Partiet ønskte heilt fram til og med programmet i 2001 å innføre karensdagar i sjukelønsordninga, men prosentsatsen varierte frå program til program. I 1989 ville partiet til dømes ha 100 prosent sjukeløn, i 1997 80 prosent. Argumentasjonen var likevel den same heile vegen: Det skulle løne seg meir å vere i arbeid enn å gå sjukmeldt. I partiprogrammet for

³⁸¹ Valprogram for Framstegspartiet: 1981.

³⁸² Valprogram for Framstegspartiet: 1985, 1989, 1993, 1997, 2001, 2005.

2005 vart arbeidslivspolitikken endra på nokre punkt. Mellom anna var intensjonen om å oppheve lover og reglar som regulerte arbeidslivet endra til eit ønske om å liberalisere desse. Karenstidene i sjukelønsordninga var også tekne ut frå programmet.

Markerte desse endringane eit linjeskifte i FrPs arbeidslivspolitikk? Heftet som det fagpolitiske utvalet laga i 2007 kan tyde på det. I dette heftet skreiv utvalet at partiprogrammet ikkje kunne vere statisk. Dette utvalet skulle vere eit rådgjevande organ for partiet i utforminga av partiprogrammet. Det er difor svært truleg at utvalet hadde sterkt påverknad over utforminga av den programmatiske arbeidslivspolitikken. Leiaren i utvalet, Per Sandberg, var også nestformann i partiet. I heftet var politikken sterkare moderert enn i partiprogrammet. Mellom anna var ”forenklingar av arbeidsmiljølova” no bytta ut med ”små forenklingar”. Utvalet erklærte seg også som stolte av den strenge og gode arbeidsmiljølova. Det er også mogleg at desse modereringane kan ha vore taktisk grunngjevne, og gjennomført for å demme opp for åtaka frå politiske motstandarar og LO som hevdar at FrP ville svekke faglege rettar.

Også FrP sine standpunkt i Stortinget og offentlege utval har vore kontinuerlige i dei sakene eg har studert. Innstillinga om inntektpolitikk frå 1982 og mindretalsinnstillinga frå sysselsettingskomiteen ti år seinare bygde på den same argumentasjonen: Sterkt fokus på lokale forhandlingar i løns- og arbeidslivsspørsmål. Den same argumentasjonen finn ein også i debattane i Odelstinget om arbeidsmiljølova i 2005. Følgande fråsegn frå Per Sandberg i juni 2005 illustrerer dette: ”Hvorfor er det slik at en norsk arbeider (...) ikke selv kan bli enig med sin arbeidsgiver om sin egen arbeidstid, sine egne arbeidsoppgaver og sin egen lønn?”³⁸³ Det var fram til 2005-programmet samsvar mellom standpunktene som kom til syne i desse utvala og partiprogramma til FrP. I 2005 kjem derimot skepsisen til arbeidsmiljølova og sosiale rettar klarare fram i debattane i Odelstinget enn i partiprogrammet. Utspela frå representantane i desse debattane bygger ikkje opp om påstanden om at det fann stad ein nyorientering av arbeidslivspolitikken til FrP. Synet på LO vart tydeleggjort gjennom haldningane til arbeidslivspolitikken. Per Sandberg sin hyllest til Margaret Thatcher vitnar om at partiet framleis ønskte eit kraftig oppgjer med både fagrørsla og det eksisterande arbeidslivsorganiseringssystemet. Eit ønske som var konstant gjennom heile perioden oppgåva dekkjer.

³⁸³ Odelstings Tidende 2004-2005: 790.

Frå Anders Lange sin tale i Saga Kino i 1973 og fram til dei første åra av 1990-talet var FrPs omtale av LO relativt konstant, og karakterisert ved harde åtak og svært negativ omtale. Rundt midten av 1990-talet skjedde det ei endring. Dei harde åtaka mot LO stilna, og det ser ut til at partiet var mildare stilt overfor LO. I oppgåva har eg også sett på uroa og motsetnadane i partiet som kulminerte på landsmøtet på Bolkesjø i 1994. Valresultata i 1991 og 1993 viste at partiet appellerte til for få veljarar, og det sterke liberalistiske fokuset appellerte ikkje til arbeidarar. I 1989 hadde Hagen sagt at utan røyster frå arbeidarar kunne partiet aldri verte stort. Landsmøtet på Bolkesjø i 1994 vart difor eit oppgjer om kva retning partiet skulle ta vidare. Etter oppgjetet var Hagen og resten av partileiingas ambisjon at partiet skulle verte eit folkeparti. Fram mot Stortingsvalet i 1997 satsa partiet på å vinne tilbake veljarane som hadde forlate partiet ved valet i 1993. Mange av desse var LO-medlemmar. Det er grunn til å tru at endringa i tonen overfor LO var ein forsmak på det eg har kalla samarbeidsstrategien som partiet hadde lagt i 1999. Det verkar heilt klart at partiet etter den store oppslutnaden blant LO-medlemmane i 1997 såg det store potensialet i medlemsmassen til LO. Samarbeidsstrategien la til grunn at FrP skulle samarbeide og bygge alliansar med fagrørsla. Denne strategien forklarar bakgrunnen for talen til Carl I. Hagen 1. mai 1999, som braut med alt som tidlegare hadde vore vanleg omtale av LO for partiet. Formannen for FrP, eit liberalistisk parti som gjennom over 20 år hadde skjelt ut LO og organisasjonens leiarar og skulda dei for mange store problema i det norske samfunnet, lovpriste no LO og LO-leiaren. I staden for å ligge i kvar sine skyttargraver oppmoda Hagen til samarbeid mellom LO og FrP. Samarbeidsstrategien og talen til Hagen var likevel ikkje eit brot i den forstand at dei markerte grunnleggande varige endringar. Eg finn grunn til å hevde at denne strategien primært var eit forsøk på å markere seg overfor LO. Kanskje freista Hagen å teste forholda og reaksjonane som kom. Kanskje var det eit varselskot om det som skulle kome seinare. FrP kan neppe ha venta eit positivt svar frå LO-leiinga på invitasjonen. Markeringa overfor LO, og tilnærminga overfor LO-medlemmane var no likevel i gang.

I perioden 2000-2007 var omtalen av LO igjen kritisk frå FrP. Innhaldet i kritikken var likevel endra. Kritikken frå FrP mot LO hadde fram til midten av 1990-talet i første rekke vore retta mot LO si rolle i løns- og avtaleforhandlingane. LO frårøva arbeidstakarane fridom ved å kjempe fram faglege rettar som regulerte arbeidslivet, og gjorde tilveret tøffare for bedriftene i dei sentral lønsoppgjera. I frå 2000 var det den såkalla samråra mellom LO og Ap som var hovudtema til FrPs kritikk.

Innhaldet i det eg har kalla erobringssstrategien frå 2004 markerar i langt større grad enn samarbeidsstrategien ei varig endring. Partiet skulle *erobre* LO frå innsida, og tilnærme seg LOs medlemmar ved å markere avstand til LO-leiinga. FrP omtala seg sjølv som det nye arbeidarpartiet, men ambisjonen stoppa ikkje der. Dette var berre eit ledd i eit større prosjekt: Framstegsrørsla. Denne rørsla skulle verte i Noreg i dette hundreåret det arbeidarrørsla var i det førre. Framstegsrørsla er ei forlenging av mottoet ”for folk flest”. FrP skulle ikkje erstatte Ap som arbeidarparti, men som det statsberande partiet. Ein kan like godt også seie at FrP ønskte å verte det nye arbeidsgjevarpartiet, då ambisjonen skulle vere å sameine arbeidaran og arbeidsgjevarar. Dette sa Carl I. Hagen allereie i 1989. Han kalla då dette den framtidige klassekampen: Kampen der arbeidstakrar og arbeidsgjevarar stod saman mot offentlege reguleringar, byråkrati og anna fridomsrøveri som mellom anna staten og pampeveldet i LO representerte. Framstegsrørsla skulle fremje den liberalistiske fridomstanken. Partiet trengde røystene til arbeidaran for å oppnå dette.

Nestformann Per Arne Olsen innrømte i 2005 at partiet ikkje var så oppteke av arbeidslivssaker og arbeidstakarrettar. Partiet fekk røyster frå arbeidaran på trass av manglande fokus på dette. Partiet har heller ikkje freista å erobre LO-medlemmane med sin arbeidslivspolitikk. Partiet har heile tida stått fast på sin politikk, og har teke mål av seg å erobre LO-medlemmane ved å fokusere på sine eigne nøkkelsaker, som altså ikkje var arbeidslivssaker. Til dømes har partiet hevdat framfor lønsauke er det betre for arbeidaran å få lågare skatt. Tilnærminga til LO sine medlemmar har også skjedd retorisk, mellom anna gjennom ein langvarig og systematisk symbolbruk. Symbolikken til FrP må ikkje undervurderast. Allereie frå 1989 ser dette ut til å ha vore medvitent val. Hagen markerte 1. mai, partiet la sine lokalar mellom Ap og LO og siterte flittig strofer frå internasjonalen som LO og Ap hadde sluttat å synge. Magnus Marsdal er inne på dette når han meiner at FrP medvitent spelar på arbeidarsjela. Åra etter 2000 var prega av harde åtak og skuldingar om samrøre og korruption mellom LO og Ap. FrP har aktivt arbeidd for å setje grasrota i LO opp mot leiinga. Dette har vore ein klar og medviten oppfylging av erobringssstrategien.

Sjølv om partiet ikkje har freista å tilnærme seg arbeidaran med sin arbeidslivspolitikk, er eg ikkje samd med Marsdal om at partiet med vitande vilje har freista å skjule delar av denne. Formuleringane i partiprogramma var om lag identiske mellom 1985 og 2001, og svært klare i talen. Ein kan sjølvsagt hevde at eit parti kan freista å dekke over sine meiningar i ei sak ved å

snakke mindre om denne enn om andre, og det er tydeleg at FrP i periodar medvitent har fokusert meir på andre saker enn dei som omhandlar arbeidslivet. Eg meiner likevel at haldningane til FrP i partiprogramma til og med 2001 stort sett både var godt tilgjengeleg og tydelege. Marsdal kan ha eit poeng når det gjeld 2005 fordi formuleringane i programmet då endra seg. Dette var dessutan enda tydlegare i det fagpolitiske heftet til FrP i 2007.

FrP har gjennom heile perioden denne oppgåva har teke for seg stått for eit kritisk syn på LO slik vi kjenner organisasjonen i dag. FrP har heile tida ønska å endre systemet for arbeidslivsorganisering og gi LO ei heilt ny rolle: Fagorganisasjonane skal drivast lokalt med minst mogleg sentralisert makt. Dette vil gi den enkelte arbeidar større fridom over sin eigen arbeidssituasjon, har partiet hevda. Politikken har i hovudsak vore prega av kontinuitet både programmatisk og realpolitisk, sjølv om programmet frå 2005 kan opne for at det er i ferd med å finne stad eit linjeskifte i FrPs arbeidslivspolitikk. Om dette er eit teikn på ei meir varig endring i politikken er likevel for tidleg å avgjere.

Litteratur og Kjelder

Litteratur

Benum, Edgeir (1998): *Overflow og fremtidsfrykt: 1970-*. Bd. 12. I: Helle, Knut (hovedred.): *Aschehougs Norgeshistorie*. Aschehoug forlag, Oslo.

Bergh, Trond (1999): *Solidaritetsalternativet – typisk LO?* I: *Arbeiderhistorie 1999. Tema: LO 100 år*. Arbeiderbevegelsens Arkiv og Bibliotek, Oslo.

Berglund, Frode (2007): *Nye sosiale skiller: Sektor teller, ideologi avgjør*. I: Aardal, Bernt (red.) (2007): *Norske velgere. En studie av stortingsvalget 2005*. N.W.Damm og Søn. Oslo.

Berntsen, Harald (2007): *Tilbake til start? En pamflett om norsk arbeiderbevegelse 1907-2007*. Aschehoug, Oslo.

Bjørgum, Jorunn (1999): *Arbeiderpartiet og LO*. I: Bergh, Trond m.fl.(red.): *Arbeiderhistorie 1999. Tema: LO 100 år*. Arbeiderbevegelsens Arkiv og Bibliotek, Oslo.

Bjørklund, Tor og Bernt Hagtvæt (1981): *De bleknede skillelinjer. Arbeiderkultur og motkultur som bølgebrytere mot Høyre*. I: Bjørklund, Tor og Hagtvæt, Bernt: *Høyrebølgen – epokeskifte i norsk politikk?* Aschehoug forlag, Oslo.

Bjørnhaug, Inger, Øyvind Bjørnson, Terje Halvorsen og Hans-Jakob Ågotnes (2000): *I rettferdighetens navn. LO 100 år - historiske blikk på fagbevegelsens meningsbrytinger og veivalg*. Akribe, Oslo.

Dahl, Ottar (1993): *Forklaring og fortelling i historievitenskapen*. I: Dahl, Ottar (2004): *Historie og teori. Artikler 1975-2001*. Unipub forlag, Oslo.

Ekeberg, Jan Ove og Jan Arild Snoen (2001): *Kong Carl. En uautorisert biografi om Carl I. Hagen*. Kagge forlag, Oslo.

Erlien, Trond Holmen (2007): *Kampen om tiden. Arbeidstidens utvikling fra 1977-2006*. Masteroppgåve i historie, Universitetet i Bergen.

Etzler, Aron (2007): *Trondheimsmodellen. Radikala framgångshistorier från Norge och Nederländerna*. Karneval förlag, Stockholm.

Furre, Berge (1999): *Norsk historie 1914-2000. Industrisamfunnet – frå vokstervisse til framtidstvil*. Band 6 i: *Samlagets Norsk historie 800-2000*. Det Norske Samlaget, Oslo.

Hagen, Carl I. (1984): *Ærlighet varer lengst. Politiske erindringer*. Aventura, Oslo.

Hagen, Carl I. (2007): *Ærlig talt. Memoarer 1944-2007*. Cappelen forlag, Oslo.

Haugsgjerd Allern, Elin (2007): *Parties, Interest Groups, and Democracy. Political Parties and their Relationship with Interest Groups in Norway*. Department of Political Science. Faculty of Social Science. University of Oslo.

Heiret, Jan, Olav Korsnes, Knut Venneslan og Øyvind Bjørnson (2003): *Arbeidsliv, historie, samfunn. Norske arbeidslivsrelasjoner i historisk, sosiologisk og arbeidsrettslig perspektiv*. Fagbokforlaget, Bergen.

Heiret, Jan (2003): *Et nasjonalt system i en internasjonal verden 1978-2003*. I: Heiret, Jan, Olav Korsnes, Knut Venneslan og Øyvind Bjørnson (2003): *Arbeidsliv, historie, samfunn. Norske arbeidslivsrelasjoner i historisk, sosiologisk og arbeidsrettslig perspektiv*. Fagbokforlaget, Bergen.

Hågensen, Yngve i samarbeid med Jan Ove Ekeberg (2004): *Gjør din plikt, krev din rett*. Aschehoug, Oslo.

Kjeldstadli, Knut (1999): *Fortida er ikke hva den engang var. En innføring i historiefaget*. Universitetsforlaget, Oslo.

Knutsen, Paul (2002): *Analytisk narrasjon. En innføring i historiefagets vitenskapsfilosofi*. Fagboklaget, Bergen.

Marsdal, Magnus (2007)a: *FrP-koden. Hemmeligheten bak Fremskrittspartiets suksess*. Forlaget Manifest, Oslo.

Marsdal, Magnus (2007)b: *En bit av FrP-koden*. I: Nilsen, Håvard og Chr. Anton Smedshaug (red.): *Folkepartiet?* Res Publica/ Forlaget Aktuell, Oslo.

Maurseth, Per (1987): *Gjennom kriser til makt (1920-1935)*. I: Bull, Edvard, Arne Kokkvoll, Johan Sverdrup (red.): *Arbeiderbevegelsens historie i Norge, bind 3*. Tiden forlag, Oslo.

Nilsen, Håvard (2007): *Det nye folkepartiet*. I: Nilsen, Håvard og Chr. Anton Smedshaug (red.) (2007): *Folkepartiet?* Res Publica/Forlaget Aktuell, Oslo.

Nilsen, Marte (2007): *FrP-skolen*. I: Nilsen, Håvard og Chr. Anton Smedshaug (red.): *Folkepartiet?* Res Publica/ Forlaget Aktuell, Oslo

Norland, Heidi (2003): *Innledning*. I: White, Hayden: *Historie og fortelling*. Utvalgte essay. (oversatt av Kari og Kjell Risvik.) Pax Forlag A/S, Oslo 2003.

Olstad, Finn (1991): *Arbeiderklassens vekst og fall. Hovedlinjer i 100 års norsk historie*. Universitetsforlaget, Oslo.

Sejersted, Francis (2003): *Opposisjon og posisjon. Høyres historie 1945-1981*. Pax Forlag A/S, Oslo.

Sejersted, Francis (2005): *Sosialdemokratiets tidsalder. Norge og Sverige i det 20. århundre*. Pax Forlag A/S, Oslo.

Skjeie, Hege (1999): *Vanens makt. Styringstradisjoner i Arbeiderpartiet*. Ad notam Gyldendal, Oslo.

Stokke, Torgeir Aarvaag, Stein Evju og Hans Otto Frøland (2003): *Det kollektive arbeidslivet. Organisasjoner, tariffavtaler, lønnsoppgjør og inntektpolitikk*. Universitetsforlaget, Oslo.

Thorsen, Dag Einar og Amund Lie (2007): *Kva er nyliberalisme?* I: Mydske, Per Kristen, Dag Harald Claes og Amund Lie (red.): *Nyliberalisme – ideer og politisk virkelighet*. Universitetsforlaget, Oslo.

Tranøy, Torstein (2007): *Vallas Fall. Et innblikk i den skjulte maktkampen*. Forlaget Manifest, Oslo.

White, Hayden (2003): *Den historiske teksten som litterært artefakt*. I: I: White, Hayden: *Historie og fortelling*. Utvalgte essay. (oversatt av Kari og Kjell Risvik.) Pax Forlag A/S, Oslo 2003.

Aardal, Bernt (red.) (2003): *Velgere i villrede... En analyse av stortingsvalget 2001*. N.W. Damm & Søn, Oslo.

Aardal, Bernt (2007): *Velgere på evig vandring? Hva skjedde ved stortingsvalget i 2005?* I: Aardal, Bernt (red.) (2007): *Norske velgere. En studie av stortingsvalget 2005*. N.W.Damm og Søn. Oslo.

Kjelder

Aviser

Adressavisen Morgen, 2001.

Aftenposten Aften, 1992.

Aftenposten Morgen, 1997-2000.

Bergens Tidende Morgen, 1999-2002.

Dagbladet, 1973-2005.

Dagens Næringsliv, 2001-2003.

Dagens Næringsliv Morgen, 1990-2002.

Dagsavisen, 2003-2006.

Dagsavisen Morgen, 2004.

Heismontøren, nr.3/4 – 1988 (Nettadresse: http://www.heis.no/hm/eldre/carl_i_hagen.htm)

Fremskritt, 1989 – 2006.

Klassekampen Morgen, 2001-2003.

Kommunal Rapport, 2001.

LO-aktuelt, 2003-2007.

Nordlys Morgen, 1989-1997.

NRK (nettavis), 2001.

NTBtekst, 1989-2005.

VG, 1992-2005.

Talar

Hagen, Carl I.: Drømmen i oppfyllelse. Oslo, 19. september 2005. Kjelde virksomme ord, nettutgåve (www.virksommeord.no).

Hagen, Carl I.: Vi er farlige! Stavanger, 12. april 1985. (www.virksommeord.no)

Lange, Anders: Samfunnet er en stor frase! Oslo, 8. april 1973. (www.virksommeord.no)

Partiprogram for Framstegspartiet

”Vi er lei av å bli utbyttet av statskapitalismen.” Valmanifest for Anders Langes Parti, 1973-77.

”Handlingsprogram for stortingsprogram 1977.” Valprogram for Framstegspartiet, 1977-81.

”Fremskrittspartiets program 1981-85.” Valprogram for Framstegspartiet, 1981-85.

”Vi vil gjøre noe med det!” Valprogram for Framstegspartiet, 1985-89.

”Fremtiden skapes – den vedtas ikke!” Valprogram for Framstegspartiet, 1989-93.

”Velg riktig – lev bedre.” Valprogram for Framstegspartiet, 1993-97.

”Trygghet for enkeltmennesket.” Valprogram for Framstegspartiet, 1997-2001.

”En demokratisk rettsstat.” Valprogram for Framstegspartiet, 2001-05.

”Prinsipp- og handlingsprogram 2005-2009.” Valprogram for Framstegspartiet, 2005-09.

Prinsippsprogram for Framstegspartiet, 1989.

Prinsippsprogram for Framstegspartiet, 1993.

Prinsippsprogram for Framstegspartiet, 1996.

Prinsippsprogram for Framstegspartiet, 1997.

Handlingsprogram for LO

”LO på din side.” – Handlingsprogram for LO, 2005-2009.

Offentlege utgreiingar

NOU 1990: 23. Sykelønnsordningen. Avgitt til Sosialdepartementet i august 1990.

NOU 1992: 26. *En nasjonal strategi for økt sysselsetting i 1990-årene*. Avgitt til Finansdepartementet 18. august 1992.

NOU 2000: 27. *Sykefravær og uførepensjonering. Et inkluderende arbeidsliv*. Avgitt til Sosial- og helsedepartementet 15. september 2000.

Instillingar til Stortinget

Innst. S. nr. 47. (1982-83): Innstilling fra finanskomiteén om inntektspolitikken i Norge.

Referat frå Odelstinget

Odelstings Tidende 1976-1976. Møte 2. april 1977 - Endr. I lov om arbeidvern og lov om arb.tid i bakerier.

Odelstings Tidende 2004-2005. Møte 6. juni 2005 – Arbeidsmiljøloven.

Odelstings Tidende 2005-2006. Møte 16. desember 2005 – Endringer i arbeidsmiljøloven.

Partileiardebattar

NRK-TV: Partileiardebatten 1989.

NRK-TV: Partileiardebatten 2001.

NRK-TV: Partileiardebatten 2005.

Internettkjelder

Aardal, Bernt: Valgstatistikk. (<http://home.online.no/~b-aardal/valgstat.htm>).

Atekst (<http://www.retriever-info.com>).

Cappelens internettleksikon (www.caplex.no).

Framstegspartiet (<http://www.frp.no>).

Landsorganisasjonen i Norge (www.lo.no).

KS (<http://www.ks.no>).

Lovdata (<http://www.lovdata.no>).

Trondheim Kommune (<http://www.trondheim.kommune.no>).

Stortinget (<http://www.stortinget.no>).

Brev

Brev frå LO v/Gerd-Liv Valla til dei politiske partia: *Faglige spørsmål til de politiske partiene før stortingsvalget 12. september*. 5.mai.2005.

Brev frå Venstre til LO: *LOs faglige spørsmål til de politiske partiene foran stortingsvalget 12.september 2005*. 19.august 2005. (Kjelde: <http://www.lo.no>)

Brev frå Framstegspartiet til LO: *LO`s ”krav” til partiene*. 17.august 2005. (kjelde: <http://www.lo.no>.)

Brev frå SV til LO: *Svar på henvendelse fra LO*. 19.august 2005. (kjelde: <http://www.lo.no>).

Brev frå Arbeidarpartiet til LO: *LOs faglige spørsmål til de politiske partiene foran stortingsvalget 12.september 2005*. 19.august 2005. (kjelde: <http://www.lo.no>).

Brev frå Høgre til LO: *Høyres svar på LOs faglige spørsmål til de politiske partiene*. 19.august 2005. (kjelde: <http://www.lo.no>).

Andre Kjelder

Framstegsparitet 2007: *Fagpolitisk Hefte*.

Kavli, Håkon 2006: *Fellesforbundets medlemsundersøkelse 2006*. Synnovate MMI, Oslo. 10. juni 2006